



VALDRES
skjerper sansane

Kulturmiljøplan

Vestre Slidre

Kartlegging og beskriving av kulturmiljø og kulturminne

| | |
|--|----|
| DEL 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN | 4 |
| Innleiing | 4 |
| Bakgrunn og føremål | 4 |
| Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen..... | 4 |
| Planens oppbygging..... | 6 |
| Verdisetjing av kulturminne | 6 |
| Verdiskaping, bruk og prioritering..... | 6 |
| Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet | 7 |
| Nasjonalt..... | 9 |
| På fylkesnivå | 10 |
| Lokalt | 10 |
| DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR | 12 |
| Historia i Valdres | 12 |
| Prioriterte område for Valdres..... | 13 |
| Stølsdrift | 13 |
| Ferdshistorie med vegar og skysstasjonar..... | 15 |
| Mellomalderkyrkjer | 24 |
| Varslingsvardane | 28 |
| Del 3 PROSESS OG HISTORIKK I VESTRE SLIDRE | 30 |
| Arbeidsprosess med kulturmiljøplan | 30 |
| Historia i Vestre Slidre | 30 |
| Tidlegare registreringar | 31 |
| Publikasjonar og ikkje kartfesta registreringar..... | 36 |
| Prioriterte kulturminnegrupper i Vestre Slidre | 36 |
| DEL 4 PRIORITERTE KULTURMILJØ | 39 |
| Visjon: | 39 |
| Mål:..... | 39 |
| Strategiar: | 39 |
| Prioriterte kulturminne, oversiktskart | 40 |
| 1 Gardbergfeltet og Einangsteinen | 41 |
| 2 Slidre kyrkje (Slidredomen) | 48 |
| 3 Lomen stavkyrkje..... | 52 |
| 4 Mo kyrkjeruin | 61 |

| | |
|--|------------|
| 5 Olberg varslingsvarde | 67 |
| 6 Hamrissløttet | 72 |
| 7 Tingsteinen | 76 |
| 8 Støling i Vestre Slidre vestfjell – Stølsvidda | 79 |
| 9 Fosheim industristad | 88 |
| 10 Holdalsfoss industri | 96 |
| 11 Busetjingsspor på Rensenn | 100 |
| 12 Historiske vegar i Vestre Slidre | 104 |
| 13 Hulabakhøla | 111 |
| 14 Midtre Løken, 37/4 | 117 |
| 15 Rå gard 88/2 | 123 |
| 16 Lomen øvre og nørre | 127 |
| 17 Nørre Jarstad 47/1 | 132 |
| 18 Sørre Berge (Bergji) 50/18 | 138 |
| 19 Sørre Magistad 89/2 | 143 |
| 20 Fystro stavkyrkjeruin | 150 |
| DEL 5 OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID | 154 |
| Oppfølgingsområde | 154 |
| Handelsstader | 154 |
| Industristader | 154 |
| Bygningsmiljø | 154 |
| Stavkyrkjetufter | 154 |
| DEL 6 LOVVERK OG VERKEMIDLAR | 155 |
| Lovverk | 155 |
| Kulturminnelova | 155 |
| Plan- og bygningslova | 155 |
| Skogbrukslova | 156 |
| Listeføring | 156 |
| Omgrep | 156 |
| Statlege tilskotordningar | 158 |
| Regionale tilskotsordningar | 158 |
| Kommunale tilskotsordningar | 159 |
| Private tilskotsordningar | 159 |

| | |
|------------------|-----|
| Referansar | 160 |
|------------------|-----|

DEL 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Med bakgrunn i innvilga søknad om tilskot til kulturmiljøarbeid – KIK 2023 – er målet å oppdatere og revidera temaplanen for kulturminne i Vestre Slidre kommune frå 2017. Tid for prosjektet er satt frå august 2023 med ferdigstilling mai 2024.

Ettersom dei fleste av kulturminna bør sjåast i et kulturmiljøperspektiv har vi valt å endre namn frå *Kulturminneplan* til *Kulturmiljøplan*. Heilheita i dei enkelte kulturmiljøa kan vere vel så viktig som dei enkelte kulturminna i seg sjølv.

Kulturmiljøplanen skal i hovudsak framleis innehalde kulturminne innanfor ansvarsområda til kommunane, det vil seie bygningsmasse og kulturminne frå nyare tid. Hensikta med planane er ei meir målretta og offensiv forvaltning av kulturminna i kommunen.

Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen

Areal- og byggesaksbehandling, der planen kan brukast:


- til prioritering/retningslinjer for byggesaksbehandling.
- som grunnlag for utvikling av tettstader
- som grunngeving av omsynssone i juridisk bindande arealplan (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar eller reguleringsplanar)
- som grunnlag for KU-krav (konsekvensutreiing), blant anna i kommuneplanen
- for å skape kjennskap til kulturminne i utbyggingsprosessar

Kopling til andre sektorar i kommunen, slik som folkehelse, oppvekst og utdanning, kultur og næringsutvikling, der planen kan brukast i samband med:

- kulturminne i undervisning eller som grunnlag for gode opplevingar
- tilrettelegging av turløyper
- engasjement i lokalsamfunn (velforeiningar, aktive eigarar osv.)
- grunnlag for lokalt næringsliv
- besøksattraktivitet
- merkevarebygging eller ramme for aktivitetar (kulturevenement, reiselivsattraksjonar osv.)
- auka lokal bevisstheit om kulturminne
- identitet og samhald

Aktiv tilskots- og økonomiforvaltning, der planen kan brukast:

- til prioritering av kulturminne ved tildeling av midlar
- som grunnlag for skattelette (reduert eigedomsskatt osv.)
- til prioritet ved tildeling av SMIL-midlar, søknad til kulturminnefond osv.
- til føreseieleg planlegging ved kopling til kommunens økonomiplan



Stølsminne

I samband med stølsregistreringane i Valdres 2007–2010 vart det registrert om lag 1900 kulturminne i stølsområda. Dei fleste av desse er frå nyare tid. Dei er definert etter Riksantikvarens omgrep og importert inn i InnlandsGIS.

Om registreringstabellen

Oppsettet av registreringstabellen er etter mal frå Riksantikvaren. Tabellen har førehandsdefinerte omgrep. I Valdres har det vore behov for nye omgrep, som til dømes leikeplassar, danseplassar osv., og vi har søkt Riksantikvaren om å få godkjent desse.

Valdres har også hatt behov for å lage ein søkbar kolonne for aktuell bruk av minnet eller informasjonen om minne. Det er gjeve kode for korleis minnet er eigna med tanke på «Lokal base 1 (kommuneplan), 2 (Outtt), 3 (skule), 4 (Temakart)».

Ferdige datasett blir importert i InnlandsGIS. Arkeologiske minne som ikkje er registrert tidlegare, skal importerast til databasen *Askeladden*

<https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx>

Excel-ark med registreringstabellen ser du [her](#)

Planens oppbygging

Planen er delt opp i fem delar.

DEL 1: BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

Her er innleiande kapittel som fortel om bakgrunn, roller og arbeidet med planen

DEL 2: REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

I dette kapitlet går vi gjennom dei regionale prioriteringane som gjeld for alle dei seks Valdres-kommunane.

DEL 3: PROSESS OG HISTORIKK

Her går vi kort gjennom korleis kulturminnearbeidet har føregått i Vestre Slidre.

DEL 4: PRIORITERTE KULTURMILJØ OG KULTURMINNE

I dette kapitlet tek vi for oss dei 20 viktigaste kulturminna/kulturmiljøa med forslag til oppfølgingstiltak

DEL 5: OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID

I denne planen er det sett ei grense på 20 minne. Det betyr at det er fleire minne og tema som ikkje er tekne med. I kapittel 5 er det ei kort skisse over dei som ikkje vart med no, og korleis ein kan arbeide vidare med desse.

DEL 6: VEDLEGG TABELLAR

Tabellvedlegg og kart

Verdisetjing av kulturminne

Minna er verdsett frå 1 til 4 der 1 er høgast og 4 er lågast. I Vestre Slidre er det registrert til saman 8 minne med verdi 1 (nasjonalt verdifullt) og 43 minne med verdi 2 (regionalt verdifullt).


Verdiskaping, bruk og prioritering

Det er ikkje eit mål at alle minna skal vernast for bruk. Tvert om har mange minne godt av å bli nytta. Meir bruk, kjennskap og kunnskap kan føre til at alle blir meir bevisste om verdien av desse kulturminna. Vi har derfor lagt til ein kategori med kodar 1–4 for korleis minnet er eigna til ulike aktivitetar som turoppleving, undervisning, temakart og som saksgrunnlag for forvaltninga.



Figur 1. Kongevegen over Filefjell har vore del av verdiskapingsprogramma til Riksantikvaren og Innlandet fylkeskommune (tidlegare Oppland fylkeskommune).

Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet



Figur 2. Organisasjonskart for ansvar og roller innanfor kulturminnearbeid.

Miljøverndepartementet

Kulturminneforvaltninga har Miljøverndepartementet som øvste forvaltningsorgan, med Statens kulturminneråd som rådgjevande organ. Riksantikvaren (RA) er også eit rådgjevande organ og fagleg sekretariat innanfor kulturminneforvaltninga. Vidare har han ansvar for å setje i verk den politikken som Stortinget og regjeringa måtte bestemme, og har forvaltningsansvaret for kyrkjer frå mellomalderen.

Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har hovudansvaret for alle kulturminne og held ved like hovudregisteret for kulturminne (Askeladden og Kulturminnesøk).

NIKU

NINA/NIKU (Norsk institutt for naturforskning og kulturminneforskning) er eit uavhengig forskings- og kompetansemiljø for norske og internasjonale kulturminne. Instituttet har ansvaret for undersøkingar i mellomalderbyane og ved kyrkjestader frå mellomalderen.

Innlandet fylkeskommune

Fageininga Kulturarv er kulturminnemyndigheit i Innlandet fylke og har forvaltningsansvar etter kulturminnelova. Eininga har særskilt ansvar for automatisk freda minne og vedtaksfreda bygningar. Ho gjev uttalar i bygge- og plansaker og gjennomfører arkeologiske registreringar etter kulturminnelova § 9.

Dei arkeologiske forvaltningsmusea

Dei arkeologiske forvaltningsmusea (Universitetets kulturhistoriske museum, Oldsak-samlinga, Arkeologisk museum i Oslo, Historisk museum i Bergen, Vitskapsmuseet i Trondheim og Tromsø) har i tillegg til å oppbevare gjenstandar frå forhistorisk tid og mellomalder til oppgåve å behandle søknader om dispensasjon frå kulturminnelova og setje i verk utgravingar. Fram til 1990 vart alle arkeologiske registreringar arkivert på musea, men dette ansvaret vart då delegert til fylkeskommunen.

Kommunane

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn. Han har gjennom plan- og bygningslova ansvar for kulturminneomsyn i samband med bruk og utbygging av kommunen sitt areal.

Valdresmusea AS

Valdresmusea AS omfattar i dag Valdres Folkemuseum, Bautahaugen Samlinger, Bagn Bygdesamling og Gardbergfeltet. Museet er kompetansenav og formidlar av Valdres-historia og har som føremål å drive bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling knytt til den lokale kulturarven. Valdresmusea forvaltar lokalhistoriske arkiv med blant anna folkemusikk, bilete og dokument. Museet har også ein instrumentverkstad og ein eigen bygningsvernrådsgjevar som også arbeider med rådgjeving for huseigarar i Valdres. Valdresmusea har i tillegg utarbeidd tilbod innanfor Den kulturelle skulesekken.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt og eit statleg oppnemnt fagråd, Bunad- og folkedraktrådet, er lokalisert ved Valdres Folkemuseum.

Visit Valdres

Visit Valdres er paraplyorganisasjonen for reiselivet i Valdres. Visit Valdres skal selje Valdres og marknadsføre Valdres gjennom historia og kulturminna.

Lag og foreiningar

Valdres har historielag i alle kommunar, og i nokre er det fleire lag. Valdres historielag er overordna lokallaga. Valdres historielag utgjer ei årbok med ulike tema, og dessutan ulike kartleggingsoppgåver og publikasjonar. Dei lokale historielaga har aktivitetar og temadagar, fotoarkiv og publikasjonar.


Skular

Skulane er den viktigaste formidlaren av kulturhistoria til born og unge.

Program, prosjekt og registreringsoppgåver

Nasjonalt

- **Arkeologiske og freda kulturminne.** Mange kulturminne er registrert i samband med økonomisk kartverk og diverse tiltak og utbyggingsoppgåver. Desse er arkivert i databasen Askeladden på <https://askeladden.ra.no/>
- **Laserskanning frå fly (LiDAR)** er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere minne. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Prosjektet er ei samfinansiering mellom stat og kommune.




Figur 3. Kartet syner registrerte, freda kulturminne (raude punkt) og område for laserskanning (blå) i Oppland.

- **KULA – kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** er eit tiltak i Riksantikvaren sin regi der det skal veljast ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. KULA-rapporten frå Oppland ble ferdigstilt i 2023. Oppland har 18 av Noregs viktigaste kulturhistoriske landskap og fire av dei ligg i Valdres (Kaliski, 2023).

Dei fire KULA-landskapa i Valdres:

- 12. Vinstre, Øystre Slidre og Vang kommune
- 13. Filefjell aust, Vang kommune
- 14. Stølsvidda, Nord-Aurdal og Vestre Slidre kommune
- 15. Vassfaret, Flå, Nesbyen og Sør-Aurdal kommune



Figur 4. Riksantikvarens kart over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse i Oppland.


- **BARK – Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne.** Målet til bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom skjøtsel og bli gjort tilgjengelege for publikum.
- **Norsk kulturminnefond** er ein av dei viktigaste økonomiske bidragsytarane for å restaurere verdifulle bygningar og kulturlandskap. Desse har no knytt sine prioriteringar til dei kommunale kulturminneplanane.
- **Olavsrosa og Norsk Kulturarv.** Norsk Kulturarv har nokre kulturminne i kartløyninga si. Her finn vi nokre av stavkyrkjene, kulturminne som har Olavsrosa, Valdresmusea og dessutan nokre få, spesielle enkeltminne som Lundebrua og Vangssteinen.

På fylkesnivå

- **SEFRAK-registreringar (Sekretariatet for faste kulturminne).** Alle kommunane fekk i perioden 1980–2000 støtte til å registrere bygningar frå før 1900. Desse er arkivert i SEFRAK-registeret, og ligg i GAB-registeret. Fleire bygningsmiljø er også registrert i samband med restaureringstiltak.
- **Verdiskaping og innovasjon i kulturarven (VINK).** Dette er eit program som starta i 2012 og vart avslutta i 2015. Programmet var ei oppfølging av Riksantikvarens Verdiskapingsprogram for kulturminne. I Valdres fell sykkelruta Mjølkevegen og strekninga Kongevegen over Filefjell innanfor programmet.
- **Fagmelding for kulturminne i Oppland** skal utarbeidast i 2017. Fagmeldinga skal peike ut regionalt verdifulle kulturminne og kulturmiljø og blir eit prioriteringsverktøy for vidare arbeid.

Lokalt

- **Kommunale registreringar.** Fleire kommunar har gjennom fleire år registrert kulturminne. Vang kommune har digitalisert minne frå Økonomisk kartverk (2000) og registrert /digitalisert minne frå nyare tid. I Vestre Slidre skjedde ei oppdatering av fortidsminne i Vestre Slidre med utgjevinga *Minne om fortida – Fortidsminne i Vestre Slidre* (2006). Etnedal har digitalisert stinett frå historiske kart og utarbeidd temakart for kulturminne, og Øystre Slidre har mellom anna registrert spesielle bygningsmiljø. Nord-Aurdal kommune har mellom anna registrert bygningsmiljø i tettstader.
- **Gamal byggeskikk i kommunane.** Kvar kommune har gjeve ut eit hefte om byggeskikken i sin kommune etter SEFRAK-registreringane. Desse har sortert alle registrerte bygg (alle frå før 1900) etter gards- og bruksnummer bak i heftet.
- **Kartlegging av kulturminne, beite og reksler i stølsområde.** I perioden 2007–2011 vart det registrert kulturminne, beite og reksler i stølsområda. Med reksler meiner vi stiar naturleg utforma av dyretråkk. Arbeidet vart gjennomført av stølslaga i samarbeid med kommunane i regi av Valdres Natur- og Kulturpark. I utgangspunktet prioriterte ein stølslaga der det var drift. Til saman 1869 kulturminne vart registrert.



Figur 5. Registrerte beite og rekser i stølsområda

- **Historielaga** har registrert – men ikkje alle koordinatfesta – mange ulike kulturminne som husmannsplassar, heimstølar, bufarsvegar, bureisingsbruk, fiskesløer, milesteinar o.a. Historielaga har også gjeve ut ei rekkje bøker.
- **Fagernes handelstand** har gjeve ut bøker om Fagernes

DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

Historia i Valdres

Frå jeger til bonde

Dei eldste dokumenterte spora etter folk i Valdres er frå eldre steinalder. Ved Sulevatn i Vang er det registrert kol frå groper i bakken som er datert 8000 år attende. I 2015 vart det gjort nye registreringar ved Vinstervassdraget. Der er det gjort funn frå omtrent same periode, med kontinuerleg busetjing gjennom fleire 1000 år. På den tida var valdrisane veidefolk som levde av jakt og fangst. Dei eldste spora etter husdyrbruk og landbruk er om lag 4000 år gamle og er dokumentert gjennom analysar av beitepollen ved Gardbergfeltet på Slidreåsen mellom Vestre og Øystre Slidre. I Gardbergfeltet er det registrert skålgroper som kan vera frå bronsealder eller jarnalder, samt mange gravminne frå eldre og yngre jarnalder. Funn av eit romersk sverd vitnar om kontakt med kontinentet lenger sør. I myrfunn frå Jylland i Danmark – Illerup – er det funne gjenstandar frå Sør- og Vest-Noreg frå slutten av romartida. Unge menn frå Sør-Noreg reiste til grenseområda mot Romarriket for å tene som leigesoldatar. Funna i Danmark er truleg krigsbytteofringar etter tokt mot germanarane som opererte mot grensa til Romarriket (Ilkjær, 2001).

Den faste busetjinga i Valdres synest å ha vore omfattande allereie i yngre romartid. Både stadnamn, gravfunn og oldfunn fortel om ekspansjon gjennom jarnalderen, inn i mellomalder og fram til svartedauden.


Frå rikdom til svartedauden

Frå jarn-mellomalder er det mange spor etter jarnutvinning i form av slagghaugar, kolgroper og jarnvinner. Det har vore særskilt mange stavkyrkjer i Valdres, og desse saman med dei tre steinkyrkjene Ulnes, Slidredomen og Mo kan tyde på at Valdres hadde opparbeidd seg ein viss velstand. Til saman skal det ha vore 22 stavkyrkjer og tre steinkyrkjjer i Valdres. Svartedauden i 1347 tok mange liv, og folketalet vart redusert til om lag det halve av den smittsame pesten. Mange gardar vart lagt aude.

Nyare tid

Nyare tid blir rekna frå slutten av mellomalderen, etter reformasjonen i 1536. Etter svartedauden tok folketalet seg langsamt opp, og frå 1600-talet byrjar det å dukke opp fleire støljar att. Dei fleste gardane i Valdres er små i europeisk samanheng, og dei var derfor avhengige av å nytte beite utanfor dei dyrkbare områda. Til garden høyrde gjerne både ein og fleire haust- og vårstøljar, og ein langstøl.

På 1700–1800-talet vaks folketalet kraftig, og på 1700-talet vart husmannsvesenet vanleg. Etter store folkevandringar frå Noreg til USA på midten av 1800-talet gjekk folketalet ned, og frå 1928 fekk husmennene lovfesta rett til å løyse inn husmannsplassane sine og få dei matrikulert.



Frå garden og heile vegen frå gard til fjell er det spor etter hausting. Fôret vart slått i alle bakkar og lier, lauv, ris og mose vart hausta og drege heim. Mange stader der det no er tett skog, kan du finne enkle steinleggingar etter løetuffer eller stakkstøer.

Då folketalet var på sitt høgaste, vart det også stor etterspørsel etter brensel, og vedskogen strakk ikkje til. Trerøtene stabiliserer jorda og kan dempe jordutglidingar. Der det var hard hogst, vart jorda meir utsett for erosjon og jordutglidingar, som vi hadde fleire stader i Valdres på 1800-talet. Mange stader vart myratorv nytta som brensel, og spor etter dette finst mange stader i Valdres.

Frå sjølvberging til råvareleverandør

Livet vart enklare for bonden under «det store hamskiftet», som industrialiseringa også blir kalla. Vi fekk dampmotor, tog, felles sagbruk og møller, og ikkje minst Fellesmeieriet. Gardane vart meir effektive og kunne produsere meir mat. Då meieria kom, slapp bonden foredle mjølka sjølv, med alt arbeid dette førte med seg. Samstundes med industrialiseringa byrja dei fyrste teikna til attgroing.

Opp mot vår tid har det skjedd endå fleire endringar. Noreg og Valdres har vorte meir avhengige av tilhøve og marknad i resten av verda. Små og brattlente bruk er tungdrivne, og med auka krav til effektivisering og samstundes låge prisar på importert kraftfôr har bruken av utmark til matproduksjon gått kraftig ned. Mindre hausting har gjeve oss det landskapet vi i dag opplever som attgrodd.

Reiselivet

På 1800-talet kom den spede starten på eit reiseliv i Valdres. Fjellklatring vart «vanleg» på 1800-talet. Briten William Cecil Slingsby (1849–1928), «norsk tindesports far», vitja Jotunheimen fleire gonger. DNT (Den Norske Turistforening) vart etablert i 1866, og den fyrste hytta i Valdres og Jotunheimen vart sett opp i 1870 på Tvindehaugen ved Tyinvatnet i Vang. Med Valdresbanen i 1906 opna det seg fleire moglegheiter for folk til å kome til fjells – og dermed vart det også grunnlag for fleire høg fjellshotell.

Mange stader, som til dømes på Beitostølen, byrja besøksturismen i samband med stølsdrift. Allereie frå 1930-talet var det reiselivsaktivitet knytt til stølsdrift, og i 1947 kom den fyrste turisthytta på Beitostølen. I 1957 kom *Turistheimen* og i 1965 *Beitostølen Resort*. I dag er det til saman over 4000 sengeplassar til leige på Beitostølen i tillegg til 2000 private fritidsbustader – med stadig fleire som byggast.

Ei anna form for reiseliv, eller helseopphald og rekreasjon, var sanatorium. Desse vart nytta i behandlinga av tuberkulose og av nervøse lidningar (nervesanatorium). I Valdres var det fleire sanatorium på 1900-talet, mellom anna på Fossheim seter i Vestre Slidre.

Prioriterte område for Valdres

I desse avsnitta har vi teke for oss tema som er prioritert for alle dei seks Valdreskommunane, om enn i nokon ulik grad.

Stølsdrift

For om lag 100 år sidan brukte gardane alt som var av beiteressursar, til husdyrbeiting. Ved kysten vart dyr frakta til øyer, og i fjelldalar vart dyra flytta til fjells. Med både heimstølar og langstølar kan mellom 50 000 og 100 000 stølar ha vore i drift. I 2022 var det 865 mjølkebruk som fekk tilskot til drift av seter; 742 setre fordelt på 662 enkeltsetre og 80 fellessetrer (Landbruksdirektoratet, 2023). Om lag ein fjerdedel av desse ligg i Valdres. Dette betyr at Valdres er den viktigaste stølsregionen i

Noreg og Nord-Europa. Ein viktig grunn til at vi har så mange stølar i drift, er at dei har rike beiteressursar og er lett tilgjengelege. Mange støslag fekk tidleg stølsveg, og på den måten kunne mjølka leverast til Fellesmeieriet også frå stølen, medan stølar utan veg oftast vart nedlagt. Valdres har viktige stølsområde i alle kommunane, men Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre er kjerneområde for stølsdrifta. I 1988 kom stølsvidda i Nord-Aurdal innanfor Nordisk biotopvern mellom anna på grunn av dei rike våtmarksområda og fuglelivet der.

Stølsområda inneheld mange ulike verdiar. Det viktigaste er utgangspunktet for bruken: beiteressursane. I tillegg er det faste kulturminne som kjøleanlegg, murar, tufter, reksler, danseplassar, lokkarsteinar og anna. På nokre stølar er det også skålgropsteinar, ein type ristningar, som knyter seg til den fyrste jordbrukskulturen for om lag 2000–500 år før vår tidsrekning. I utkanten av stølsområda kan vi finne andre spor som torvuttak og stakkstøer. Mange stader finn vi tufter, steinlegningar, slagghaugar og kolgroper i stølsområda.

Historia i seg sjølv og kunnskapen om bruken er også ein viktig del av historia knytt til stølsområda. Om stølsdrifta forsvinn, mister vi også mykje av kunnskapen om alt som knyter seg til denne haustingskulturen. Sjølv om musea har gjenstandar, musikk, bilete og litteratur om stølsdrift, kan ikkje det erstatte kunnskapen som er oppbygd gjennom generasjonar.

I Noreg og store delar av verda forsvinn mange arter kvart år. Til beitelandskapet knyter det seg arter som har tilpassa seg denne ekstensive bruken gjennom fleire tusen år. Når beitedyra forsvinn, endrar artssamansetnaden seg. Gras som ikkje beitast blir liggjande og endrar både næringstilgang og pH i jorda, og skogen får snart godt feste. Lyselskande beiteplanter blir bytt ut med skogbotn.




Figur 6. Bakkesøte treng ope kulturlandskap. Foto: Thor Østbye

I Valdres har bøndene sjølv og kommunane kartlagt biologisk mangfald. Fleire utryddingstruga planter og vegetasjonstypar er registrert i stølsområda.

Sjølve stølshistoria har også ein eigen verdi for vår identitet. Mange som bur i Valdres, har ei eller anna stølsoppleving. Om stølsdrifta forsvinn som driftsform, mister vi ikkje berre beiteressursar, biologiske minne og kulturminne, men også ein del av vår eigen kultur. Kultur har dei seinare åra fått

ei mykje sterkare kopling til reiselivet, og det vil derfor også svekke Valdres som besøksregion dersom stølsdrifta forsvinn frå Valdres.



Figur 7. Registrerte stølsminne (rosa prikkar) i samband med stølskartlegginga i Valdres.

Ferdshistorie med vegar og skystasjonar

Den eldste veghistoria er frå tida før både hest og kjerre kom til Noreg. Dei eldste vegane kan kjennast att ved at dei etter kvart danna holveg. Desse kunne bli så djupe at ein etter kvart laga eit nytt spor som vart ein ny og parallell holveg.

Hesten kom ein gong i det fyrste tusenåret før vår tidsrekning. I byrjinga vart han nytta til kløv- og ridedyr, og vegane var dermed kløv- og ridevegar. Før kjerrevegeane kom vart hesten også nytta til å trekke slep.

Saltvegen

Filefjell er det lågaste fjellpasset mellom Aust- og Vestlandet, og ligg under skoggrensa. Det er mindre vêrhardt der enn på enn andre fjellovergangar. Derfor har vegen Lærdal–Filefjell–Valdres gjennom uminnelege tider vore hovudvegen mellom aust og vest. Her har det vore frakta varer som skinn, horn og jarnbarrar vestover. Salt og andre varer vart frakta hit frå vest.


Når folk drog etter salt, var det oftast fleire i lag, og folk slo seg saman på samlingspunkt undervegs før dei drog saman over fjellovergangane. Det var òg ein del gudbrandsdølar frå nedre Gudbrandsdalen som drog gjennom Valdres etter salt.

Ifølgje Knut Hermundstad gjekk saltvegen frå Begnadalen på plataået mellom Hallingdal og Valdres nordover til Reinli og vidare til Vestringsbygde. Derfrå gjekk vegen vidare til Flyoset ved Storfjorden mellom Vestre Slidre og Hemsedal. Her samla det seg fleire saltvegar vidare vestover til Grunke, Hydalen og Mørkedalen før vegen kom til Maristova i Lærdal. Det gjekk også ein saltveg lenger aust, frå Fossheim forbi Semeleng, Dingladn, og vidare vest langs Syndisvatna og over Skakadalen, forbi Sulefjell før det bar nedover Lærdal (Hvattum, 1993). Ei rute skal ha gått vidare gjennom Valdresdalen i Lærdal og ned Ljøsndalen. Kvamsvegen var ein annan saltveg, som gjekk frå Gausdal via Volbu i Øystre Slidre, her kalla Frugevegen, og vidare til Lome og til Vang.

I 2009 vart det i samband med etableringa av ny trasé til E16 avdekt ein handels- og handverksstad (kaupang) frå år 800–1000 på Bjørkum (Bosheim, 2010). Her er det avdekt om lag 30 hustuffer i tillegg til spor etter teltplassar og buer. Det vart mellom anna funne store mengder halvfabrikata av bein og gevir. Staden ligg ikkje så langt nedanfor der Ljøsndalen kjem ut, og kan ha ein samanheng med transport over fjellet (Ramstad, 2010). Lenger oppe i dalen, ovanfor Maristova, er det også gjort funn som kan tyde på at det vart utveksla varer på staden.

Frå Vennis skal det ha gått ein saltveg til Årdal. Etnedal og Øystre Slidre skal ha hatt fleire saltvegar. Frå nord i Etnedal gjekk vegen over fjellet og vidare i Øystre Slidre. Frå Lykkjegrenda gjekk vegen over Slettefjell. Frå Ukshøvd og Heggebygde gjekk vegen frå Ukshøvdbrue, gjennom Øyangslie, over Ulvhildsete og opp nordaust i Einebuåsen. Frå lenger sør gjekk vegen over Raneisethøvda og nordover Einebuåsen. Etnedølane hadde fleire saltvegar, og dei som budde nørdest i dalen, kom seg over fjellet til Øystre Slidre og følgde vidare same lei. Dei som budde synst i Etnedal, drog over til Sør-Aurdal og følgde vegen derifrå (Hvattum, 1993).

Nord for Tyinkrysset på Filefjell er det også registrert ein stubb av ein jarnalderveg som truleg vart nytta til å transportere jarnbarrar vestover.



Figur 8. Saltvegar/saltmannavegar slik dei kan ha gått frå Valdres og vestover. Rosa linje er meir nøyaktig, raud linje er teikna etter tekst og ikkje faktisk sti. Dei gule linjene i Vang, Lærdal og Årdal er andre gamle vegar.

Pilegrimsvegen

Pilegrimsvegen er ein nyetablert vandreveg mellom Hedalen stavkyrkje og St. Thomas-kyrkja på Filefjell.



Figur 9. Kartet syner Den Bergenske Kongevegen frå Kristiania til Bergen frå 1793 (blå linje) og Pilegrimsvegen Hedalen–Kyrkjestølen, rekonstruert rute (rosa strek). Den historiske vegen (Kongevegen) frå Hedalen til Aurdal er markert med lilla.

Bispevegen

Fram til 1125 var Valdres ein del av Selje/Bjørgvin bispedøme. Frå 1125 og fram til 1631 låg Valdres og Hallingdal under Stavanger bispedøme. Etter 1631 vart dei to dalføra overført til Christiania stift. Stavangerbispen måtte besøke bispedømet sitt innimellom. Skriftlege kjelder fortel at han drog via Nordmannslepa på Hardangervidda og vidare til Ustedalen ved Geilo. Ut ifrå gamle kart som kan vere knytt til Bispevegen, kan han ha kome til Gol og vidare inn i Valdres via Hemsedal, Grøndalen, forbi Vavatnet, ned Hydalen til omtrent ved Vabakkadn eller Grunke, opp Smådalen og forbi Helin ned til Vang. Ei gamal reisehandbok omtalar stien forbi Vabakkadn som eit «eldgammelt slæp». Om det berre har vore biskop Scavenius som drog den vegen, eller om dette var ei opparbeidd ferdslerte, veit vi ikkje. Vi kan derfor ikkje sikkert seie at denne vegen var innarbeidd «bispeveg», da mykje er basert på speulasjonar. Truleg reiste bispen på forskjellige måtar og helst direkte til hovudkyrkja – Slidre kyrkje.



Figur 10. Kart frå om lag 1660 teikna av Johan Blaeu.

Sorenskrivar og fut

Sorenskrivarembetet vart oppretta i 1591. Fram til 1688 høyrde Valdres til under sorenskrivaren for Hadeland, Land og Valdres. Fut-ordninga kom i 1639, og her vart vi ein del av Hadeland og Valdres futedøme. Dette skapte naturleg nok meir ferdsle mellom desse områda. Frå 1786 vart Valdres eige futedøme (Hvattum, På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet, 1993).

Dei fyrste kjerrevegane

Den fyrste køyrevegen for hjultransport i Noreg vart bygd rundt 1630. Seinare vart *kongeveg* ei felles nemning for gjennomgåande hovudveggar som var anlagt av statlege myndigheiter.

Kongeveg nemninga er direkte knytt til tida då Noreg låg under Danmark, og til åra med eineveldig konge (1600–1800). I Noreg er det seks (mogleg sju) vegar der det er dokumentert at dei vart anlagt på kongeleg forordning: Den Bergenske Kongevegen, Den Trondheimske Kongevegen, Den Fredrikshaldske Kongevegen, Den Wingerske Kongevegen, Den Sørlandske Kongevegen og Sølvvegen mellom Kongsberg og Hokksund. Det er også mogleg at Den Østerdalske Kongevegen vart anlagt på kongeleg forordning, altså at den også var ein kongeveg.

Organisering av Valdres i herad og prestegjeld

Organiseringa av Valdres hadde naturleg nok også mykje å seie for ferdsla. I mellomalderen var Valdres organiserte i fire eller fem områdedeting, i Vang, på Stee, Reie, Nes og i Aurdal. Hovudtinget låg på Slidre. Under dei fire områdedetinga var lokalsamfunna organisert i heradsting der ein løyste lokale saker. Frå mellomalderen har vi bevart namn som Volbuherad, Kvamsherad, Galaherad som nettopp viser den heilt lokale organiseringa. Desse herada vart seinare også kyrkjesokn. Ved omorganiseringa etter reformasjonen, cirka 1550 vart Valdres organisert i tre prestegjeld og tre områdedeting; Vang, Slidre og Aurdal (Rolandsgard, 2023). Denne organiseringa stod til starten av 1800-talet. I 1848 vart Slidre delt i Øystre og Vestre Slidre. Før den tid drog presten med hesteskyss på prestevegen over åsen frå Volbu til Vollen i Slidre for å halde messe. Den siste delinga skjedde i 1893 då Bruflat sokn i Sør-Aurdal tinglag og Nord-Etnedal sokn vart slått saman til Etnedal tinglag (Hvattum, På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet, 1993).

Postvegen

Det norske Postverket, med faste postruter, vart organisert i 1647. Hovudruta for post mellom Oslo og Bergen gjekk der. Posten kom med båt over Randsfjorden til Odnes og vart frakta vidare derfrå med hesteskyss over Tonsåsen, gjennom Aurdal, Vestre Slidre og Vang, før fjellovergangen over Filefjell til Lærdal–Gudvangen–Voss–Bergen. Med posten kjem det også eigne postgardar i Valdres.

Der vart posten sortert og frakta vidare til neste postgard. Den øvste postgarden før fjellovergangen var Opdal (Uvdal). Kjerstein i Øye var også postgard. Opdal og Kjerstein hadde kvar si postveke (Hvattum, På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet, 1993). Det var to postvegar, ein frå Kjerstein opp den merkte Postvegen opp Rødalen og ein frå Opdal gjekk vestover forbi Tyinkrysset/Opdalstølen. Filefjell-overgangen vart rekna for å vere den tyngste og vanskelegaste i landet, og derfor fekk dei øvste postgardane i Vang og Lærdal fritak frå militærplikt.



Figur 11. Milestein frå slutten av 1600-talet ved Hermundstad i Vang. Til høgre milestein frå Synshagin i Vang. Foto til høgre: Jahn Børe Jahnsen.

Langs postruta vart det også sett opp milesteinar. Dei eldste kjende milesteinane i Noreg er frå 1687, berre sju av desse er registrert. Tre av dei finst i Valdres, ein ved Hermundstad i Vang, ein ved Reie i Vestre Slidre og ein i Aurdal (Thorstensen, 2010).

For meir om postgardane, les *På gamle vegar i Valdres* av Harald Hvattum.

Seinare vart det sett opp milesteinar med jarnplater mellom Odnæs og Filefjell for å vise avstanden for postkøyrarane. Det var to slags skilt med plater av støypejarn. For kvar 10 kilometer stod eit skilt med riksvåpen, posthorn og innskrifta «--- kilometer fra Odnæs». For kvar mellomliggende fem kilometer stod «5 kilometer» med riksvåpen og posthorn. Det er bevart i alt 20 milesteinar mellom Dokka og Filefjell. Tre av desse er på museum, av to finst berre murfoten.

Den Bergenske Kongevegen

Frå Kristiania til Bergen vart Den Bergenske Kongevegen anlagt i 1973. Med veglova frå 1824 skifta kongevegane status til hovudvegar, og denne skifta namn til Den Bergenske Hovudvegen. Den fyrste kjerrevegen gjennom Hedalen vart bygd på 1830-talet, og kan ha vore ein tilførsleveg til Den Bergenske Hovudvegen. Vegen kom inn til Bruflat frå Dokka og gjekk vidare over Tonsåsen, Bjørge og Aurdal.

Strekninga Kristiania til fylkesgrensa til Sogn og Fjordane låg under Akershus Amt. I 1819 vart heile kongevegstrekninga frå Kristiania til stiftsstøtta på Filefjell teikna av Carl Christian Buchholz (1787–1849).



Figur 12. Kart over kongevegen forbi Fagernes teikna i 1819.

Strekninga frå Bruflat til Tonsåsen er framleis i bruk som vandreveg. I Nord-Aurdal ligg mykje av vegen under det som no er E16. Også i Vestre Slidre er mange strekningar enten under E16 eller dyrka opp. I Vang er fleire strekningar uendra, i Høre, Kvamskleive og over Filefjell.

Kongevegen over Filefjell som verdiskapingsprosjekt

Delar av Den Bergenske Kongevegen i Vang og Lærdal (Kyrkjestølen–Maristuen, Vindhella og Galdane) vart underlagt vern i Nasjonal transportplan. I 2010 vart det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen, fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Oppland, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og Kulturpark, Valdresmusea, Musea i Sogn og Fjordane og reiselivet i Lærdal og Vang. Samarbeidet gjekk ut på å restaurere og legge til rette strekninga Vang sentrum–Lærdalsøyri til gangbar tilstand. Statens vegvesen finansierte restaureringa innanfor verna strekningar, medan Sparebankstiftelsen DNB, Riksantikvaren, kommunane og fylkeskommunane gav støtte til resten av tiltaket med skjøtsel, skilting, restaurering og tilrettelegging.

Skysstasjonar

Langs dei viktigaste fjellovergangane i Sør-Noreg har det frå kring 1000-talet vore fjellstover der ferdafolk kunne søkje ly og overnatte. Fjellstover frå 1600–1700-talet vart etter kvart avløyst av gjestgjevargardar og skysstasjonar. I 1685 var det sju kjende gjestgjevargardar i Valdres. Desse låg i Bagn i Sør-Aurdal, på Onstad og Svenes i Nord-Aurdal, på Reie og Lis-Lome i Vestre Slidre og på Kvie og Eltun i Vang (Hvattum, På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet, 1993). Skysstasjonar har vore flytta mange gonger, alt etter korleis behovet og kapasiteten var. Skysstasjonane fekk etter kvart statleg støtte. I fylkesarkivet over skyssdagbøker finn vi 13 slike dagbøker frå Valdres:

- sju frå Vang (fire frå *Skogstad* i perioden mellom 1819–1903, to frå *Nystøga* i periodane 1856–1867, 1896–1897, éi frå *Øylo* som dekkjer åra 1877–1879)
- fire frå Øystre Slidre (éi frå Beito 1892–93, éi frå Jotunheimen hotell 1899–1901, éi frå *Rogne* 1889–1892, éi frå *Skammestein* 1891–1897)
- to frå Nord-Aurdal (éi frå Strønd 1818–1826, éi frå *Fagerlund* 1877–1879)

I Etnedal fanst det ein statsstøtta stasjon i Bruflat sokn, Bruflat (*Blåflat*) tidleg på 1800-talet då heile Bruflat var eitt skysslag. Frå byrjinga av var det tilsegnsskyss, men i 1858 vart bøndene einige om å gå over til fast stasjon. Frå Bruflat skysstasjon vart det skyssa til Bang i Sør-Aurdal, *Frydenlund* i Nord-Aurdal og til *Tomlevoll* i Nordre Land. Skysstasjonen vart flytta til *Molandsven* 6. februar 1860, men på grunn av utbygginga av den nye vegen over Tonsåsen vart stasjonen flytta til *Gravadalen*. Etter få år vart dette sanatorium, og stasjonen flytta på nytt midt i 1870-åra, denne gongen til *Sven*, der han vart verande ut 1800-talet.

Ut ifrå skysrekneskap til veginspektørar i 1820-åra kan det ha vore skysstasjonar også i Sør-Aurdal på den tida. Det er då registrert at det vart skifta hestar på gardar som seinare vart skysstasjonar: *Garthus, Iljarnstad, Bagnsøydgarden, Sørum og Vøll*. I 1859 blir det nemnt andre skysstasjonar i Sør-Aurdal tinglag. Det var blant anna stasjon på *Kremmarmo* fram til 1870-årene då Voll overtok. Rundt 1885 vart stasjonen igjen flytta, denne gongen til Fjeldheim. Skysstasjonen på *Garthus* vart flytta til *Tronhus* i 1864. Stasjonen vart flytta vidare til *Storsvee* i slutten av 1860-åra og attende til *Garthus* i 1893. I 1870-åra skal det også ha vore oppretta ein skysstasjon mellom *Storsvee* og *Sørum* på garden *Lindheie*. *Dokke* vikarierte for denne garden frå 1882 og i fire år framover. *Sørum* heldt fram til rundt 1900.

I Nord-Aurdal var det skyss-stad på Frydenlund og på Fagernes, der handelsmann Otto Stuve tok på seg å drive skysstasjonen. Både handelsverksemda og skysstasjonen gjekk så godt at staden utvikla seg til det som i dag er Fagernes. Det hadde også vore skysstasjon på *Strønd*, og i nokre få år i siste halvdel av 1800-talet vikarierte *Strønd* for Fagernes som skysstasjon. I Nord-Aurdal var det også skysstasjon på *Skrautvål* ein kort periode midt i 1860-åra. Denne vart nedlagt då stasjonen *Rogne* i Øystre Slidre vart oppretta. I Øystre Slidre er elles følgjande stader nemnt i samband med skysskifte i 1859: *Berger, Nordtorp* og *Veningstad*. Det er usikkert om desse var faste, organiserte skysstasjonar. *Rogne* gard vart fast skysstasjon om lag 1860. Lengst nord i Øystre Slidre har det også vore ein skysstasjon på *Skammestein* (1880), *Beito* (1882) og *Kjøk* (om lag 1885). I Vestre Slidre var det i andre halvdel av 1800-talet to skysstasjonar samstundes, og begge låg langs Den Bergenske Hovudveg, ein mot sør og ein mot nord. Mot sør var det skysstasjon på *Reie*. Denne vart etter kvart flytta til *Hande* og vidare til *Fossheim*. I nord var skysstasjonen i 1851 på *Stee*, så flytta til *Ølken*, for så å bli flytta tilbake til *Stee* i 1861/62 og så vidare til *Løkji* i 1880.



Figur 13. Frydenlund skysstasjon rundt 1900. Fotograf: Telegrafstyrar Aune i Aurdal



Figur 14: Midtre Rogne skystasjon i Øystre Slidre.

I Vang langs Den Bergenske Hovudveg var det skystasjon på Øylo gjennom heile 1800-talet. Vidare var det stasjon på Tune, som seinare vart flytta til Grindaheim Hotell, på Kvame (seinare flytta til Skogstad) og på Nystøga. Den sistnemnde var i bruk gjennom heile den andre halvdel av 1800-talet. På Skogstad i Vang var det fast stasjon frå 1823.

Av protokollane kan ein sjå at trafikken auka i siste halvdel av 1800-talet. Årsaka til dette var at turistane byrja kome til Valdres (Innlandet fylkesarkiv, 2022).

Det skal også ha vore ein skystasjon på Nystøga ved Otrøvatn på Filefjell på 1600-talet. Eldste bygningen frå Nystøga, som er frå 1760-åra, står no på Valdres Folkemuseum. «På Nystøgun har det i rekkjefølgje vore fjellstove, gjestgjevarstad, skystasjon og hotell frå midten av 1600-talet og fram til i dag» (Hvattum, Valdres Folkemuseum 1901–2001, 2001). Dei andre husa på Nystøga brann ned i 1958. På den andre sida av Otrøvatn ligg tufta etter Gamlestøga.



Figur 15. Skysstasjonen på Nystøga i om lag 1900. Fotograf: Knut Knutsen

I 1735 var det ti fleire gjestgjevargardar i Valdres langs leia mellom Aust- og Vestlandet. I Vestre Slidre var det ein periode skysstasjon på Stor-Kvåle, og i Vang var det gjestgjevargarden på Lerhol og Skogstad. Med Den Bergenske Kongevegen auka trafikken mellom aust og vest, og det kom endå fleire skysstasjonar. Kartet viser kartlagde skysstasjonar og overnattingsstader.



Figur 16. Eksisterande bygningar som har vore skystasjon (raude prikkar), og stader der det før har stått bygningar som har vore skystasjon (lyseblå). Lokalisering på kartet av stader der det har vore skystasjonar, er ikkje komplett. Ein del skystasjonar var kortvarige og vart flytta.

Mellomalderkyrkjer

Det er 28 stavkyrkjer i Noreg. Seks av desse ligg i Valdres. I tillegg til dei 28 norske stavkyrkjene er det ei stavkyrkje i Hedared i Sverige, restar etter ei i Greensted-juxta-Ongar i Essex, England, og Vang stavkyrkje i Polen. Vang stavkyrkje vart kjøpt opp av kong Friedrich Wilhelm IV av Prøysen og sett opp i dåverande Tyskland, no Polen, i 1842. Dette set Valdres i ei særstilling. I Sør-Aurdal ligg Hedalen stavkyrkje (1163) og Reinli stavkyrkje (1326); i Vestre Slidre ligg Lomen stavkyrkje (1192); i Øystre Slidre ligg Hegge stavkyrkje (1216) og i Vang ligg Høre stavkyrkje (1179) og Øye stavkyrkje (sist på 1100-talet). I tillegg er det to steinkyrkjer, Slidredomen frå 1268 og Ulnes kyrkje frå om lag 1265, og ein ruin etter ei steinkyrkje på Mo ved Einangsundet i Vestre Slidre. Dateringa av Mo er uviss. Mange av kyrkjetomtene er ukjende for dei fleste, og det bør vere eit mål å få tomter frå mellomalderkyrkjene tilrettelagt for publikum.



Figur 17. Vang stavkyrkje teikna i 1841 av Franz Wilhelm Schiertz

I mellomalderen var det minst 22 kyrkjer i Valdres, tre av desse var steinkyrkjer. Dette er uvanleg mange samanlikna med nabolandene Hallingdal, der det var åtte stavkyrkjer og ingen steinkyrkjer, medan det i Gudbrandsdalen var 11 stavkyrkjer. Vi kan ikkje seie kvifor Valdres var så rik på kyrkjer, men ein teori er at Valdres hadde bygd seg opp ein velstand som følgje av omfattande jarnutvinning og eksport av jarnbarrar.



Figur 18. Eksisterande mellomalderkyrkjer (raude krossar) og andre kjende kyrkjestader frå mellomalderen (grå krossar).

Fordi folketalet hadde auka kraftig, var det naudsynt å utvide plassen til kyrkjelyden. Kyrkjelova frå 1851 bestemte at soknekyrkja skulle ha plass til minst tre tiandedelar av befolkninga. I samband med dette vart mange kyrkjer rivne, eller forlengt eller gjevne korsarmer. Derfor er det svært få mellomalderkyrkjer som har fått stå uendra. Dei opphavlege stavkyrkjene var enkle, og meir like teikninga av Vang kyrkje ovanfor enn den utsjånaden mange stavkyrkjer har i dag. I Valdres er to av kyrkjene relativt uendra, Reinli og Øye. Det vil seie, Øye kyrkje var også riven, men vart funne att då kyrkjegolvet i den nye kyrkja skulle reparerast i 1930-åra. Under golvet låg materialane til den gamle stavkyrkja. Øye stavkyrkje vart sett opp att og vigsla i 1965. I mellomalderen vart kyrkjene vigsla med 12 andreaskrossar (krossar forma som ein X). Reinli stavkyrkje er den einaste kyrkja i landet som har alle krossane i behald. Krossteknikken blir også nytta som ein del av konstruksjonen som avstiving.



Figur 19. Andreaskross i Reinli stavkyrkje. Foto: Nina Aldin Thune


Dei stavkyrkjene vi ser i dag, er heller ikkje dei eldste. Dei fleste stader stod det ei eldre stavkyrkje. Dei fyrste kyrkjene vart sett rett i jorda, utan steinrekkje under. Dette gjorde at dei etter 100–200 år rotne og vart skifta ut. Mange av dagens stavkyrkjer er sett saman av delar av dei eldre kyrkjene. Dette gjeld også Reinli stavkyrkje, som truleg er sett saman av to ulike kyrkjer.

Frå katolsk til protestantisk kyrkje

Stavkyrkjene vart sett opp i katolsk tid. Etter reformasjonen i 1536 var mykje av det katolske inventaret fjerna, og vegg- og takmåleri vart dekt over med måling. Nytt utstyr som preikestol og benkar vart sett inn. Dei fleste kyrkjene har fått behalde treskurd og jarnbeslag frå mellomalderen. Hedalen stavkyrkje skil seg ut som ei av stavkyrkjene i Noreg som har mest bevart inventar frå mellomalderen. Særleg spesielt er det at kyrkja har den originale madonnafiguren, relikvieskrin, kyrkjemodell og båra til skrinet.

Ulik byggeskikk i stavkyrkjene i Valdres

Hegge, Lomen og Høre er søylestavkyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet, medan Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med søyler i hjørna. Søylestavkyrkja Hegge skil seg frå Lomen og Høre ved å ha åtte frittstående søyler i kyrkjerommet, fire på kvar side, medan Lomen og Høre har fire søyler. Hegge stavkyrkjes form er noko mellom dei mangesøyla stavkyrkjene i Sogn og dei firesøyla i øvre Valdres.



Figur 20. Til venstre: Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med ei søyle i kvart hjørne. Til høgre: Hegge, Lomen, Høre og Øye er søylekyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet. Frå Håkon Christie: «Middelalderen bygger i tre», 1974.

Dei tre stavkyrkjene Hegge, Lomen og Høre har utskorne masker øvst på stavane oppunder loftet. Det er uvisst kva maskene skal symbolisere, men særleg den eine maska i Hegge stavkyrkje liknar umiskjenneleg på einøygde Odin frå norrøn mytologi.



Figur 21. Figurmaske i Hegge stavkyrkje. Foto O.J. Liodden. Dei to andre maskene er frå Høre stavkyrkje. Foto Katharina Sparstad

Spesielt er det også at både stavkyrkjene i Hedalen, Hegge, Lomen og steinkyrkja Slidredomen har kyrkjeklokker frå mellomalderen. Alle stavkyrkjene er istandsett i seinare tid gjennom Riksantikvarens bevaringsprogram for stavkyrkjer (2001–2015).

Ein skulle tru at det var mykje enklare å setje opp ei stavkyrkje enn ei steinkyrkje i mellomalderen. Ein kan derfor spørje seg kvifor det var heile tre steinkyrkjer her, Ulnes, Slidredomen og Mo – som no er ruin.

Slidredomen var *Mariakyrkje* og hovudkyrkje i Valdres. Her residerte prosten, biskopens fremste representant, medan biskopen sjølv var i Stavanger. Veggmåleria vart ikkje øydelagt etter reformasjonen, og på veggane er der fleire symbol frå mellomalderen. På austveggen i koret er det eit stort kalkmåleri frå 1400-talet og i takhimlingen er det eit måleri frå rundt år 1250.



Figur 22. Motiv frå veggmåleriet. Foto: Riksantikvaren

Slidredomen skal ha hatt heile 12 kyrjeklokker, no har kyrkja fire klokker frå mellomalderen. Ulnes kyrkje var i svært dårleg forfatning på 1600-talet. I 1675 var det planar om å rive kyrkja for ei ny tømmerkyrkje. I byrjinga av 1700-talet var kyrkja ute av bruk. I 1737 vart kyrkja sett i stand og teken i bruk att. I Ulnes er det mellom anna funne ein mariafigur frå 1200–1300-talet. Mo kyrkje var brukt av gardane Reien og Hande ofl. Truleg vart ho ikkje lenger brukt etter reformasjonen og kyrkja forfall. I dag er ruinen teken hand om og sikra av Riksantikvarens program for ruinar. Ved utgraving av Mo kyrkjeruin vart det funne mellom anna skjelett av fem yngre kvinner og ei bjørneklo. I Ulnes er det funne ein bjørnelabb, medan det i Hedalen kyrkje er funne eit skinn av bjørn. For meir informasjon les *Middelalderkirker i Valdres* av Jahn Børe Jahnsen.

Varslingsvardane

I Valdres er det seks kjende varslingsvardar – også kalla vetar. Ordet *vete* kjem av det norrøne ordet *viti*, som tyder teikn, merke eller varde. Vi skil mellom vetar og vardar, der vardar er eit merkesystem av stein langs ferdselsveggar og på fjelltoppar, medan vetar av tre var eit varslingsystem som vart kveikt som ein del av det norske forsvarssystemet i mellomalderen. Då danske embetsmenn omsette dei gamalnorske lovene på 1600-talet vart ordet *vitavordr* (vetevakt) omsett med *vedvarde*. Slik vart ordet *vete* gradvis erstatta av ordet *varde*.

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av varslingsvardar/vetar til Håkon Den Gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Når ein vete vart tent, var dette signal om angrep utanfrå, og meldinga vart sendt vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Varslingsvardane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om omlag 770 varslingsvardar.

Til Valdres kan varselet om krig og ufred frå vete til vete ha kome frå to kantar: over Hadeland, Toten og gjennom Land-bygdene eller over Filefjell. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herifrå gjekk varselet til Langeberget på Reinli i Valdres. Derfrå gjekk elden til Vardaberget, Ryeberget og Olberg, der varselet delte seg til Kvithøvd og Hugakøllen og gjekk vidare vestover over Filefjell og Skørnsnøse, der det også skal ha vore ein varslingsvarde. Avstanden frå Hugakøllen til Skørnsnøse er lang, og truleg var det fleire varslingsvardar mellom dei punkta. Ut ifrå namnet Vardhovdtinden kan det ha vore ein varslingsvarde der også. Derfrå går siktelinja til Jonskør og Brønin (Bosheim, 2010).

I Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274 står det at det skulle byggast vetar på dei gamle varslingsstadane. Det skulle også vere vakthus med tak og fire dører. Vetevakta skulle vere på plass innan fem dagar etter at bodstikka hadde gått. Forsømming vart straffa med bøter.



Figur 23. Eksisterande varslingsvardar og ei skisse for korleis varderekkja kan ha gått gjennom Valdres (Bosheim, 2010).

I Valdres har det dei siste 20 åra vore arrangert vardevandring i regi av Jahn Børe Jahnsen ved Valdres Folkemuseum – seinare Valdresmusea – og Valdres Destinasjon – seinare Visit Valdres. Ved kvar varde er det eit stempel og ei gjestebok. Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp tavler og skilt i samarbeid med historielaga med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

Del 3 PROSESS OG HISTORIKK I VESTRE SLIDRE

Arbeidsprosess med kulturmiljøplan

Arbeidet med planen er i stor grad basert på den føreliggande kulturminneplanen frå 2017. Den reviderte planen er utforma i samarbeid med Vestre Slidre kulturminneforum og Valdres Natur- og Kulturpark. Det er sett ned arbeidsgrupper etter behov. Kulturminneforumet fungerer meir som ein uformell ressursgruppe i dag. Prosjektleiari har vidare involvert aktuelle lag og ressurspersonar til å kome med innspel.

Prosjektleiari har besøkt alle gardane i 2023/2024 som var med i den tidlegare kulturminneplanen, for å gå igjennom og oppdatere tiltak, ynskjer og bilete. Sørre Fauske ynskja å ikkje lengre vere ein del av kulturmiljøplanen. Vidare har me tatt inn Holdalsfoss. Ergo er det framleis 20 prioriterte kulturminne/-miljø i planen.

Status på dei andre kulturmiljøa er oppdatert med bilete, informasjon, tiltak og framtidsplanar. Prosjektleiari har vore i kontakt med Innlandet fylkeskommune, Riksantikvaren, Sametinget, fagpersonar, representantar for relevante lokale lag og organisasjonar for å forsøke å kvalitetssikre informasjon etter beste evne.

Planen skal også syne tema og tiltak det bør arbeidast vidare med seinare. Alle kulturminne med verdi 1 der eigaren har samtykt, er tekne med, medan utvalde minne med verdi 2 er omtala med forslag til tiltak som kan realiserast ved høve.

Kommunestyret xx.xx.xxxx vedtok Kulturminneplan for Vestre Slidre som grunnlag for å gjere prioriteringar i det framtidige arbeidet med kulturminne(KS-035/17). Planen skal rullerast kvart X år.

Historia i Vestre Slidre

Fram til 1849 var Øystre Slidre og Vestre Slidre éin kommune: Slidre. I denne planen er det for Vestre Slidre teke med det som ligg innanfor dagens avgrensing. I Vestre Slidre er det svært rikt med kulturminne frå eldre og nyare tid.

Frå steinalderen er det berre éin kjend buplass frå steinalder, og den ligg ved Midtre Syndin. Frå jordbrukssteinalderen, yngre steinalder og bronsealder er det gjort fleire funn. På Slidreåsen, ved Hyggjande og i Lome er det gjort pollenanalysar som syner at det var korndyrking og beiteplanter for om lag 4000 år sidan. Det er også ei mengd helleristingar i form av skålgroper (menneskeskapte groper i stein) i stølsområda. Skålgroper kan vera frå bronsealderen (sjå tidssøyle på s. 12). På Stee i Lomen er det også registrert ein buplass frå bronsealderen og det er funne både steinalderøks og bronseøks ved Lome.

I det rike Gardbergfeltet finst det spor etter folk gjennom gravminne frå bronsealder samt eldre og yngre jernalder. Gravfunn med romersk sverd vitnar om kontakt med kontinentet lenger sør. Det mest unike er 550 gravminne frå ein lengre periode og Einangsteinen. Bautaen frå eldre jernalder er den eldste runestein som står på den opphavlege staden sin.

Frå folkevandringstida, det vil seie etter at Romarriket fall, dukka det opp ei mengde bygdeborgar i landet. Desse låg ofte på ei uframkomeleg høgde med god utsikt. I kulturmiljøet rundt Slidre kyrkje ligg det særskilt mange store gravhaugar. Arkeologar samanliknar desse med andre rike miljø ved Hundorp, Åker ved Hamar og på Lena. Summen av gravhaugar, stadnamn, bygdeborg, Slidre kyrkje og mange arkeologiske funn viser at Slidre var sentrum for Valdres i særskilt mange hundreår, truleg minst frå 200 e.Kr. og fram til reformasjonen.

Frå jarn-mellomalder er det mange spor etter jarnutvinning i form av slagghaugar, kolgroper og jarnvinner.

Sjølv om det kanskje vart meir stabilt i yngre jarnalder, var det fare for angrep utanfrå. Det tyder mellom anna varslingsvarden på Olberg på.

I vikingtid/mellomalder var reinfangst utbreidd i Valdresfjella, og i Slidre kjenner vi til fangstanlegg på Gråkampen, Kruk og Gilafjellet med graver og bogastille for rein. Det er også registrert elggroper. I 1899 vart alle former for dyregraver forbodne.

På Rensenn er det funn etter noko som kan tolkast som ei sametuft. Denne er frå siste del av mellomalder. Buplassen på Rensenn har vore i bruk i fleire omgangar gjennom store delar av jarn-mellomalderen. På grunn av den karakteristiske utforminga av eldstaden er det diskutert om den siste fasen kan tolkast som samisk busetjing.

Nyare tid blir rekna frå reformasjonen i 1536 og fram til i dag. Etter 1600-talet byrja folketalet å auke att, og mange gardar skilde ut plassar til underbruk/husmannsplassar. Husmannsvesenet utvikla seg sterkt frå om lag 1750 til 1850. I 1855 var det om lag like mange husmenn som bønder i Noreg!


Også fjellet vart nytta meir intensivt til mellom anna stølsdrift. Beitetilhøva i Slidre Vestfjell er svært gode, og stølsdrift vart ein føresetnad for dei små gardane. Dei fleste hadde både heimstøl og langstøl, og det var strengt regulert når ein kunne buføre både opp og ned frå fjellet. I dag er Vestre Slidre framleis ein av kommunane i Noreg der det er flest stølar i drift.

Seinare utvikla reiselivet seg med skystasjonar, sanatorium og reiselivsdestinasjonar.

Tidlegare registreringar

Vi har freista å søkje opp alle tidlegare registreringar slik at vi har best mogleg grunnlag og ikkje treng gjere dobbelt arbeid. I dette kapittelet er det gitt ei oversikt over dei viktigaste eksisterande kartfesta oppgåvene.



- **Arkeologiske kulturminne arkivert i Askeladden**



Figur 4. Registreringar i Riksantikvarens database «Askeladden».

- **SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) – registrering av bygningar eldre enn 1900**



På 1980–1990-talet registrerte alle kommunane bygg som var eldre enn år 1900. Bygga ligg i GAB-registeret og er tilgjengelege i digitale kart. Alle kommunane har publisert registreringane i egne hefte, «Gamal byggjeskikk i ...».



Figur 5. SEFRAK-registrerte bygningar i Vestre Slidre er vist som gule trekantar. Grå trekantar er ruin/fjerna bygg. Frå valdreskart.no. Gamal byggjeskikk i Vestre Slidre til høgre.

- **Stølsregistreringar i Valdres**


VNK og stølslag har saman med dei andre Valdres-kommunane registrert kulturminne, reksler og beite i stølsområda. Av dei 1868 registrerte kulturminna er 675 i Vestre Slidre.



Figur 26. Kulturminne (øvt) og beite og reksler (nedst) som vart registrert i samband stølsregistreringar 2007–2010


- **Den Bergenske Kongevegen gjennom Vestre Slidre**

Historikar Jahn Børe Jahnsen har saman med Kenneth Monsen i Vestre Slidre kommune kartlagt dei eksisterande strekningane av Den Bergenske Kongevegen gjennom Vestre Slidre.



Figur 27. Digitalisert kongeveg gjennom Vestre Slidre. Brun strek er synlege/ikkje fjerna strekk, blå er fjerna/øydelagde strekningar.


- **Laserskanning (LiDAR)** er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. LiDAR er ei forkorting for Light Amplification by Stimulated Emission of Radiation. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere kulturminne. Minne som blir synlege, kan vektoriserast. Alle Valdreskommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Nedanfor går det fram kva for område som er skanna i Vestre Slidre.



Figur 28. Område som er skanna med LiDAR-fotografering i Vestre Slidre (grått område).

- **Norsk Kulturarv**

Norsk Kulturarv har kulturminne som har fått Olavsrosa eller er medlemmer i Norsk kulturarv, på sine heimesider. I tillegg ligg nokre av stavkyrkjene i Valdres på nettsidene. Valdresmusea er medlem i Norsk Kulturarv.



Figur 29. Frå søk på «Valdres» på nettsidene til Norsk Kulturarv.

Publikasjonar og ikkje kartfesta registreringar

- Arkeolog Gro Kyvik har laga kartleggingsoppgåva «Fortidsminne i Vestre Slidre» for Vestre Slidre kommune og Oppland fylkeskommune. Dei omtala minna ligg i databasen «Askeladden».
- Fleire bygningsmiljø er også dokumentert i samband med restaureringstiltak.
- Valdres historielag har registrert viktige kulturminne, mellom anna fiskeslør som er publisert i ei eiga bok.

Prioriterte kulturminnegrupper i Vestre Slidre

Nedanfor er det ført opp ulike tema som er prioritert i Vestre Slidre.

Landbruket i Vestre Slidre

Jordbruk har sidan fyrste faste busetjing vore den viktigaste næringa i Vestre Slidre. Både jordsmonnet rundt gardane og fjellbeita er næringsrike, og ingen område har vore urørt av menneskeleg påverknad i form av hausting, dyrking eller dyremular. Innmarka vart i hovudsak nytta til åkerland og vinterfôr, medan dyra fann beita i utgard og utmark. Fram til industrialiseringa på 1800-talet var jordbruket langt på veg naturalhushald i kombinasjon med jakt, fangst og hausting av det naturen i Vestre Slidre kan by på.

Stølsdrift

Fordi fjellet er svært rikt og lett tilgjengeleg har heile stripa frå gard til fjell vore nytta av husdyr. Straks det var grønt vart dyra flytta oppover til vårstølen, og når det var farbart til beita i fjellet vart dyra flytta til langstølen. Vestre Slidre er saman med Øystre Slidre ein av dei viktigaste stølskommunane i Noreg med levande stølskultur. I Vestre Slidre vart det registrert 675 minne i stølsområda i stølskartlegginga.

Kyrkjehistorie og kyrkjestader

Vestre Slidre har uvanleg stor kyrkjetettleik til å vere ein fjellkommune (sjå kart på s. 25). Frå mellomalderen står enno Slidredomen, hovudkyrkja i Valdres i den tida, og Lomen stavkyrkje. I tillegg står ruinen etter Mo kyrkje. Vestre Slidre har i dette arbeidet kartlagt gamle og nye kyrkjestader med til saman ni fjerna og eksisterande kyrkjer. Det er registrert stavkyrkjetufter ved Hausåker, Fystro og Øyar. Det vil seie at det i mellomalderen i alle fall var seks kyrkjer i det som i dag er Vestre Slidre. Dette er særst mykje når vi veit at det til dømes i heile Hallingdal var åtte kyrkjer i same periode. Samla var det 21 kyrkjer i Valdres på den tida, det vil seie at 29 % av alle kyrkjene i Valdres låg i Vestre Slidre i mellomalderen. Den store kyrkjetettleiken, og det at Slidredomen var hovudkyrkje for Valdres, kan tolkast som at det har vore ein viss velstand og at Slidre var eit maktsentrum i Valdres i mellomalderen. Mange kjenner ikkje til dei historiske kyrkjestadene, det bør vere eit mål å få tilrettelagt dei tilstrekkeleg for publikum.



Figur 30. Gravferd ved Lomen stavkyrkje i slutten av 1800-talet. Postkortet er utlånt av Nils Rogn. Fotograf: Jens Robøle.

Segnstader

Det er kartlagt segnstader frå innteikningar på manuskart. Segnene er godt dokumentert i ei eiga bok – *Sagn i Valdres* – om segn for Vestre Slidre. Det er til saman kartlagt ni segnstader.

Reiseliv

Reiseliv har vore ei viktig næring i Vestre Slidre. Reiselivet har vore knytt til ferdsle i form av skysstasjonar, men også til rekreasjon og helseturisme som vaks fram i byrjinga av 1900-talet. Etter kvart vart det vanleg med reine serveringsstader, selskapslokale og kafear. Vi har vert freista til å ta med alle stader der det har vore reiselivsaktivitet, både der det framleis står bygningar og der dei er fjerna. Til saman er det registrert 18 lokalitetar. Av desse er 11 ute av bruk som reiselivsstad eller fjerna.

Skular og forsamlingslokale

Gamle og nye skular og forsamlingslokale er også kartlagt. Til saman er 15 skulestader registrert, der ein er riven og ein er flytta. I tillegg er det registrert tre forsamlingslokale: Jomsborg, Kvamshall og Røn samfunnshus. Kvamshall vart riven i byrjinga av 2024 til fordel for betre veg på E16.

Ferdselshistorie

Hovudferdselsvegane gjennom Valdres ser alle ut til å passere gjennom Vestre Slidre sentrum. Der passerte Postvegen og Den Bergenske Kongevegen. I tillegg er det registrert Prestevegen frå Slidre til Volbu og Kvamsvegen over Slidreåsen, samt ein offentleg veg frå Lome over til Dale i Øystre Slidre.

Det har nok vore fleire hovudferdselsvegar i Vestre Slidre i eldre tid. Ein tydeleg opparbeidd vegstubb er registrert ved Grønsenn. Ferdselsvegar er valt ut som prioritert område for Vestre Slidre. Sjå meir i kapittel 4, punkt 11.

Bygningsmiljø

Det er svært mange eldre bygningar i Vestre Slidre. Av desse er det freda bygningar i Prestegarden, på Rå og på Kinnholt. 15 bygg og gardstun er registrert, ti av desse er tekne med som særleg verdifulle i denne kulturmiljøplanen. Av bygg er det berre teke med bygningar der eigaren har gjeve sitt samtykke.

Industri

Etter industrialiseringa danna det seg ein tettstad med småindustri på Fossheim i Røn. Det har vore aktiv foredlingsindustri i Vestre Slidre, særleg i Røn, der Østlandsmeieriet ein periode var den største bedrifta i Valdres. På Fossheim var det også sag, høvleri, trevare, møbel- og tekstilindustri. Her var det mellom anna mølle, sag og ysteri og etter kvart verkstad og maskinforretning.

På Holdalsfoss bygde de seg også opp industri basert på vasskraft. Holdalsfoss, som ligg på grensa til Nord Aurdal, hadde sag, stampe, kvernhus og smie. Det var også ei trevarefabrikk som laga leikar og møbler.

Fleire sager vart etablert på Vik, Lofoss og Ringestad. I Lomen/Ryfoss hadde Yrstad Ljåsmie produksjonslokale for landbruksmaskiner med tilgang på vasskraft og om lag 40 tilsette. Det var også ei smie på Fystro og snikkarverkstad på Snortheimsmoen. På Høvsfossen ved utløpet av Høvsfjorden mot Øystre Slidre var det eit industriområde. Dette var det største industriområdet i Valdres i byrjinga av 1900-talet. Her var det mølle, tørke, produksjon av innleggssolar og bryne, motorfabrikk og båtbyggeri, felemakeri, saganlegg, snikkarverkstad og kraftverk. Eit skiferbrot har vore opp mot Slidreåsen. Til saman er det gjort 18 registreringar innanfor industri og framstilling i Vestre Slidre.

Arkeologiske minne med spesiell tyding

Det er gjort mange arkeologiske registreringar i heile Vestre Slidre. Desse ligg i databasen *Askeladden* under Riksantikvaren. Arkeolog Gro O. Kyvik har også gjeve ut ei eige bok om arkeologiske kulturminne i Vestre Slidre, *Fortidsminne i Vestre Slidre*, i 2006.

DEL 4 PRIORITERTE KULTURMILJØ

Visjon:

Vestre Slidre skal vere eit lokalsamfunn der folk verdsett kulturminne og kulturmiljøa i kommunen.

Mål:

- 1) Kulturminna skal takast vare på for framtidige generasjonar
- 2) Innbyggjarane skal ha eit høgt kunnskapsnivå om kulturarven i Vestre Slidre
- 3) Kulturminne skal bidra til å styrke Vestre Slidre-identiteten for alle aldersgrupper
- 4) Kulturminna skal bidra til sosial, miljømessig, kulturell og økonomisk verdiskaping


Strategiar:

1. Prioritere omsynet til kulturmiljø i alt planarbeid.
 - Ta omsyn til kulturmiljø i samband arealplanlegging, utbyggingar byggesaksbehandling eller andre godkjenningar eller planlegging av fysiske inngrep.
2. Samarbeide og samordne ressursar for ivaretaking av kulturmiljø.
 - Samarbeide tverrsektorielt, på tvers av kommunen, organisasjonar, enkeltpersonar osb. om ivaretaking av kulturminne.
3. Aktivt engasjere kulturminneforum for å oppnå dei ovanfor nemnde måla.
 - Oppmode forumet til å initiere kulturminneaktivitetar og formidlingstiltak. Dei kan og ta initiativ knytt til skjøtsel.
 - Engasjere eit breitt utval av befolkninga i kulturminnearbeidet.
4. Prioritere økonomiske ressursar til aktivitetar knytt til kulturmiljø.
 - Sette klare rammer for aktivitetar og tiltak som kan tene måla for kulturminne og -miljøarbeidet.
 - Initiere arrangement knytt til kulturminne. Minst eit kvart år bør vere der folk normalt ikkje ferdast; som ikkje er knytt til kyrkjer i drift, badeplassar eller godt etablerte turmål.
5. Sikre at arbeidet med og besøk på lokale kulturmiljø er ein del av opplæringa i grunnskolen.
6. Gjennomføre skjøtselstiltak ved behov.
 - Skjøtselstiltak i vedtekne skjøtselsplanar må ha prioritet.

Prioriterte kulturminne, oversiktskart

Nedanfor er alle de 20 prioriterte kulturminna samla på eit kart. Alle digitaliserte minne ligg som temakart og eigen tabell.

1. Gardbergfeltet og Einangsteinen
2. Slidredomen
3. Lomen stavkyrkje
4. Mo kyrkjeruin
5. Olberg varslingsvarde
6. Hamrissløtet
7. Tingsteinen
8. Stølsvidda
9. Fosheim industristad
10. Holdalsfoss industri
11. Busetjingspor på Rensenn
12. Historiske vegar
13. Hulabakhøla
14. Midtre Løken
15. Rå gard
16. Lomen øvre og nørre
17. Nørre Jarstad
18. Sørre Berge
19. Sørre Magistad
20. Fystro-tufta



Figur 31. Alle dei 20 prioriterte kulturminna. Sjå eiga kart for meir detaljert oppmerking av historiske vegar og Stølsviddas omsynssone under dei respektive punkta i kulturmiljøplanen.

1 Gardbergfeltet og Einangsteinen

Feltet er unikt med fleire hundre gravminne frå eldre jernalder/mellomalder. Det er også registrert jarnvinne, hustufter og skålgroper i Gardbergfeltet, og i dette området står Noregs eldste runestein som står på den opphavlege plassen sin – Einangsteinen.



Figur 32: Einangssteinen.

I 2022 har det vore satt opp nye informasjonsskilt og ein ny gapahuk aust på feltet. Informasjonsskilta ble utarbeida og satt opp i samarbeid med Innlandet fylkeskommune. Gapahuken er støtta frå dagsturhytteprosjektet til Innlandet fylkeskommune. Den er ment for bruk av publikum, barnehage og skule til ly, rekreasjons- og læringsføremål med meir.




Figur 33: Skodespelet Huldre Hildur i gapahuken i forbindelse med Aktiv Laurdag.

Dei siste åra har vegetasjonen vert skjøtta av innleia geiter med Nofence. Det har fungert stort sett veldig bra, men i tillegg til å halde gras og anna vegetasjon nede, har dei en tendens til å ete bark og bast av levande tre som står – og skal stå – midt på feltet. Trea kan på sikt døy dersom geitene et inntil veden. Tiltak mot heile tre kan vurderast.



Figur 34: Beitande geiter skapar også glede for publikum. Foto: Ahmed Abubaker



Figur 35: Heile Gardbergfeltet med registrerte kulturminne. Det tilrettelagde området med Einangsteinen er eit mindre område som ligg om lag midt i feltet; i all hovudsak det vi vil fokusere på i denne planen.


Brukshistorikk

Gardbergfeltet har vore brukt som aktivitetsområde for folk frå bronsealder til i dag. Området har vore nytta til beiting allereie 4000 år tilbake i tid (pollenanalysar), til busetjing, kolbrenning o.a. Det er også gravplass med om lag 550 gravminne. Området består av fleire delområde der del A med gravfelt (id 129134) er tilrettelagt for publikum. Feltet er mykje besøkt i sommarhalvåret.

Registreringar

Gardbergfeltet strekker seg over eit større område nord for Slidre sentrum. Feltet er delt inn i 55 lokalitetar, og det er registrert til saman 925 kulturminne i området. Det er i hovudsak gravfelt, men det er også registrert tufter, kolgroper og andre kulturminne i området. Det er registrert ei kolgrop og fire gravrøyser innanfor tilrettelagt område felt A, id 129134. Runesteinen Einangsteinen er eit av dei mest kjende kulturminna i Gardbergfeltet og ligg innanfor felt A. I nordre del av feltet er det funne eit sverd med ei 70 cm lang klinge. Sverdet har romersk inskripsjon, noko som tyder på at det er frå romartida (eldre jernalder).

I 2002 var det sett opp ei løe nedst i felt A, som er ei gåve til Slidre skule frå Per Haugerud. I 2008 fekk løa nytt tretak. Sumar 2023 ble det satt opp ein gapahuk ved sidan av løa, samt skiltet opp til skålgropssteinen på felt B i nordaust.



Figur 36: Område som er definert inn i omsynssona i rosa skravur. Raud linje er Pilegrimsvegen frå 2005.

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Gardbergfeltet er eit av dei største gravfelte frå jernalderen i Noreg. Området har vore i bruk i 6000 år, og er svært rik på kulturminne. Gardbergfeltet er også tusenårsstaden for Vestre Slidre og Valdres.

Utfordringar

Området er tilrettelagt, men det har fram til no ikkje vore store utfordringar med tanke på slitasje. Dei største utfordringane ligg i vedlikehaldet av det tilrettelagde område. All tilrettelegging som søppelanretning, skilt og vegetasjon treng systematisk skjøtsel og vedlikehald. Feltet er rydda for tre og kratt, men det gror fort att, og det gjev eit krattliknande busksjikt. Feltsjiktet er dominert av skogbotn, og landskapet ber preg av attgrodd skog. Det naturlege landskapet for dette området er truleg beiteprega jernalderlandskap, men dette må greiast betre ut. Det er relevant å nytte vegetasjonsfagleg kompetanse.

Kulturminna ligg i dag som enkeltminne i fleire avgrensa lokalitetar. Årsaka til dette er teknisk, og Kulturarv i Oppland fylkeskommune skal endre dette slik at det blir éin stor lokalitet i den nasjonale kulturminnedatabasen til Riksantikvaren (Askeladden). Dette vil bli gjort i samband med skjøtelsesplanprosessen. Ei slik avgrensing kan endrast dersom det blir gjort kontrollregistreringar dei næraste åra.



Figur 37: Frå toppen (aust) av felt A før beitegeiter og omfattande vegetasjonsskjøtsel. Henta frå skjøtelsesplan (Enzenberger, 2018).

Forslag til forvaltning

Samarbeidspartane Innlandet fylkeskommune, Vestre Slidre kommune og Valdresmusea AS skal utarbeide ein skjøtelsesplan med forslag til tiltak, ansvarsfordeling og finansiering. I framtidig forvaltning skal ny skjøtelsesplanen ligge til grunn. Kulturminneplanen skisserer likevel ein del aktuelle tiltak. Ansvar og finansiering blir definert i skjøtelsesplanen.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på kulturminna i området. Ein må ta omsyn til naboar, og gjere noko med:

- slitasje
- forsøpling
- attgroing og skrotemarkspreg
- forfall og vedlikehald av tilrettelegginga
- forfall og vedlikehald av gjerde

Bruk:

Området har besøk frå grupper og enkeltpersonar med vandring på tilrettelagde kulturstiar. Det må leggest til rette for fleire besøk både med tanke på slitasje, toalettbesøk og søppelhandtering. Vidare bør det vurderast universell utforming.

Eksisterande og forslag på nye tiltak:

Av tiltak er det sett opp fleire skilt langs ei kulturminneløype, og Einangsteinen er sett i glasmonter. Det er anlagt parkeringsplass, toalett og søppelkasse langs fylkesvegen i samband med tilrettelegginga. Området er avgrensa med gjerde, skigard langs veggen og stokk- og nasjonalgjerde rundt resten av området. Gjerdet er delvis øydelagt, og skilta er delvis uleselege. Søppelkassa av tre er delvis røten. Det er ynskjeleg å ta skålgropsteinen inn i skjøtselsplan.

Hovudmål: God tilrettelegging og vedlikehald av 1000-årsstaden i Valdres

Tiltak i Gardbergfeltet skal definerast i **ny skjøtselsplan**. Planen skal gjelde mellom partane Innlandet fylkeskommune, Vestre Slidre kommune og Valdresmusea AS. Nedanfor er ei skisse over tiltak som kan vere aktuelle:

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|---|--|--------------------------|--------------------------|
| Sikre kulturminne og vegetasjon | Vurdere slitasje | Tilretteleggje kultursti | Kommune/fylkeskommune | Kommune |
| Gjere tilgjengeleg for alle | Legge til rette for universell utforming | Tilretteleggje for rullestol frå parkering til Einangsteinen | Kommune/fylkeskommune | Kommune |
| God standard på vedlikehald | Vedlikehald av tømmerbygning (løe) | Årleg vedlikehald | Kommune | Kommune |
| God standard på vedlikehald | Vedlikehald av gapahuk | Årleg vedlikehald | Kommune | Kommune |
| God standard på vedlikehald og tilrettelegging | Halde orden på område rundt tømmerbygning og benker og bord | Årleg vedlikehald | Kommune | Kommune |
| Ta vare på kulturlandskapspreget | Innarbeide skjøtselsrutinar | Årleg vegetasjonskjøtsel | Kommune | Kommune |
| God tilrettelegging | Gode rutinar for tilrettelegging og vedlikehald | Markørar (pilegrimsmerke) på kultursti | Kommune | Kommune |
| God tilrettelegging | Gode rutinar for tilrettelegging og vedlikehald | Årleg ettersyn og vedlikehald av glasbygget | Kommune | Kommune |
| God tilrettelegging | Gode rutinar for tilrettelegging og vedlikehald | Tilsyn av området | Kommune | Kommune |
| God tilrettelegging | Gode rutinar for tilrettelegging og vedlikehald | Tømme søppel | Kommune | Kommune |
| God tilrettelegging | Gode rutinar for tilrettelegging og vedlikehald | Tømme toalett | Kommune | Kommune |
| Kunnskapsutvikling | Gode rutinar, kontinuerleg publikumsoppfølging | Marknadsføring/DKS | Kommune/Valdresmusea/VNK | Kommune/Valdresmusea/VNK |
| Kunnskapsutvikling | Gode rutinar, kontinuerleg publikumsoppfølging | Oppdatere og distribuere brosjyre | Kommune/Valdresmusea | Kommune/Valdresmusea/VNK |
| Kunnskapsutvikling | Gode rutinar, kontinuerleg publikumsoppfølging | Oppdatere diverse nettstader som omfattar kulturmiljøet | Kommune/Valdresmusea | Kommune/Valdresmusea/VNK |
| Motivering | Gode rutinar, kontinuerleg publikumsoppfølging | Besøksregistrering/postkasse med gjestebok | Kommune | Kommune/Valdresmusea/VNK |

Oppfølgingsansvar

Innlandet fylkeskommune: Drifts- og skjøtselsplan for anlegget, kunnskapsformidling, arkeologiske minne og glasbygg

Vestre Slidre kommune: Årleg vegetasjonskjøtsel, søppel og toalett, bygg, stimerking

Valdresmusea AS: Formidling, kommunikasjon, tilsyn, ajourføring av statistikk



Figur 38: Delar av Gardbergfeltet med utsikt mot høggfjella.

2 Slidre kyrkje (Slidredomen)

Slidredomen er den gamle hovudkyrkja i Valdres. Ho er truleg bygd på 1200-talet og er i romansk rundbogestil. Takstolen i kyrkja er datert til 1268. Slidredomen ligg innanfor regulert omsynssone for kulturminnevern. Innanfor sona ligg også stopul, bårhus, kyrkjegard og prestegarden med våningshus, kårhus og stabbur.



Figur 39. Slidredomen vinterstid. Foto: Hans Enger


Brukshistorikk

Slidredomen er den gamle hovudkyrkja i Valdres. Her heldt prostens i Valdres, den fremste lokale representanten for biskopen i Stavanger, til i mellomalderen. Mariakyrkja i Slidre blir nemnd skriftleg fyrste gong i eit pavebrev i 1264.

I dag er kyrkja eigd og nytta av kyrkjelyden. Kyrkja har omvising om sommaren med guiding på dugnad av pensjonistlaget/historielaget. Visit Valdres marknadsfører kyrkja i Valdresguiden, og Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp informasjonstavle ved kyrkja. Slidredomen har ein gamal kyrkjegard; den eldste delen er frå mellomalderen. Dei eldste støttene er frå byrjinga av 1800-talet. I 2014 vart kyrkjegarden utvida mot vest.

Registreringar

Kommunen har definert ei omsynssone knytt til kyrkja. Til kyrkja høyrer sjølve kyrkjebygget, stopulen og prestegarden. På veggane inne i kyrkja er det ein god del mellomalderinventar. Slidredomen har også eit stort kalkmåleri på austveggen og takmåleri frå 1400- og 1300-talet i koret. Ved inngangen til kyrkja er det ein labyrint for pilegrimar som var dårlege til beins og ikkje kunne legge ut på pilegrimsvandring.



Figur 40: Altarring, altartavle og takmåleri.



Figur 41. Smijernsbeslag på sydportalen/hovuddøra med alnestokk. Til høgre: riddarvåpenet på nordveggen i skipet, med omrisset av eit vigslingskors.

Motivet til kommunevåpenet i Vestre Slidre er henta frå eit veggmåleri av eit riddarvåpen i Slidredomen.

Skipet er 14,8 meter langt, 10 meter breitt og 7,2 meter høgt. Murane er kring 2 meter tjukke. Den store stolpen, "kongen", midt i skipet vart truleg oppsett då tårnet vart bygd, av di det er den som ber heile tårnkonstruksjonen. Tårnet er frå 1700-talet. Før den tid har det også vore eit tårn eller ein stopul ved sida, stort nok til å innehalde dei 12 "med hinanden harmonerende klokker". 4 av dei 6 klokkene som er att i dag, er frå 1200-talet.

Fyrst i 1736 vart opninga til koret endra til den storleiken ho har i dag. Før den tid var ho ikkje større enn ei vanleg dør. På same tid kom dei store vindauga, i staden for dei bitte små. Til kyrkja høyrer også eit bårhus frå nyare tid.

Stopul

Den lafta stopulen i to høgder er frå 1676 og ligg på den andre sida av vegen. Der heng det to store klokker, den eine frå mellomalderen. Ho skal vere støypt på garden Mo. På den andre står årstalet 1868.



Figur 42. I stopulen frå 1676 heng to kyrkjeklokker. Den eine er frå mellomalderen og skal vere støypt på garden Mo.

Prestegarden med stabbur

Til prestegarden høyrer eit hovudhus, fjøs/låve, stabbur og kårbygning. Opplysningsvesenets fond eig prestegarden, og han er ein av dei ti prestegardane i Noreg som skal bevarast. Stabburet ble flytta til andre sida av vegen i samband med ny gangveg. Bygningane med unntak av forpaktarbustad, driftsbygning og garasje er freda med vedtak.

Objekt til kart



Figur 43. Slidredomen med stopul, bårhus og prestegard ligg innanfor omsynssone kulturvern (skravert område).

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Slidredomen har vore hovudkyrkje i Valdres sidan mellomalderen og er eit av dei mest unike bygga i dalføret.

Utfordringar

Slidredomen er ein av dei største kulturskattane i Valdres. Kyrkja bør vere tilgjengeleg for befolkninga og besøkande. Vidare bør det kunne vere grunnlag for auka økonomisk verdiskaping. Utfordringa er å få auka besøkstalet og å få lønsemd i omvisingstenesta, som i dag skjer på dugnad. Andre utfordringar er eventuell slitasje på kyrkja ved auka besøk, at gjestene finn rett parkering (logistikk), og at dei kan gå trygt frå parkeringa dei om lag 50 metrane til kyrkja. Det er heller ikkje lagt til rette for andre fasilitetar, som toalett for publikum.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på kyrkjebygningen. Andre omsyn som bør takast, er:

- å legge til rette for auka besøk
- å leie besøkstrafikken på ein måte som ikkje gjev slitasje på bygningen eller utearealet rundt
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja
- å pleie kyrkjegarden på ein måte som varetek det biologiske mangfaldet
- at området rundt kyrkja ikkje forstyrrar opplevinga av kyrkja i landskapet

Bruk: Kyrkjehøgtider og kyrkjeleg aktivitet, kulturelle arrangement, omvisingsteneste

Hovudmål: Ta vare på kyrkja med kyrkjegard og alle bygningar knytt til kyrkja

Aktuelle tiltak:

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|------------------------|---------------------------------|--|--------------------------------------|--------------------------|
| God logistikk | Unngå feil parkering | Legge til rette med tilvisings- og P-skilt | Kommune | Kommune |
| God logistikk | Brukarorientert tilrettelegging | Gangveg frå parkering | Kommune | Kommune |
| God logistikk | Brukarorientert tilrettelegging | Toalett i bårhuset | Kommune | Kommune |
| Tene lokal-befolkninga | Organisere kyrkjeleg arbeid | Halde gudstenester | Kyrkjelyd | Kommune |
| Auke besøkstalet | Tilgjenge/kunnskap | Guideteneste | Historielaget/pensjonistlaget/VV/VNK | Dugnad |
| Kunnskap | Marknadsføre | Nytte valdres.no og Valdresguiden | VV/VNK | VNK |
| Istandsett prestegard | Vedlikehald av prestegarden | Prestegarden | Opplysningsvesenets fond | Opplysningsvesenets fond |
| Gravplass | Bruk og vedlikehald | Bruk og vedlikehald | Kommune | Kommune |
| Trygg ferdsel | Tilpasse trafikale behov | Regulere gangveg og flytte stabburet | Kommune | Kommune |

Oppfølgingsansvar

Riksantikvaren, Innlandet fylkeskommune og Vestre Slidre kommune, Soknerådet og Opplysningsvesenets fond.

3 Lomen stavkyrkje



Figur 44. Lomen stavkyrkje med kyrkjegardsmur og stopul.

Brukshistorikk

Åringsdateringar syner at kyrkja er frå 1192, medan dei første skrivne kjeldene er frå 1324. Ved ombygginga i 1749 fekk kyrkja nytt kor mot aust og vart også utvida vestover, samstundes som veggane i skipet vart flytta ut på svalgangen sin plass for å utvide kyrkjerommet. Då vart den halvrunde koravslutninga (apsis) fjerna og taket løfta, nye vindauge vart sett inn, plankane vart lagt vassrett i ytterveggene, og taket vart skifertekt.


Stavkyrkja gjekk ut av fast bruk i 1914 då den nye Lomen kyrkje vart bygd. No er Lomen stavkyrkje berre i bruk til bryllaup og gudstenester om sumaren, mellom anna ved olsok, og til omvisings-teneste. Kyrkja, stopulen og kyrkjegarden er freda gjennom kulturminnelova.



Figur 45. Tavla ved Lomen stavkyrkje.

Registreringar

Lomen stavkyrkje er ei søylestavkyrkje med fire frittstående stavar eller søyler i kyrkjerommet. Dei andre stavane kviler på bjelkar på himlingsnivå. Dei fire søylene ber det opphøgdde midtpartiet. Kyrkja har fleire mellomalderlege portalar med ranker og drakar. Stavane har kapittel midt på og ansiktsmasker øvst. Andreaskrossar og halvbogar bind stavnane saman. På dei mellomalderlege delane av konstruksjonen er nyare måling fjerna. Etterreformatoriske delar er framleis måla.



Figur 46. Kyrkjekonstruksjonen. Berre den midtre delen med boge, overbygg og framdelen mot høgre er den opphavlege stavkyrkja.

Eit låsbeslag på vestrør er frå mellomalderen. Av klebersteinsdøypefonten frå mellomalderen er berre foten teken vare på. Madonnahovudet på altaret er ein gipskopi av originalen frå 1200-talet. Hovudet har truleg vore ein del av ein heil figur. Maria har bølga hår og krone med fire takkar. Originalen er på Valdres Folkemuseum.



Figur 47. Madonnahovudet frå Lomen stavkyrkje er på Valdres Folkemuseum. Foto: Jahn Børe Jahnsen.

Ei mellomalderkiste står ved vegg i koret. Her er ei magisk runeinnskrift som er nesten utviska. Under siste restaurering av kyrkja vart det utført ei arkeologisk utgraving. Då fann ein 71 gjenstandar, mellom anna delar av smykke og myntar. Nokre av myntane stammar frå 1100-talet. Til kyrkja høyrer ein stopul frå 1670-talet.

Omkring kyrkja på alle sider ligg kyrkjegarden med ein kyrkjegardsmur som skil kyrkja frå landbruksaret rundt. Kyrkjegarden har inngang gjennom ei opning i søraust der det i 1971 blei reist ein liten portal i tre med skiferdekt tak til erstatning for ein eldre. Med unntak av nordre kyrkjegardsmur er muren tildekt av større steinheller. Det er ikkje kjent når muren rundt kyrkja vart bygd. Muren fell mot sør og går i eitt med muren i kyrkjegardens nedre del. Kyrkjegarden får dermed eit terrassepreg.


Langs gangvegen inn til kyrkja ligg to freda bygningar (innanfor blå strek nedanfor). Dei ligg som eige prioritert område (15) i denne planen. Området kan eventuelt inkluderast i ei samanhengande omsynssone.

Objekt til kart




Figur 48: Transparent blått felt viser omsynssone H570_5 frå 2022 i kartet (arealplaner.no, 2024), en 60 meter sone rundt Lomen stavkyrkje som inkluderer inngangstien til kyrkja frå søraust. Blå heiltrekt linje viser parkeringsplassområdet, her er det lagt nye planer. Bua (gul firkant) ved parkeringsplassen er fjernet. Rosa firkantar viser/bør vise turskilt til kyrkja. E16 ble ombygd i 2023, kartet er slik sett utdatert og upresist kva gjeld den sørlegaste del.

Nedanfor kyrkja ligg ein parkeringsplass. I 2019 ble det søkt om midlar frå fylkeskommunen til å utbetre parkeringsplassen og tilretteleggje i større grad for turisme. Planen er i korte trekk å lage fleire parkeringsplassar, fornye skilttavle, sette opp bord og benker, kafédrift i sesong ved stavkyrkja samt gjere det mogleg for større operatørar med naudsynte parkeringsbehov. Dette vil sannsynlegvis tiltre i løpet av 2024. Dei freda bygga langs inngangsstien til kyrkja frå søraust er omtala under punkt 16. Lomen Øvre og Nørre. Det kan vere aktuelt å slå desse saman med utvida omsynssone (stipla lysblå linje i kartet).



Figur 49: Parkeringsplassplanar nedafor Lomen stavkyrkje. Skissert av Ove Hamre. Endeleg plan kjem.



Figur 50: Inngangsstien frå søraust er no innlemma ei utvida omsynssone. Dei frede bygningane kan eventuelt inkluderast i denne.

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Lomen stavkyrkje er blant dei eldste bygningane i landet, og kanskje også blant verdas eldste trebygningar.

Utfordringar

Lomen stavkyrkje er ein av dei største kulturskattane i Valdres og bør derfor vere tilgjengeleg for befolkinga og for gjester. Stavkyrkjene generelt har potensial for auka økonomisk verdiskaping. Samstundes er dei gamle bygningane sårbare for slitasje. Utfordringa er å få auka besøk og lønsemd i omvisingstenesta med god tilrettelegging.


Ei anna utfordring kan vere endringar i nærmiljøet som kan påverke innsynet til kyrkja. Kyrkjene var tradisjonelt plassert på ein godt synleg stad og skulle vere synlege for heile folket. Kyrkja ligg i eit stort, ope terreng. Visuelt blir heile området rundt oppfatta som at det har tilknytning til kyrkja. Inngrep og attgroing kan påverke inntrykket, og det er såleis sårbart.

Stien som fører fram til kyrkjebygget, er svært viktige for åtkomsten til kyrkja, og stien saman med dei gamle tømmerhusa i framkant bidreg til ei positiv oppleving. Stien er sårbar for slitasje, men samstundes vil ein alternativ veg inn til kyrkja redusere opplevinga.

Gardsbygnaden nedanfor er visuelt sårbar fordi dette området ligg mellom kyrkja og vatnet, og blikket søkjer automatisk i den retninga. Arkitektoniske element som ikkje står i stil med kulturlandskapet blir derfor meir iaugefallande.



Figur 51. Kyrkja ligg saman med godt vedlikehalde kulturlandskap og bygningar.



Figur 52. Kyrkja i landskapet. Frå studentoppgåve frå UiMB 2009 om stavkyrkja og verknaden i landskapet.



Figur 53. Kyrkja frå ulike kantar. Frå studentoppgåve UiMB 2009.

Kyrkja er godt merkt frå E16, slik at det er lett å ta av frå E16. Utfordringa er at kyrkja ligg eit stykke ovanfor parkeringa, og at somme vel å køyre heilt opp langs gardsvegen til nabogardane. Kyrkja ligg midt i eit jordbruksområde. Det kan også vere ei utfordring at aktiviteten rundt kyrkja kan redusere opplevinga av kyrkja i landskapet.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen. Andre omsyn som bør takast, er:

- å legge til rette for auka besøk
- å legge til rette for god parkering med tilvisingsskilt, informasjonstavle og rastebord
- å leie besøkstrafikken på ein måte som ikkje gjev slitasje på bygningen eller utearealet rundt kyrkja
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja
- å pleie kyrkjegarden på ein måte som varetek det biologiske mangfaldet
- eventuelt å inkludere freda bygg (prioritert område 16 Lomen Øvre og Nørre i denne planen)

Bruk:

Kyrkjehøgtider og kyrkjeleg aktivitet, kulturelle arrangement, omvisingsteneste

Hovudmål: Bevare Lomen stavkyrkje

Forslag til tiltak:

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|---------------------|---|--|------------------|------------------|
| Unngå slitasje | Vurdere utvida område for spesielle omsyn | Utvide omsynssone med gangveg inn | Kommune | kommune |
| God tilrettelegging | Gjere parkeringa tilgjengeleg for bussar | Utvide, planere og rydde parkeringa | Sokneråd/kommune | Sokneråd/kommune |
| God logistikk | Hindre biltrafikk til gardane ved kyrkja | Setje opp tydelegare tilvisingsskilt til parkering | Sokneråd/kommune | Sokneråd/kommune |
| Auka kunnskap | Involvering og informasjon | Setje opp informasjonstavle ved parkering | Sokneråd/kommune | Sokneråd/kommune |

| | | | | |
|---|---|---|---------------------------------|------------------|
| Fleire gjester | Betre tilrettelegging | Setje opp rastebord og søppelkasse | Sokneråd/kommune | Sokneråd/kommune |
| Vere brukarorientert | Lett forståeleg informasjon | Setje opp vandreskilt opp frå parkeringsplassen | Sokneråd/kommune | Sokneråd/kommune |
| Ta vare på biologisk mangfald på kyrkjegarden | Kunnskapsbaserte slåtterutinar | Slått etter frøing/fjerning av gras | Riksantikvaren/kommune/sokneråd | Kommune |
| Ta vare på kyrkja og kyrkjegardsmuren | Rutinar for vedlikehald | Ordinært vedlikehald av kyrkje og kyrkjegardsmur | Riksantikvaren | Riksantikvar |
| Ta vare på kyrkjias opphavlege funksjon | Planlegging | Kyrkjelege arrangement | Kyrkjelyd | Kommune/sokneråd |
| Heilskapleg område | Samordna planlegging og tilrettelegging | Inkludere prioritert område 15 (Øvre og Nørre Lomen) i omsynssone | Kommune | Kommune |

Oppfølgingsansvar

Kommunen, soknerådet, fylkeskommunen og Riksantikvaren



Figur 54. Frå parkeringsplassen. Eldre skilttavle med utgatte og krakelerte skilt.

4 Mo kyrkjeruin

Det har i mellomalderen vore tre steinkyrkjer i Valdres: Slidredomen, Ulnes og Mo kyrkje. I dag er Mo kyrkje ein kyrkjeruin.



Figur 55: Mo kyrkjeruin sett frå vest

Brukshistorikk

Mo kyrkjeruin ligg på vestsida av Slidrefjorden og vart truleg sett opp rundt 1215. Kyrkja var soknekyrkje for gardane på både sider av fjorden sør for Slidre. Ho kan ha vore bygd som ei privatkyrkje, også kalla «høgendeskyrkje», men kan også vera finansiert av kyrkja – for å skape eit kyrkjeleg miljø rundt Slidre kyrkje, der det kan ha vore fleire prestar. Hovudkyrkja skulle normalt ikkje vera soknekyrkje og slik kan dei ha reist Hausåker og Mo som soknekyrkjer.

Det ser ut som kyrkja gjekk ut av bruk om lag ved reformasjonen i 1536. Sokneprest Herman Ruge kallar i 1743 og 1750 kyrkja for ein mannshøg ruin. Store flaumar i Mosåne, mellom anna i 1860, dekte over mest heile ruinen. Ein rapport om det som enno var synleg, kom i 1884. Så vaks skogen over området.

I 1972 vart det sett i gang rydding, utgraving og restaurering av ruinen i godt samarbeid mellom Riksantikvaren, Vestre Slidre ungdomsskule og Vestre Slidre kommune. Elevar frå ungdomsskulen var med som assistentar for arkeologane og lærte mykje om lokal kyrkjehistorie. Veggen bak hovudaltaret vart mura opp att av lokale murarar. Omriset av kyrkja og kyrkjegarden med murane rundt kom klart fram. I 1977 vart Mo kyrkjeruin vigsla på nytt, og her er gudsteneste ein gong kvar sommar. Det er sett opp informasjonsskilt og tilrettelagt med parkering.

Registreringar

Ved utgravingane fann ein 85 mellomaldermyntar. Dei norske var frå perioden mellom kong Sverre (1177–1202) og kong Hans (1483–1513). Dette viser om lag den perioden kyrkja var i bruk. Utanlandske myntar frå Danmark, Tyskland og England viser handel med utlandet, mellom anna hanseatane. Vidare fann ein pyntebeslag, ein del av ei messeklkke og fleire andre gjenstandar. Alt er no på Kulturhistorisk museum i Oslo. På kyrkjegarden fann ein tre delar av gravsteinar med hjulkors frå 1100–1200-talet. Dei er no på Valdres Folkemuseum.



Figur 56. Teikning av kyrkja slik ho kan ha sett ut, og grunnplan. Frå heftet *Mo kyrkjeruin*, 1977. Teikning: Jonny Kristiansen. Til høgre: stein som treng oppfrisking av inskripsjonar.

På nordsida av kyrkja kom det fram fem skjelett som vart undersøkt på staden og så tildekt. Dei var alle kvinner, om lag 25 år gamle, om lag 1,5 meter høge, truleg ei massegrav frå svartedauden i 1350.

Objekt til kart



Figur 57. Området sett frå flybilette og avgrensing på økonomisk kartverk.

Prioritet


1

Grunngjeving for prioritering

Mo kyrkjeruin var ei av dei tre steinkyrkjene i Valdres i mellomalderen, og er såleis eit av dei viktigaste kyrkjarahistoriske kulturminna i Valdres.

Tilstand

Ruinen har vore ein del av Ruinprosjektet 2020 til Riksantikvaren. Ruinen har vore gjennom ein konserveringsprosess, og det er etablert parkering. Det er utarbeidd ein eigen landskapsplan for kyrkjeruinen på Mo ved Ingrid Skavhaug, som beskriv tilstand og tiltak frå 2013 (Skavhaug, 2015). Ruinprosjektet ble i sin tid ferdigstilt ved fleir punkter, men det står att et par ting slik som brygge ved fjorden og skilt til parkering sør for Mo gard.



Figur 58: Oversikt over området med tilrettelegging. Frå landskapsplanen (Skavhaug, 2015)



Figur 29. Frå konserveringsprosjektet. Overbygget vart teke ned etter restaurering. Foto: norske-kirkebygg.origo.no




Figur 60. Mo kyrkjeruin sett frå nord. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren

Utfordringar

Mo kyrkjeruin har vore gjennom ein lang prosess frå å vere ein attgløymd og attgrodd ruin til å ha gjennomgått utgraving og tilrettelegging. I rapporten *Arkeologisk forundersøkelse av grunnforhold og fundamenter* frå 2008, av Regin Meyer, ble det avdekket utfordringar og svakheiter ved fundamentet som ble tillaga i 1976 i forbindelse med rekonstruksjonen av austveggen. Ein årsak til svakheitene er sannsynlegvis vann som kjem inn ved grunnen eller frå fjorden ved flaum eller høyt vassstand. I 2012 ble det derfor gravet for kum og sluk med hensikt å lede vatnet. Systemet treng årleg tilsyn.

Forslag til forvaltning

Riksantikvaren har utarbeidd ein eigen landskapsplan der første byggetrinn er ferdig. Denne inkluderer nye skilt, bl.a. med QR-kode. Vidare bør nokon skilt oppdaterast i forbindelse med fylkessamanslåinga frå 2015 – Oppland fylkeskommune står oppført på informasjonsskilta. Sjå elles eigen landskapsplan for Mo kyrkjeruin.



Figur 61. Planområda og tiltak i landskapsplanen.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen. Andre omsyn som bør takast, er:

- å legge til rette for auka besøk
- å leie besøkstrafikken på tilrettelagd sti som ikkje gjev uønskt slitasje på bygningen eller utearealet rundt kyrkja
- opplevinga av ruinen i landskapet og omgjevnadene rundt
- at ruinen, kyrkjegard og kyrkjegardsmur skal haldast ved like

Bruk: Kyrkjehøgtider og kyrkjeleg aktivitet og kulturelle arrangement

Hovudmål: ta vare på og legge til rette for besøk ved kyrkjeruinen

Aktuelle tiltak

Sjå landskapsplanen og skjøtselsplan for Mo kyrkjeruin som skal vidare utarbeidast:

<https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/handle/11250/298742?show=full>

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|---|--|---------------------------------------|-----------------|----------------------------|
| Ta vare på og legge til rette Mo kyrkjeruin | Følgje landskapsplan for Mo kyrkjeruin | | Riks-antikvaren | Riksantikvaren |
| Auka kunnskap | Involvere born og unge | Opplegg for kulturell skulesekk (DKS) | Kommune | Kommune/ Riksantikvaren |
| Tilgang frå fjorden | Legge til rette for båttrafikk | Brygge og sti opp frå vatne | Riks-antikvaren | Riksantikvaren |
| Godt vedlikehald | Gjere tekst synleg i merkestein | Friske opp inskripsjonar | Kommune/ RA | Kommunen/ RA |
| Godt vedlikehald | Regelmessig vegetasjonsskjøtsel | | Kommune | Kommune |
| Godt vedlikehald | Vurdere tilstanden til skilttavler | Oppdatere/skifte ut skilttavler | Kommune/ RA | Kommune/RA |

Oppfølgingsansvar

Riksantikvaren

5 Olberg varslingsvarde

Brukshistorikk

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av vetar til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Når ein vete vart tend, var dette signal om angrep utanfrå, og meldinga vart send vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant i ufredstider. På same måte som kystdistrikta var organisert i skipreider, var Valdres truleg organisert i herad. Desse herada måtte truleg stille med våpen og mannskap når vetene vart tent. Vetane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om omlag 770 vetar.

Til Valdres kan varselet om krig og ufred ha kome frå to kantar; frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Land-bygdene eller over Filefjell. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herifrå gjekk varselet til Langeberget på Reinli i Valdres. Derifrå gjekk elden til Vardeberget i Aurdal, Ryeberget i Svenes kyrkjesokn til Olberg der varselet delte seg til Kvithøvd i Øystre Slidre og Hugakøllen i Vang. Neste spor etter varslingsvarde er på Støgonøset, men det var truleg fleire varslingsvardar mot vest fordi sikta frå Hugakøllen til Støgonøset er for lang til at ein kan sjå bålet.



Figur 62. Varslingsvarden på Olberg.

Vaktbua


Vaktbua på Olberg er ein tru kopi av Vetestova i Ulvedal i Nordfjord. Bua vart sett opp på dugnad i 2009 i regi av Vestre Slidre historielag med støtte frå Valdres Natur- og Kulturpark. Tømmeret vart gitt av grunneigaren, medan bua vart bygd på kurs i regi av Vestre Slidre Bonde- og Småbrukarlag.

Turmål

Varslingsvarden er eit attraktivt turmål, og Visit Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark har lagt ut ei kasse med stempel og turbok til å skrive seg inn i ved varden. Valdres Natur- og Kulturpark fører statistikk for besøk, medan historielaga har teke på seg å samle inn og legge ut bøkene. Valdres Natur- og Kulturpark har også produsert skilt, turtavle og tavle om historia oppe ved veten. Vidare er det utarbeidd eit eige vardehefte der ein kan lese om vardane og stemple for dei seks vardane.



Figur 63. Turen til Olberg er skilta med tilvingskilt, turtavle ved start og kulturminnetavle ved varden.



Figur 64. Tavla er sett opp av historielaget i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark.

Registreringar

Til plassen er det registrert varslingsvarde og vaktbu. Dei inste stokkane i varslingsvarden skal vere frå 1700-talet. Rundt varslingsvarden er det ein steinring. Utanom steinringen er det ikkje registrert fleire kulturminne på staden. Vaktbua som står i dag, vart sett opp på dugnad i 2009.



Figur 65. Vaktbua vart sett opp i 2009.

Til staden knyter det seg historier, mellom anna segna om Valdreskongen og Hallingkongen.

Segna om Valdreskongen og Hallingkongen

Ein gong hadde Valdres og Hallingdal sine eigne kongar. Dei var ofte i krig med kvarandre. Ein haust stod det eit slag på sletta *Dingladn* inne på fjellet. Valdreskongen tapte og rømde ned til bygdeborga på Hamre. Hallingkongen ville ha borga også, og fekk ein av fangane sine til å vise seg vegen. Fangen fekk overtala hallingkongen til å ri snarvegen over Olberg nattetid, der kongen skulle følgje vegvisaren sin fakkell. Då hallingane kom over toppen, la valdrisen av garde i vilt trav nedover og ropa bakover: "No får dø kusse på hestadn dikka, kara. No kan dø smørje på skarvemerradn dikka. No er mø snart framme." Hallingane følgde på i like vilt trav. Like før stupet kasta valdrisen fakkelen sin utfor stupet og bråsnudde sjølv til sides i mørkeret. Hallingane følgde fakkelen som eit skred utfor stupet og slo seg i hel, alle saman.


Valdreskongen meinte det var simpelt å lure fienden, og vegvisaren vart dømd til å rullast utfor i ei tønne same veg som hallingane. I siste augneblink sleit vegvisaren seg laus og la på sprang ned til fjorden og vidare nordover. Så mista han eine skoen, og der heiter det Skoland i dag. Eit stykke lenger nord syntest Valdreskongen at vegvisaren hadde sprunge så godt at han skulle vera fri, og der heiter det enno Fristad.

Det finst hestesko, eit kjevebein av ein hest og ei stridsøks som skal ha vore funne i steinura under stupet rundt 1850–60.



Figur 66. Hestesko, kjevebein av hest og stridsøks skal ha vore funne i steinura nedanfor Olberg.

Objekt til kart



Figur 67. Avgrensing av område med markering av varslingsvarden og vaktbua (søraust for varslingsvarden).

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Varslingsvarden er ein viktig historisk stad og er ein av dei få varslingsvardane som er restaurert og tekne vare på. Det er også rekonstruert ei vaktbu på staden. Olberg er ein viktig tradisjonslokalitet og turmål i kommunen.

Utfordringar

Utfordringane knyter seg til slitasje på sti, vedlikehald og ansvar for skilt og vaktbu. Vidare kan trafikk på privat veg vere ei utfordring, og det å få alle til å følge skiltinga. Turskilta kan være noko misvisande ettersom det er brukt fleire skilttypar som visar til forskjellige stiar utan å presisere kva slags sti ein går på. Til døme går den eine stien forbi eit bratt parti forbi *stupet*. Det kan vurderast å kartleggje og skilte opp på ny, slik at hovudtraséen går utanom stupet.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på varslingsvarden og vakthytta. Andre omsyn som bør takast, er:

- å legge til rette for varslingsvarden som vitjingsmål.

Bruk: Turmål

Hovudmål: Ta vare på veten, vaktbua og turopplevinga til varslingsvarden

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|-----------------------|---|---|----------------------|----------------------------|
| Ta vare på veten | Gode rutinar for vedlikehald | Restaurering og vedlikehald av vete | Historielaget | Kommune (SMIL) |
| Ta vare på vaktbu | Vedlikehald av vaktbu /ansvarsfordeling | Årleg ettersyn/ rapportering | Historielaget | Kommune (SMIL) |
| God utsikt frå varden | Hogst /rydding | Organisere ryddedugnad | Kommunen/ grunneigar | Kommune |
| Lett tilgjenge | Oppdatere UT.no | Skifte/oppdatere om naudsynt | VNK | VNK |
| Fleire besøk | Gjere turen til veten attraktiv/ marknadsføring | Opptrykk og oppfølging av vardeheftet med stempel | Historielaget | VV/VNK |
| Motivering | Telje publikum | Oppfølging turbok statistikk | Historielaget | VV/historielaget |
| Turmål | God skilting | Skilte opp på ny | Kommune/VNK | Kommune/VNK/ historielaget |

Oppfølgingsansvar

Vestre Slidre kommune, historielaget, Visit Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark

6 Hamrissløtten

Hamrissløtten er ei bygdeborg frå folkevandringstida (om lag 400–600 år etter vår tidsrekning). På den tida, etter at Romarriket fall, var det stor uro og folkevandringar, og folk hadde ekstra behov for vern. Restane etter bygdeborgene minner i dag ikkje mykje om ei borg. Murane var berre bygd der terrenget ikkje gav vern nok i seg sjølv, og restane etter desse er ofte rasa saman og overgrodd. Dei låge murane gav ikkje nok vern, og svenske undersøkingar syner restar etter tømmerpalisadar som har hatt steinmuren som forankring. Enkelte borger hadde også tårn av treverk langs muren.



Figur 68: Del av bygdeborg på Hamrissløtten.

Brukshistorikk


Bygdeborgene vart nytta som tilhaldsstad under angrep. Bygdeborger som er undersøkt i Noreg, syner at dei er frå eldre jernalder, perioden 300–500 år e.Kr. Før Noreg vart samla til eit rike, bestod landet vårt av fleire mindre, sjølvstendige einingar med såkalla høvdingdømme.

Det har truleg vore behov for forsvar mot inntrengjarar, og bygdeborgene kan ha tent som forsvarsborger og tilfluktsstader. Borgene er nesten alltid lagt oppå stupbratte berg med godt utsyn. På den måten hadde høvdingen godt oversyn over ferdsel og varetransport. Inne i borga er det ofte ei kjelde, og i muren finst ei eller fleire port-opningar. Sjølv om ein ikkje har funne restar etter bygningar inne i borga, er det ikkje utenkjeleg at det har eksistert.

Området er relativt lite kjent og omtalt på nett og i bøker. Likevel har Hamrissløtet et stort potensiale som et vitjingsmål med eit flott område og utsikt utover fjorden. Historisk sett vitnar borgen om ein viktig stad.

Registreringar

Bygdeborga ligg på eit platå som er langstrekt i nord-sør-retning. I sør og aust endar platået i loddrette bergvegger. Skråninga nord for platået er også ganske bratt, medan skråninga i vest er slakare. Muren er lagt opp langs vestsida av platået der området er lettast tilgjengeleg. Sjølve muren strekker seg over om lag 100 m.



Figur 69: Kart frå Askeladden.no, 2024, 1:5000. Sløtet (reg.: 94523-1) er feilaktig plassert i kartdatabasen og skal liggje på austsida på neset. Kulturminne som er markert i sør beskriver ein gravrøys (reg.: 87913-1). Raud ring visar omtrentleg plassering av borgen på Hamrissløtet.

Ein stad er det ei tydeleg opning i muren, og ein annan stad er det mogleg å sjå ei opning. Muren har rasa saman dei fleste stader, og steinane ligg hulter til bulter. Slik steinmassane ligg, varierer murbreidda frå snaue 1,5 m til 5 m. Breidda er størst der steinane har glide nedover skråninga. Nokre parti av muren er relativt godt bevart. Der er muren ein 1,9 m høg og loddrett vegg av tørrmura stein. Dette partiet er om lag 2,3 m langt (frå Askeladden.ra.no).

På nordenden av odden er det registrert gravminne der det er markert *Sløtet*. Bygdeborga er markert feil i Riksantikvaren sin database og skal ligge til høgre lenger aust på odden (sjå neste side). Området er i attgroing, og det som kan fungere som sti, treng rydding. Gjerda i området er i dårleg forfatning og treng vedlikehald.

Objekt til kart

Bygdeborga betyr mykje for mange i og utanfor Vestre Slidre. Derfor er det viktig at det blir tilrettelagt tilkomst til staden. Samstundes er det viktig at dette ikkje kjem i konflikt med grunneigaren sine interesser. Sjå forslag til parkering og sti nedanfor. Forslaget er ikkje endeleg avklara med grunneigar, og det er viktig at all tilrettelegging skal skje i samarbeid med dei.



Figur 70. Forslag til parkeringsplass og sti inn til området. Forslaget er ikkje bekrefta av grunneigarar

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Bygdeborga er eit sjeldsynt minne i Vestre Slidre som knytter historia i Vestre Slidre tettare opp mot straumdrag i heile Europa. Hamrissløtet er også eit viktig minne som mange innbyggjarar i Vestre Slidre veit om. Vidare ligg borga ganske sentralt og ikkje langt frå Vestre Slidre skule.

Utfordringar

Det er mange som har lyst til å besøke Hamrissløtet, men for å kome dit må ein krysse privat grunn. Utfordringane knytt til bygdeborga er tilgjenge og tilrettelegging i samarbeid med grunneigarar. Samstundes vil betre tilgjenge auke risikoen for slitasje på kulturminnet.

Forslag til forvaltning

Det bør opparbeidast avtalefesta sti inn til kulturminnet. Vidare bør det opparbeidast ein parkeringsplass i samarbeid med grunneigar. Det bør setjast opp god informasjon både ved parkering og ved sjølve borga i tillegg til turskilt som anviser stien. Videre følgjer en *forskrift om vern av Sløtet naturreservat* frå 2022 (lovdata.no).

Spesielle omsyn:

- Bevare det som er att av bygdeborga
- Legge til rette for auka tilgjenge
- Gode avtalar med grunneigar

Bruk: Turmål, undervisning

Hovudmål: Gjere minnet tilgjengeleg for publikum

Aktuelle tiltak: Forslaga nedanfor er ikkje bekrefte frå grunneigar. Alle tiltak skal gjennomførast med grunneigar sitt samtykke.

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|----------------------------|-----------------------------------|---|----------------|-----------------------------------|
| Tilgjenge | Logistikk | Parkeringsplass | Kommune | Kommune |
| Tilgjenge | Gangbar sti | Rydde sti | Kommune | Kommune |
| Logistikk | Informasjon | Skilt til parkering | Kommune | Kommune/VNK |
| Kunnskap/reduere konflikt | | Infotavle ved parkering | OFK | OFK/Sparebankstiftinga Kommune |
| Tilgjenge/reduere konflikt | Grunneigar-avtale | Merke stig | Kommune | Kommune |
| Kunnskap/verdiskaping | Utarbeide informasjon | Infotavle ved Sløtet | OFK/VNK | |
| Informasjon | Korrekt informasjon om plassering | Korrigere koordinatar for kulturminne i kartdatabasar | Kommune/RA/VNK | Riksantikvaren |

Oppfølgingsansvar

Vestre Slidre kommune, Innlandet fylkeskommune

7 Tingsteinen

Tingsteinen ligg i Slidrefjorden rett nedanfor Slidre sentrum. Til steinen knyter det seg segn om kristninga av Valdres og Vestre Slidre i 1023. Tingsteinen ses som ein viktig tradisjonslokalitet i kommunen, og ligg som ei bauta i Slidrefjorden.

Brukshistorikk

St. Olavsstein blir kalla "Tingsteinen". Olav den heilage skal ha halde ting med bøndene ved denne steinen då han kom i kristningsferd til Vestre Slidre. Sjølve steinen er ei stor flyttsteinsblokk som ligg ute i Slidrefjorden like innved breidda. Tingsteinen er i dag eit rekreasjonsområde, og kommunen har lagt til rette ein raste- og badeplass. To steinblokker er plassert mellom breidda og Tingsteinen, slik at ein kan nå han utan å gå i vatnet. Plassen er også nytta til båthamn.



Figur 71. Båtplassen i framkant av Tingsteinen. Foto: Svein Erik Ski




Figur 72. Inskripsjon på Tingsteinen.

Registreringar

Øvst på steinen er det hogd inn: *VED FEIRINGEN AV SLIDREDOMENS 800-ÅRS JUBILEUM SØNDAG 4. OKTOBER 1987*. Litt lenger nede er det hogd inn *Olav 5*. På den andre sida er det hogd inn *TINGSTEIN 1023*. Inskripsjonane ble måla opp i 2023 i tråd med føringar frå Innlandet fylkeskommune. Like ved steinen ligg ei strand med brygge.

Objekt til kart



Figur 73. Forslaget til omsynssone inkluderer strandarealet.

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Steinen med historia om tingstaden og kristninga av Vestre Slidre i 1023 er ein viktig del av historia i Vestre Slidre. Staden i seg sjølv er lett tilgjengeleg med eit flott, tilrettelagt strandareal. Dette er med på å løfte opplevinga av steinen som turmål og opplevinga av området.

Utfordringar

Minnet er av immateriell art, og det knyter seg ingen spesielle utfordringar til steinen anna enn å halde kunnskapen aktiv.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigste er å ta vare på steinen og segna som knyter seg til han. Andre omsyn som bør takast, er:

- tilgjenge
- informasjon

Bruk: Besøksmål


Hovudmål: Kunnskap og formidling

Aktuelle tiltak:

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|-----------------------|-----------------------|---|-----------------------------|--|
| Auka kunnskap | Informasjon | Setje opp Informasjonstavle i løpet av 2024 | Kommune/VNK | Kommune/ Slidre Vel/ Gjensidigestiftinga |
| Auka kunnskap | Informasjon | Marknadsføring | Kommune/VNK | Kommune/VNK |
| Betre tilrettelegging | Synlege inskripsjonar | Halde auge med inskripsjonanes synlegheit | Kommune | Kommune |
| Auka tilgjenge | | Vedlikehald areal | Kommune/Slidre grendelag | Kommune |

Oppfølgingsansvar

Slidre Vel/kommune



Figur 74. Tingsteinen.

8 Støling i Vestre Slidre vestfjell – Stølsvidda

Stølsdrift er definert som eit eige ansvarsområde for Valdres. *Stølsvidda* er eit konstruert omgrep som er blitt etablert for å forenkle søknadsprosessar og avgrensingar. Stølsvidda i Vestre Slidre blir sett i samanheng med Stølsvidda i Nord-Aurdal og som ei utviding av den. I denne kulturmiljøplanen vil det hovudsakleg fokuserast på delen i Vestre Slidre – som er betre kjent som Vestre Slidre Vestfjell. I tillegg til enkeltminner på Stølsvidda ses også konseptet *støling* som et immaterielt kulturminne.

Brukshistorikk

Stølsområdet har vore brukt til husdyrdrift i truleg over 1000 år. Ingen har freista å datere stølsdrifta, så vi veit ikkje når denne driftsforma starta i Vestre Slidre. Føremålet er husdyrbeiting med mjølkeproduksjon, som har gjeve det opne landskapet med lågt veksande vegetasjon med ein heilt spesiell arts-samansetnad. I tillegg til beiting har området vorte nytta til fangst, fiske, jarnutvinning, sanking og småskalaturisme. Talet på stølar i aktiv mjølkedrift er redusert frå om lag 250 til 33 per 2024. I nyare tid ser vi ein tendens til færre småbruk og at enkelte bruk kan halde fleire fe enn tidlegare. I tillegg ser vi færre mjølkekyr men fleir ammekyr på stølane. Beitepresset kan såleis tenkast å vere relativt høgt, men uttaket av ved er mykje mindre enn før. Stølen er og har vore svært viktig for at gardane skal ha nok vinterfôr.

Stølsvidda karakteriserast av opne landskap med nok så gamle og beskjedne hus og fjøs, med omkringliggende vatn og fjelltoppar.



Figur 75. Trøllhøvd. Foto: Svein Erik Ski

For fleir av dei som hadde gard på austsida av Slidrefjorden ble folk og fe frakta over Einangsundet i ei ferje, i mangel på ei bru. Einangsferja var i drift frå 1929 til 1963. Ferje var festa i ei vaier med ei talje, slik at dei kunne dra seg over fjorden. Einangsferja står no på Valdres folkemuseum.



Figur 76: Einangsferja Foto: ukjent/Valdres folkemuseum



Figur 77: Kvinne med rive på stølen, med selet og delar av fjøset i bakgrunn. Foto: ukjent/Valdres folkemuseum

Avgrensing


Området er avgrensa til stølsområda i statsallmenningen på veståsen i Slidre. Mot søraust grensar området til omsynssona på Stølsvidda i Nord-Aurdal, og i Vang mot stølsområda Helin, Smådalen og Nørre Syndin.



Figur 78. Forslag til avgrensing av omsynssone innanfor skravert område.

Registreringar

Av kulturminne innanfor område er det fleire SEFRAK-registrerte hus og eit freda stølstun (Kinnhølt under Rå). I tillegg er det fleire fangstgroper for rein, jarnvinneanlegg og kolgroper i stølsområdet.




Figur 79. Registrerte arkeologiske kulturminne (raude punkt) og SEFRAK-registrerte bygg (trekantar) frå databasen Askeladden til venstre. Til høgre vedtaksfreda stølstun med jorde på Kinnhølt. Kjelde: Askeladden

Innanfor området ligg også det vedtaksfreda stølstunet med jorde under garden Rå på Kinnhølt.

Stølsregistreringar

I samband med stølsregistreringane i Valdres er det registrert både kulturminne, beite og reksler i området. Nedanfor ser vi beite og reksler innanfor området.



Figur 80. Beite og reksler innanfor området til venstre og registrerte kulturminne frå stølsregistreringane i Valdres (rosa prikkar) til høgre.

I arbeidet med stølsregistreringar på Trøllhøvd var skulen involvert.



Figur 81. Skulen var involvert i stølsregistreringane i Vestre Slidre. Foto: Hanne Lykkja



I figur 7 nedanfor kan vi sjå registrerte kulturminne i Vestre Slide gjennom stølskartlegginga som stølsbrukarar, kommunen og Valdres Natur- og Kulturpark gjorde i 2007–2010. Dei fleste minne er knytt til stølsdrift og er frå nyare tid. Over 600 minne er registrert og koordinatfesta med GPS.

Registreringar av planter og dyr

I samband med den kommunale registreringa av biologisk mangfald har ein kartfesta kulturlandskap (til venstre) og observasjonar av enkeltarter (til høgre). Det er arter av både planter og dyr, då spesielt fugl. Av planter er det registrert fleire sjeldne beitemarksoppar, raudlista planter og vegetasjonstypar som er knytt til kulturlandskapet. Nokre typiske arter er marinøklar, bakkesøte, snøsøte, engmarihand, grønkurle og ballblom med fleire. Mest spesielt er funnet av ein sterkt truga (EN) mose: sagtrompetmose. Den er registrert berre fem stader i Noreg. Han er funnen på Hjellestølen og er avhengig av gamal kumøk, og derfor avhengig av drift med kyr.

Av fugl er det registrert våtmarks- og vassavhengige fuglar som storspove, smålom, storlom, trane, myrhauk og fleire.

I 2019 ble det utarbeida ein ornitologisk rapport for stølsvidda som kan sjåast i sin heilheit her: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-innlandet/07-landbruk-og-mat/jordbruk/miljotiltak/utvalgte-kulturlandskap/ukl-stolsvidda/stolsvidda-ornitologisk-rapport-2019.pdf>



Figur 82. Kulturlandskap i grøn skravur (til venstre) og enkeltarter av planter og dyr til høgre (grå punkt og skravur). Oransje punkt på kartet til venstre er utvalgte naturtyper. Kartet til venstre, nedst til venstre med raud skravur, viser også våtmarksreservatet Øynadn. Kartgrunnlag frå Naturbase.



Figur 83. Marinøkkel veks framleis på stølsvidda i Vestre Slidre. Foto: Thor Østbye

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Stølsområda er unike når det gjeld å ta vare på den tradisjonelle haustingskulturen. Det er i dag ca. 780 setre i aktiv drift på landsbasis, og Vestre Slidre har i overkant av 4 prosent av desse (Dybdahl, 2024). Området er også godt eigna til verdiskaping med tanke på matproduksjon, formidling og opplevingar. Området skil seg dessutan ut når det gjeld byggeskikk, biologisk mangfald/økologi og tradisjon.



Figur 84. Kyr på Stølsvidda. Foto: Svein Erik Ski

Utfordringar

Talet på brukarar har gått kraftig ned, hovudsakleg fordi det samla talet på mjølkeprodusentar er redusert. Samstundes er enkelte besetningar gått inn i samdrift der kyrne ikkje nyttar stølane om sommaren. Utfordringa er å halde fram med stølsdrift for unge brukarar innanfor dagens rammer. Likevel er områda med lågast beitepress i ferd med å gro att. Det tas ut betrakteleg mindre ved frå stølsvidda enn tidlegare, det resulterer i gjengroing av bjørkeskog som igjen gir mindre beite.

Forslag til forvaltning

Det viktigaste for stølsområdet er at det er i bruk som husdyrbeite. Det må leggjast til rette med god logistikk og tilrettelegging for bruk med tilhøyrande vegar og bygningar. Vidare er det viktig at området blir nytta av folk til ferdsle og berekraftig utnytting til sanking og hausting, aktivitetar og reiseliv. For målretta forvaltning bør det utarbeidast ein forvaltningsplan for stølsområdet.

Ein utfyllande forvaltningsplan er laga av UKL og kan sjåast her:

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-innlandet/07-landbruk-og-mat/jordbruk/miljotiltak/utvalgte-kulturlandskap/forvaltningsplan-ukl-stolsvidda-november-2017.asd.pdf>

Spesielle omsyn:

Beitedyr har høgast prioritering i området. Det skal takast

- omsyn til tradisjonelle reksler og beiteområde
- omsyn til eksisterande bygningsmasse og byggeskikk
- omsyn til minne og historia som er knytt til stølsområda
- spesielle omsyn til tråkk og ferdsle der det er registrert prioriterte naturtypar

Bruk: Beiting, hausting, fiske, jakt, fjell- og landbruksbasert næringsverksemd, kunnskapsbasert turisme, rekreasjon.

Hovudmål: Berekraftig bruk av stølsområda

Aktuelle tiltak:

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|---|--|--|--|---|
| Betre tilgjenge | Planar for bruk, rydding og tilrettelegging av stølsområda | Rydding av beite og reksler inn til beiteområda | Kommune, stølsbrukarar, hytteeigarar | Kommune |
| Ta vare på landskap og biologisk mangfald | Planar når det gjeld beitekvalitet og botaniske verdiar | Auka og målretta beiting | Stølslag, beitebrukarar | Kommune/ Fylkesmann |
| Auka kunnskap | Utarbeide informasjon (ein del av forvaltningsplanen for stølsområdet) | Lage faldarar, setje opp infotavler | Fjellstyret, kommunen med hjelp frå VNK, stølslag Bioforsk | Kommune Sparebankstiftinga/ UNI-stiftinga |
| Utnytting av beite-ressursar | Tilrettelegging for framtidig stølsdrift og beiting | Tilpasse verkemiddel | Kommunen, fjellstyret | Kommune (SMIL)/ Øymerkt eigedomsskatt |
| Ta vare på bygningar og byggeskikk | Rutinar for å ta omsyn til byggeskikken | Tilpasse verkemiddel med støtte til vedlikehald, kurs og informasjon | Kommune, huseigarar | Norsk kulturminnefond/SMIL |
| Auka næringsutvikling og bruk | Stimulere til natur- og kulturbasert turisme i stølsområda | Mobilisering, rettleiing | Kommunen, stølsbrukarar, biologar, naturguidar, enkeltbedrifter, gards- og stølsnettverket | Kommunen, Innovasjon Norge, Valdres Næringshage |
| Auka kunnskap og bruk | Involvere born og unge | Utarbeide opplegg for Den kulturelle skulesekken/undervisning | Kommune | Kommune/ Valdresmusea/ fylkeskommunen |
| Auka volum på mat frå fjellet | Stimulere til auka matproduksjon frå fjellet | Støtte opp om matnettverket i Valdres | Kommune/VNK, Lokalmat frå Valdres, osteløypa o.a. | Kommune/ Innovasjon Norge |

Oppfølgingsansvar

Vestre Slidre kommune, fjellstyret, stølsbrukarar og huseigarar.



Figur 85. Byggeskikken i stølsområda har utvikla seg saman med funksjonelle behov på stølen. Foto: Svein Erik Ski

9 Fosheim industristad

Brukshistorikk

Fosheim ligg gunstig til langs elva med tanke på småindustri. Ved hundreårsskiftet frå 1800- til 1900-talet utvikla området seg til ein tettstad med skysstasjon, mølle, sagbruk, meieri og kraftverk, hotell og etter kvart anna næringsverksemd. Utgangspunktet for etablering av småindustri var fossen som renn mellom Slidrefjorden og Ferisfjorden. I 1928 ga kraftverket straum til Fosheim sæter, Fosheim gard og Lundin gard i tillegg til mølle, sag og meieri. Delar av Fosheim er i dag i aktiv bruk som næringsområde. Sagbruket ved fossen fungerer som byggvareforretning. Tine la ned meieridrifta på Fosheim for nokre år sidan, men lokala blir no delvis nytta av Valdresmeieriet AS under varemerket og familien Wangensteen.

Skysstasjonen er ikkje i bruk i dag. Til skysstasjonen høyrer ein paviljong med måla dekorasjonar. Den gamle landhandelen – kaldt Catohuset – blir leigd ut til nye innbyggjarar. Det opphavlege huset brann ned i sin tid og har vært erstatta med eit nyare bygg. Fosheim fungerer som tettstad i dag, og i seinare tid har Lena maskin, Kiwi, Røn VVS med fleire etablert seg i eit større næringsmiljø i Røn. Hotelldrifta på skysstasjonen har opphøyr, men det ligg ti utleigehytter i nærleiken som er i drift.

I denne planen er det berre teke med den eldste delen som ligg på nedsida av Fosheim bru, sør for bilvegen; med sag, kraftverk, meieri og skysstasjon, bortsett frå den gamle landhandelen nordvest i området.

Vasskraft er utgangspunktet for utvikling av Fosheim som industristad.



Figur 86. Dette er den nye kraftstasjonen, drevet av Hafslund Eco Vannkraft

Registreringar

Innanfor området er det registrert landhandel, skystasjon med uteareal og paviljong, mølle, sagbruk, kraftstasjon og meieri. Skystasjonen med lysthus har eit bruksareal på 1615 kvadratmeter og inneheld mellom anna kaféløale, kjøken, spisesal, bibliotek, peisestue med bar og 13 gjesterom med bad. I tillegg er eit lysthus, bryggjeanlegg og ti utleigehytter. Lysthuset er like gamalt som hovudbygningen og inneheld veggmåleri.

Meieriet vart etablert i 1938 då meieriet tok over etter meieriet ved Neselva i Nord-Aurdal. TINE la ned meieriet i 2014. I dag bruker Valdresmeieriet AS delar av produksjonslokala mellom anna til mjølkefordling.



Figur 87. Østlandsmeieriet etablerte seg i Røn i 1938. Foto: Valdresmusea. Fotograf: Olav Neste.



Figur 88. Tine la ned drifta i Fosheim meieri i 2014.



Figur 89. Nedlagt mølle og kraftstasjon.



Figur 90. Fosheim skyssstasjon står tom.



Figur 91. Lysthuset til Fosheim skyssstasjon. Til høyre: anno 1950. Ukjent fotograf. Frå Nasjonalbibliotekets arkiv.



Figur 92. Utleiehytter ved sida av Fosheim skysstasjon. Desse er i drift.




Figur 93. Saga er i dag byggjeverretning



Figur 94. Det gamle samvirkelaget står no tomt. Sist var det ein trevarebutikk her.

Objekt til kart



Figur 95. Fosheim/Røn er regulert til næringsverksemd. Frå valdreskart.no

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|--|--|--------|----------------------------------|
| Ta vare på Fosheim som industristad | Plan for vedlikehold og bruk | Tiltak der det er naudsynt Søkje midlar | Eigar | Kommune Norsk kulturminnefond |
| Formidle historia kring industristaden | Plan for tilrettelegging og formidling | Søkje midlar Utarbeide informasjon og tilrettelegging | | Kommune Uni-stiftinga |

Oppfølgingsansvar

Eigar

10 Holdalsfoss industri

Brukshistorikk

Sagbruket på Holdalsfoss tilhøyrar Vestre Slidre og var en av fleire stader langs Øystre Slidreåne som tidleg etablerte eit vasskraftanlegg for industrielt bruk. I 1819 beskriver ein husmannskontrakt at det er sag, stampe, kvernhus og smie på vestsida av Holdalsfossen. Stampa og smia ble fornya av Ola Gudbrandssønn Fossen (1818-1903), han bygde også trøstogo og moderniserte saga. Vidare ble ei vassturbin flytta frå Høvsfossen til Holdalsfoss rett etter andre verdskrig. Det er berre trevarefabrikken – Foss trevarefabrikk – vest for Bygdinvegen og saga – Fossen sag – aust for Bygdinvegen, samt deler av turbinen, som framleis står i meir eller mindre sin opphavlege stand. Foss trevarefabrikk laga mellom anna møbler og leiker i sin tid. Fossen sag, stampe, kvernhus og smie ble brukt til industri.


Plassen bærer no preg av utleiehytter og campingdrift. Den familiedrivne campingplassen Fossen Camping ble starta opp i 1962 og er framleis i drift. Heile området ligg under 79/9.



Figur 97. Til venstre: Fossen sag med deler av turbinen til høgre i bilete, to bjørk har funnet rot ved bygningsmassen. Til høgre: Ei nyare sag i støypejern på innsida av bygningen.

Registreringar

Innanfor området er det registrert tre kullframstillingsanlegg frå jernalder/mellomalder. To av disse ligg på 79/9. Vidare er det registrert ei trevarefabrikk, sag og turbin. Ein bygningsvernrådgevar har gjort ei vurdering av den gamle trevarefabrikken. Deler av taket har fått ei anna tekking, elles framstår mykje av bygningen som original. Bygningen er i relativt dårleg stand. Mykje på grunn av vatn som samlar seg under bygningen og gjer grunnmuren ustabil. I tillegg er det ei gamal original stikkrenne som går under Bygdinvegen.



Figur 98. Kullframstillingsanlegg markert med «R». Blå piler markerer trevarefabrikk og sag. Henta frå: kulturminnesok.no, 2024




Figur 99. Foss trevarefabrikk. Til høgre: vatn under bygningen med fleir forsøk på strakstiltak for å unngå ras. Foto: privat.



Figur 100. Ei mur mot vassdraget vart rast under uvêret Hans i 2023.

Objekt til kart



Figur 101. Den grå linja visar kommunegrensa mellom Vestre Slidre og Nord Aurdal. Campingplassen ligg i Vestre Slidre. Henta frå valdreskart.no, 2024

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Holdalsfoss er ein del av nyare tids historie i Vestre Slidre. Holdalsfoss er ein del av utviklinga kring hamskiftet i landbruket med overgangen frå naturalhushald til industrialisering. Fossen Camping driftast av engasjerte eigarar som ynskjer å bringe tilbake historia knytt til området, samt unngå forfall av dei historiske bygningane.

Forslag til forvaltning

Det bør samlast historie og fakta som kan fortelje Holdalsfoss' historie og rolle i industrialiseringa av Vestre Slidre. Strakstiltak bør gjerast på sag og trevarefabrikk for å unngå forfall. God skjøtsel rundt kulturminna vil med fordel auke publikums inntrykk.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på og legge til rette for ny bruk og aktivitet. Det bør leggjast vekt på å formidle kulturhistoria i vidare utvikling.

Bruk: Næringsverksemd, kulturaktivitetar

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|--|--|---------------|---------------------------------|
| Ta vare på bygningar | Plan for vedlikehald og bruk | Tiltak der det er naudsynt | Eigar | Eigar/ Norsk kulturminnefond |
| Skape eit heiltaleg intrykk | Synleggjere kulturminna | Skjøtsel og opprydding | Eigar | Eigar |
| Formidle historia kring industristaden | Plan for tilrettelegging og formidling | Søkje midlar Utarbeide informasjon og tilrettelegging | Eigar/kommune | Søknadsmidlar |


Oppfølgingsansvar

Eigar

11 Busetjingsspor på Rensenn

Brukshistorikk

Buplassen på Rensenn har vore i bruk i fleire omgangar gjennom store delar av jarn- og mellomalderen. På staden er det tufter frå ulike fasar frå jarnalder og mellomalder. På grunn av karakteristisk utforming av eldstaden er det diskutert om den siste busetjingsfasen kan tolkast som samisk busetjing. Dersom dette er tilfelle, er det unikt og kan endre vår oppfatning av historia knytt til samkvemmet mellom norsk og samisk busetjing i eldre tid.




Figur 102. Teikning av sametufta slik ho kan sjå ut.

Registreringar

På Rensenn er det funn etter noko som kan tolkast som ei sametuft. Denne er frå siste del av mellomalderen. Det bør også undersøkast om det kan vere fleire samiske kulturminne i området. I området ikring er det registrert mange fornminne – dei fleste knytt til jarnutvinning. I nærleiken ligg også ein flyttblokk med skålgroper (ein type helleristingar frå bronsealderen), men desse har truleg ingen samanheng med sametuftene. Likevel spekulerast det i at det kan ha blitt brukt som offerstein eller legnande. Til saman er det fire tufter, ei rund, ei oval og to hesteskoforma.

I 2009 ble den eine gammetufta utgraven av arkeologar, kor det ble funnet eit spinneshjul og garnsøkke (Gjerde, 2011). Vi kan dermed anslå at de spant garn av saueull for å lage klede, og fiska med garn i vatnet. Talrike kulturminne etter jarnutvinning viser at det har føregått jarnproduksjon i området. Det har tidlegare stått ei smie på den eine gammen, og det er spor etter matlaging i kokegroper frå fleire periodar i jarnalder (Gjerde, 2011).



Figur 103. Det er rikt med kulturminne ved Rensennvatnet.

Objekt til kart

Sjølve buplassen ligg rett ved ein avstikkar frå Panoramavegen – vegen frå Røn til Nøsen.



Figur 104. Buplassen er markert med pil. Ved vatnet ligg ei båtstø og eit jarnvinneanlegg.

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Det er svært truleg ei samisk busetjing, og er derfor ein av dei sørlegaste samiske buplassane som er dokumentert. Dette set tufta i ei særstilling.

Utfordringar

Utfordringane knyter seg til at kulturminnet ligg tett ved veg og kan vere utsett for slitasje og annan uønskt bruk. I tillegg er det ei utfordring å gje god fagleg informasjon.



Figur 105. Utsikt til Rensenn frå Kinnhølt. Foto: Svein Erik Ski

Forslag til forvaltning

Det er Sametinget som no har forvaltningsansvaret for dei fire hustuftene. Fylkeskommunen har forvaltningsansvaret for skålgropsteinen og jarnvinneanlegga rundt om, samt nausttufta ved vatnet.

I løpet av 2024 vil det settast opp to nye informasjonsskilt, to piknikbord, samt etablerast ei eldstad på området. I tillegg skal det leggst ei skifersti som går utanom tuftane for å forhindre slitasje i terrenget gjennom tuftene. Vidare skal det lagast eit T-kryss frå bilvegen for å hindre bussar å køyre inn til kulturminne. Bussar har likevel moglegheit for å parkera på nordsida av vatnet. Pilskilt/turskilt blir satt opp ved innkøyringa. Planane er laga i regi av Sametinget i samråd med Fylkeskommunen, Fjellstyret, Historielaget og Vestre Slidre kommune. Det er også planlagt ei opning av kulturminne på hausten 2024 når kulturminne er ferdig tilrettelagt.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ikkje øydelegge minnet. Vidare er det viktig at det blir gjeve rett informasjon om busetjingsplassen.

Bruk: Besøksmål og kunnskapsutvikling

Hovudmål: Bevare minne og auka kunnskap om samkvem mellom samar og bønder i mellomalderen.

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--------------------|--|--|--|--|
| Bevare minnet | Kontroll med status | Synfaring | Innlandet fylkeskommune/ Sametinget | Innlandet fylkeskommune/ Sametinget |
| Auke kunnskap | Gi informasjon | Oppdatert kunnskap og tavle på staden | Sametinget/ Historielaget | Sametinget |
| Rette opp turskilt | Skilt med teksten «Rennsenn» skal bytast til «Rensenn» | Nytt turskilt med korrekt staving | Kommune/VNK/DNT | Kommune/VNK/DNT |
| Flytte gangsti | Tilrettelegging av gangsti | Legge skiferstein som indikerer sti | Sametinget/kommune | Sametinget |
| Tilretteleggje | Rasteplass | Bord med benker og eldstad | Historielaget | Sametinget |
| Skjøtsel | Årleg tilsyn og lett vedlikehald | Planlegging av utskifting av bl.a. øydelagde/utslitne skilt, stolper og benker | Kommune | Kommune |
| Skjøtsel | Vedlikehaldsbehov | Utskifting av diverse | Kommune/Sametinget | Sametinget |
| Bevare minnet | Hindre unødig slitasje | T-kryss frå bilveg | Fjellstyret | Sametinget |

Oppfølgingsansvar

Sametinget/Innlandet fylkeskommune

12 Historiske vegar i Vestre Slidre

Den Bergenske Kongevegen gjekk gjennom dalføret og gjennom Vestre Slidre sentrum i ulike tidsrom. Pilegrimsvegen til St. Thomaskyrkja er frå mellomalderen. Den originale ruta for Pilegrimsvegen gjekk stort sett der E16 går, men dagens pilegrimsveg er ein rekonstruert versjon. Historia knytt til veggen er likevel viktig, og derfor er veggen definert som eit kulturminne.

Fleire stiar og veger går også på tvers av dalføret, og langt i frå alle er tekne med her. Dei mest kjende går på åsen mellom Vestre og Øystre Slidre. Der går Kvamsvegen frå Lomen og Prestevegen frå Slidre. Kvamsvegen vart nytta som kyrkjeveg, medan både Prestevegen og Kvamsvegen vart nytta av presten fram til Øystre og Vestre Slidre prestegjeld vart skilt i 1849. Kvamsvegen var hovudsakleg ein handelsveg – mogleg i forbindelse med saltvegen som gjekk vestover. Frå Lomen er det også registrert ein køyreveg frå skystasjonen på Løkje til Dale i Øystre Slidre. Denne var roteinndelt på same måte som kongevegen. Det er også registrert ein oppmura vegstubb nord for Grønsennknippa.

Brukshistorikk

Frå mellomalderen og seinare frå tida då Vestre og Øystre Slidre var eitt prestegjeld, gjekk mykje ferdsel over åsen – både på Kvamsvegen og Prestevegen. Prestevegen vart lagt som kjerreveg for presten. I dag er desse turvegar, og Prestevegen blir også brukt som veg til varslingsvarden på Kvithøvd. Prestevegen er skilta av kommunen, medan Kvamsvegen vart skilta av Bygdeungdomslaget på dugnad. Kongevegen er godt etablert i Vang etter prosjektet *Kongevegen over Filefjell*. Veggen nyttas som turveg og fekk dei prestisjefulle utmerkingane *Vakre Vegars pris* i 2014 og *Europa Nostras kulturminnepris* i 2017.



Figur 106. Skilting til Kvamsvegen og til Pilegrimsvegen ved Lomen stavkyrkje. Piktogram er utsliten på Pilegrimsvegen-skiltet.



Figur 107. Prestevegen til Volbu fungerte som kjerreveg for presten.



Figur 108. Kvamsvegen. Foto: Nils Berge Sundfør

Frå 2005 blir vegen nytta som pilegrimsveg med organiserte vandringer frå Hedalen stavkyrkje til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Det er i dag eit eige styre og ein dagleg leiar knytt til pilegrimsvandringa i Valdres.



Figur 109. Pilegrimsvegen går forbi Einangsteinen. Foto: Trond Øigarden

Det går også fleire stiar på tvers av dalføret mot Hemsedal. Det er ein stubb av ein stølsveg/vandreveg over fjellet nord for Grønnsennknippa. Heile stien går frå Mosvatnet til Sørre Trøllhøvd, men ein liten bit på austsida er spesielt oppmura. Stien blir kalla *Gamle stølsvegen*.

Kongevegen


Kongevegen er frå 1793 og vart bygd på kongeleg forordning og gjekk mellom Kristiania (no Oslo) og Bergen. Det er den eldste samanhengande vegforbindelsen for hestekøyrer mellom aust- og vestlandet. Vegen vart seinare erstatta med Den Bergenske Hovedvei, og gjekk ut av bruk då bilen kom. Delar av vegen er under asfalt, noko er dyrka opp, medan stubbar av vegen er godt bevart. I Slidre og Røn er det delar av vegen som er synlege.

Kongevegen er rusta opp på delstrekningar mellom Oslo og Bergen. I 2016 opna strekninga *Kongevegen over Filefjell* som den første fullrestaurerte biten i Valdres. Det er eit mål å utvide Kongevegen-prosjektet til å gjelde alle Valdreskommunane ved å restaurere, skjøtte og skilte opp vegen der det let seg gjere. For Vestre Slidres del er det i fyrste omgang snakk om vegen som går frå Høre til Rødvang, inn mot Vevstogo frå vest, Volden i Slidre og frå Hande til Fosheim i Røn.

Den bergenske kongeveg er ein av seks offisielle kongevegane i Noreg.



Figur 110. Logo for de offisielle kongevegane, med krone og karjol.




Figur 111. Kongevegen slik den skal ha gått gjennom Vestre Slidre. Henta frå innlandet.maps.arcgis.com, 2024



Figur 112. Kongevegen i Røn går rett forbi ei Jettegryte.



Den originale Kongevegen frå om lag 1790 ble lagt rett fram i luftlinje så langt det let seg gjere, og måtte såleis ta konsekvensen av høgdekurver som kunne vere vidløftige. Rundt 1850 ble delar av Kongevegen i staden bygget rundt terrenget i større grad. Dette ser vi til døme på der vegen splittar seg i to ved Rødvang.



Figur 113. Strekinga frå Rødvang til Skjette ble rydda i 2023. Men det er stadig løypande utfordringar knytt til vegetasjonsskjætsel. Henta frå inlandet.maps.arcgis.com, 2024

Objekt til kart



Figur 114. Dei prioriterte vegane

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Dei gamle vegane og historiene om dei fortel oss mykje om korleis folk har flytta seg opp gjennom tidene. Vidare fortel dei mykje om impulsar og påverknad/kulturutveksling. Stiane blir brukt, men kan med fordel brukast mykje meir enn dei blir brukt i dag.

Utfordringar

Utfordringane knytter seg til vedlikehald og skjøtsel av veg og skilt. Stiar gror snøgt att, og spesielt kjerrevegeane har utfordringar ved at skogen veks inn på sidene. På kjerrevegeane er det også ei utfordring med køyretøy som slit på vegen og lagar køyrespor som er uheldige for drenering og vassavrenning. På enkelte skilt er symbolet på piktogramma viska ut. Desse bør skiftast ut med symbola til innovativ fjellturisme.



Det knytter seg også utfordringar til oppsetjing av god og pedagogisk turinformasjon og oppdatering av skilt.

Når det gjeld Kongevegen, er det berre vegstubben i Røn og Rødvang som er mogleg å gå. Bitane lenger opp i dalføret er berre stubbar og ikkje eigna til turformål.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er at stiane blir haldne opne, merkt og nytta.

Bruk: Stiane skal nyttast som vandrevegar.

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|-------------------------------------|--|--|-------------|----------------|
| Ta vare på stiane som kulturminne | Bruke lokal kompetanse og eigarskap | Rydde og vedlikehalde stiane | Kommune | Kommune/VNK |
| Opparbeide stigen Løkje-Dale | Måle inn, rydde og merke | Legge til rette for vandring | Kommune | Kommune/VV/VNK |
| Få fleire ut på tur | Motivering | Arrangere turar | Kommune | Kommune/VNK |
| God turinformasjon | Enkel skiltplan etter mal frå Innovativ Fjellturisme og VNK. | Gå over eksisterande og vurdere nye tavler og skilt. Oppdatere piktogram | Kommune | Kommune/VV/VNK |
| God turinformasjon | Kartlegge <i>Gamle Stølsvegen</i> | Turskilt og eventuelt anna tiltak | Kommune | Kommune/VNK |
| Tilgjengelegheit | Kartlegge stiane med .gpx | Digitalisere stiane på blant anna ut.no | Kommune | Kommune/VNK |
| Etablere Kongevegen gjennom Valdres | Kartlegge og gå opp stiane | Skjøtte og skilte Kongevegen i Vestre Slidre | Kommune/VNK | Kommune/VNK |

Oppfølgingsansvar

Kommunen

13 Hulabakhøla

Hulabakhøla er ei hule der Hulabaken skal ha hatt gøymestaden sin. Høla ligg på om lag 1300 moh. i austhellinga under Gråkampen. Forteljinga om Hulabaken finst i mange variantar i Valdresbygdene, og har vorte skriven ned av fleire. I versjonen til bygdediktaren Anders Underdal handlar historia om ein liten gut frå garden Hulbaken i Hemsedal. Guten fekk tilnamnet Hulabaken. Han sette seg som mål å skaffe seg store rikdomar og skattar, men han vil bygge opp formuen utan strev og vederlag. Ein dag kom han ut for ein haugkall, og haugkallen lurte til seg syster hans. I byte fekk Hulabaken ein huldrehatt som gjorde han usynleg for folk flest.

Derfrå går den turbulente historia mot rikdom. Skattane gøymde Hulabaken i to store holar i fjella rundt Grunke. Til slutt bestemde bønder frå Røn seg for å ta Hulabaken. Etter mykje strev lukkast dei i å få fatt i han, dei ville ha skattane hans, men Hulabaken nekta. I forsøket på å få utor han kvar han hadde gøymt skattane, miste han livet, men rett før han døydde, lyste han ei forbanning over bøndene.

Det finst fleire variantar av segna, og ein kan framstille Hulabaken på mange vis. Gjennom å bygge ut forteljinga får me fleire sider av saka, og då blir Hulabaken ein rikare karakter, ikkje berre ein tjuvphant.

Soga seier at Hulabaken svor hemn over dei som fanga og drap han, i sju ættledd. Det vert laga skodespel om stortjuven Hulabaken som vert satt opp i 2018; med Ådne G. Kolbjørnshus, Sivert Holmen og Cato S. Storengen.



Figur 115. Hulabakhøla. Foto: Jahn Børe Jahnsen

Brukshistorikk

Plassen er brukt som turmål og er på vegen til merkt sti til Gråkampen i Visit Valdres Topp 20. Høla blir også nytta av Brennabu Leirskole til opplevingsturar.

Registreringar

Det er ikkje knytt omsynssone til Hulabakhøla.



Figur 116. Lokasjonen til Hulabakhøla.

På neste side er eit dikt om Hulabaken skrive av lærar Torgeir Magistad i 1912:

Hulabaken, Torgeir Magistad 1912

No ska du faa høyra um Hulabakgut
som sto so ein skræk vesti fjello.
Fraa Hallingskarvet til Skagastølsnut
dei kann'n midt millom trøлло.

Paa gar'n Hulebak i Hemsedal grænd
som soknar til herade Gol,
der saag han dagsljøs, um soga fast stend,
dei meiner tri vikor fyrr jol.

Der barneaare gjekk som med gutungar flest,
var mor sin snille gut,
men ljose vonar som tidi dei brest
og vendis til sorg og sut.

I ungdommen var han ein mangfreistig gut,
drog tidlig paa eige ferd,
sleit ilt og laag ute i regn og slut,
fekk svida for missteki gjerd.

Med veiding og fisking paa heidi han laag,
til bygdars han ottast aa gaa.
Og hende det stundom, at folk honom saag,
han var kje i tale aa faa.

Ho mor sat heime med eit hjarta av sut
for son, som paa viddi for,
og for kvar ein gong ho gjennom døri gjekk ut
saag upp etter vegen mot nord.

Men guten kje kom, han burte vart,
um snjøen ved haustdags laag.
Men so sa ho ein morgon: "No kjem han snart;
eg drøymde i natt honom eg saag."

So kom det ein dag til bygdi eit bo,
det vart ikkje fagna vel.
Det lydde at ille paa stølarne sto
det innbrot i fleire sæl.

So vart det i love si erend sendt ut
fraa lensmann tri menn paa vagt,
for med von aa fanga den stimannsgut
og honom i jarn faa lagt.

Daa endeleg honom i armod dei fann
som uslaste træl paa flog.
Dei lurde seg paa'n med paa aaren det brann,
svint honom i jarni dei slog.

So til bygdi dei for, – ei syrjeleg ferd,
i holet han svint vart sett.
Dei stelte honom ille, ei gryseleg gjerd,
han èta laut uslaste rett.

So kom det til mori ein dag eit bo –
den helsing var tung aa faa;
ho segna i golvet, der ved peisen ho sto, –
var det slik ho skuld' guten faa sjaa.

So for ho til gar'n – der guten han var
og bad for sin kjære son;
men lensmann han stegla, som ukjur seg bar
og skjelde honom ut for tjøn.

I fangeholet bak jarnskodd dør
fekk ho møta sin arme son.
Ho fanga'n mildt som aldrig før;
han var mor sitt hjartebarn.

Paa den grove benken ho sette seg ned
og tala med sorgtung von.
Over ufjelga rom det kvilde slek fred
med signing um mor og son.

Daa guten fekk høyra um mor si ferd
og koss saki med lensmann sto,
so svor han ei hevn, tung og sver,
og med knoka i bordet han slo.

Men so ein morgon ved haustnat paa lag,
medan skodde um jordi seg dreg,
daa vart det paa lensmannsgar'n eit jag;
ti guten var stroken sin veg.

Bindet fraa augo ein skulde vel tru,
at guten han kasta no;
men endaa fortelja ein maa med gru,
paa villstig tilbake han drog.

Ein kveld han sto bak den ville nut
paa ein haug innmed Svartabergsua.
Den fredlause guten, det var Hulabakgut;
han høyrd i haugen det sa:

"Knut, min gute,
stend ikkje ute!
Kom i haugen inn!
skal ingen dykk finn!"

Fraa desse tider i huldrehatt
han for yver bygdarne vidt
og røva og plyndra ved dag og ved natt,
no gjekk han so trygt og fritt.

Dei skattar han rana paa stimannsveg,
han nedgrov i berg og haug;
men det meste av skatten skal dylgja seg
i Hydal ved hulder og draug.

So lova dei ut både æra og pris,
til den, som fekk guten ihende;
men han for fram paa sløgaste vis, –
han hesten sin skodde attende.

Bak Bukonofjelli ved "Graae ur"
dit mandefot sjeldan naar,
der hadde han bu under fjellets mur,
der langt inni fjellet gaar.

Skal nokon til dette holet finn,
maa gjera, som vismannen sa,
og ganga til ende av urdi inn
tri torsdagskvelden i rad!

Som rovdyri um natti dei ligg paa lur
paa sprang mot sitt arme bytte,
slik lurde tri mann ved den ville ur,
til minste knest dei lytte.

Ein sundagsmorgon um lag klukka tri;
han ottast kje faare ner;
i holet tilbake sin hatt lot bli,
bar ut sine sengjeklær.

Daa dei so av guten eit glimt fekk sjaa,
paa sprang so ein tiger seg kasta,
og mot jord sitt bytte med braahast dei slaa,
hans hender paa rygg dei basta.

So for dei til støl paa den grønne vang,
som ligg der ved fjellet sin fot.
Der mange seg samla og gjekk so igang
som villmenn honom tyna lot.

Til hummul paa drøgi dei surra vel fast
hans føter og spendte so fyr
ein fole og køyrde i ulend med fart, –
dei rasa som ville dyr.

So ga dei honom lisa, dei truga og ba,
sine skattar han skulde dei visa.
Men han svor dei hevn, um "nemesis" han kva
dei fekk ikkje noko aa vita.


Der ute i "Trugen" paa det smale nes,
som ber namnet den dag idag,
der drog han, dei meinar,
sitt siste andedrag.

Den uvigde jordi dei kasta so vekk,
der kvila den siste han fann.
Der er det enno ein grasfri flekk,
og jordi som der det brann.

Slik ende Hulebakguten sitt liv,
hans soga var tung og traa.
Den lærdom til kvar og ein ho giv;
ut paa villstig ein aldri maa gaa.

Slik runno dei aari for Hulabakgut,
som fuglen er fri i naturen.
Men i hugen sveiv minne um mor og ein gut
daa ho lærde'n blaase paa luren.

Objekt til kart



Figur 117. Hola ligg nedanfor Gråkampen

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Eventyret om Hulabaken er ei av mange viktige segner frå Valdres. Historia høyrer til den rike skatten av folkeeventyr me finn i dalføret. Soga om Hulabaken har også stor symbolverdi og er særleg knytt til Vestre Slidre. Vidare har hola eit potensial med tanke på formidling til born og unge, og til utvikling av opplevingsnæringar i Vestre Slidre.



Figur 118. Hulabakhøla sett innanfrå og ut. Foto: Kjell Arne Berntsen

Utfordringar

Det kan vere ei utfordring å sikre at historia blir fortald til komande generasjonar. Det er også utfordringar knytt til tilgjenge og informasjon. Det er til dømes berre sett opp skilt på staden, ikkje til staden slik at folk finn fram.

Vidare kan det vere ei utfordring med slitasje og utrasing dersom mange klatrar ned i hola. Dette har førebels ikkje vore noko problem

Forslag til forvaltning

Skilting, informasjon og utarbeiding av formidlingsopplegg

Spesielle omsyn:

Tilrettelegging for ferdsel må vere avklart med grunneigarar. Skilt og informasjon må haldast ved like.

Bruk: Turmål, formidling og dramatisering

Hovudmål: Ta vare på historia og knyte henne til verdiskaping

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|-----------------|---------------------------|--------------------------------|---------------|---------------------|
| Betre tilgjenge | Kartlegge behov for skilt | Skilte Leggje ut på ut.no | Kommune/VNK | Kommune/VNK |
| Kunnskap | Finne informasjon | QR-kode på skilt | Kommune | Kommune |
| Kunnskap | Formidle til born og unge | Innarbeide i undervisningsplan | Kommune | Kommune |

Oppfølgingsansvar

Vestre Slidre kommune

14 Midtre Løken, 37/4

Brukshistorikk

Garden var kjøpt av Ole Knutson Ødegaard i 1872, og først på 1870-talet bygde han våningshuset og starta skysstasjon. I 1880 kjøpte han naboeigedommen og bygde hotell det. Skysstasjonen vart då nedlagt etter 5-6 års drift til fordel for vanleg gardsdrift. Barnebarnet til Ødegaard, Ingebjørg, selde garden til Ivar J. Ringestad i 1931. Dotter hans, Ragnhild, dreiv pensjonat her frå ca. 1930 og til utpå 50-talet. Systerdotter hennar, Marit Bjørnstad, eigde garden og brukte det som feriebustad frå 1987 fram til 2014 då Gudny Berge overtok.

I 1892 var garden brevhus, og i 1912 var Løken også postopneri – fram til 1963.



Figur 119. Løken rundt hundreårsskiftet. Foto: Knut Knutsen

Etter at Gudny Berge overtok garden i 2014, er det gamle hageanlegget rydda. I hovudhuset er det sett i gang omfattande restaureringar med blant anna støtte frå Norsk kulturminnefond.



Figur 120. Fasade før hagen vart rydda. Foto: Gudny Berge



Registreringar

Til tunet er det SEFRAK-registrert våningshus og bryggjarhus. Våningshuset er opphavleg skysstasjon og posthus. Bryggjarhuset er to halve lafter som er satt saman, eigar ynskjer å rive huset ettersom det er ein svært omfattande restaureringsprosess. I tillegg er det eit fjøs og uthus frå midten av 1900-talet.



Figur 121. Hovudhuset er bygd i sveitserstil.

Til tunet høyrer eit hageanlegg med gardsplanter og ein frukthage. Frukttree er ein opphavleg sort som eigaren no har poda inn på nye tre.



Figur 122. Bryggjarhuset.



Figur 123. Låve med eit av dei opphavlege frukttrøa i framgrunnen.

Tunet er mura opp med steinmur av store steinar som er i ferd med å gli ut. Vidare er ein del av gardsvegen mura opp med tørrmur (vegen mellom køyrebru og opp i tunet) som også er i ferd å skli ut. Til tunet er det ein gardshage med gamle sortar rips, solbær og kirsebær.



Figur 124. *Styva piletre*




Figur 125. *Hagen nedanfor hovudhuset.*



Figur 126. Huset før restaurering. Foto: Gudny Berge

Objekt til kart



Figur 127. SEFRAK-registrerte hus med gul trekant. Foreslått avgrensning med raud linje.

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

På tunet står ein av dei to originale skysstasjonane i Vestre Slidre. Til tunet høyrer også eit bryggjarhus. Dessutan er det ein gardshage med gamle bærsortar av rips, solbær og kirsebær, og element av tørrmurar i samband ved gamle veganlegg. Saman med historia om skysstrafikken i Vestre Slidre, Valdres og mellom aust og vest er dette tunet i ei særklasse.

Utfordringar

I dag er utfordringane å sikre økonomi for å restaurere ferdig hovudbygget, veganlegga i tørrmur og det gamle hageanlegget. Dersom ikkje dette blir teke vare på, vil tørrmurar skli heilt ut og bli fjerna, medan hageanlegget gror att. Restaurering av hovudbygget krev også fordyrande løysingar.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på hovudbygningen. Andre omsyn som bør takast, er:

- at veganlegg og murar blir restaurert
- at bygningen og tunet blir teke vare på og behold sitt særpreg

Bruk:

Garden er i dagleg bruk som bustad og gardstun, med dyr og maskiner og elles alt som dette fører med seg. Eigaren ynskjer på sikt å koma i gang med «Inn på tunet» for skuleungdom eller i samarbeid med barnevern, men dette lyt vente til hovudhuset er i betre stand.

Hovudmål: Restaurere tunet som heilskap, tilpassa dagens behov

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|---|----------------------------|--------|-----------------------------------|
| Nytte hovudbygningen som fullverdig bustad | Sikre busetting | Restaurering og oppussing | Eigar | Eigar Norsk kulturminnefond |
| Setje i stand steinmurar | Kartlegge tilstand og kostnader | Restaurere | Eigar | Eigar/SMIL, Norsk kulturminnefond |
| Ta vare på bryggjarhus | Kartlegge tilstand og kostnader | Restaurere/rive | Eigar | Eigar/ Norsk kulturminnefond |
| Tilbakeføre gardshage | Utarbeide skjøtselsplan | Restaurere og skjøtte | Eigar | SMIL |
| Ta vare på bu knytt til tunet | Setje i stand mur på austsida av bygget | Reparere | Eigar | Eigar |
| Få ein betre heilheit på tunet | Sikre leidningar | Grave ned straumleidningar | Eigar | Eigar |

Oppfølgingsansvar

Eigar

15 Rå gard 88/2

Brukshistorikk

Garden Rå er driven som fullgard med gard og støl. Sjølve gardstunet med alle bygningar vart freda i 1986. Gardstun og støl ligg i kulturminnesøk under id nr. 86376. Noverande eigar overtok garden i 1987. Rå er det første bruket i Noreg som er totalfreda. Per 2023 er alt ferdig restaurert og eigar har gjort mye sjølv.

Registreringar

Det er registrert gardstun og støl med til saman 15 bygningar. På garden: Buahus (102-20), kårstue (101-18), våningshus (102-14), stall og sauefjøs (102-15), låve og fjøs (102-17; langhus), grisehus (102-16), skåle og reiskapshus. Litt lenger nord ligg pumpehus med brynepumpe og eldhus (102-19). Eldhuset er truleg frå 1700-tallet og ble flyttet hit i ca. 1824 i forbindelse med utskillingen frå Ulvestad. Ovanfor tunet ligg ei lauvløe. Hovuddelen av bygningane er frå 1800-talet, men skåle og reiskapshus er datert 1900-talet og ikkje SEFRAK-registrert.

Garden har også freda stølshus med sel (106-62), fjøs (106-61), løe (106-60) og skåle. Bygningane på stølen er frå 1800-talet unntatt ein skåle frå 1930-talet. Stølen ligg på Kinnholt.

Til tunet høyrer eit lite hageanlegg med rips, rabarbra og kvann nedom sauelåven.



Figur 128. Delar av tunet sett frå aust.



Figur 129. Fjøs, stall og låve heng saman som eit langfjøs. Kårstua i framkant





Figur 130. Hovudhuset er nytt, men godt tilpassa tunet i plassering og byggjestil



Figur 131. Til venstre: restaurert lauvløe. Til høgre: stølen på Kinnholt

Objekt til kart

Gardstun og støl er freda. Rundt tuna er ei omsynssone.



RÅ (RAA) KINNHLT

Lagt inn av: Riksantikvaren

Figur 132. Gardstun med eigedom til venstre og støl med stølsjorde til høgre. Bygningar og andre kulturminne er merkt med trekant. Frå kulturminnesok.no

Prioritet

1

Grunngjeving for prioritering

Både gardstunet og stølen er vedtaksfreda og bør følgjast opp i samsvar med vedtaket om freding. Førebels restaurering er gjort nøysamt og tidsriktig, og tunet bærer preg av ein eigar med interesse, kunnskap og lidenskap for å halde det i orden.

Utfordringar

Freding er eit sterkt verkemiddel og gjev strenge reglar for inngrep for eigar. Det viktigaste for gardar og støljar er likevel at gard og støl blir drivne. Den viktigaste føresetnaden for dette er at det er forsvarleg økonomisk for eigar. Økonomi og lønsemd er derfor ein av dei viktigaste føresetnadene for at gards- og stølstuna i Rå blir tekne vare på.

Forslag til forvaltning

Ein bør årleg gjere opp status på bygningar. Eigaren kan søke RA og fylkeskommunen om midlar til vedlikehald om naudsynt. Areala bør slåast og/eller beitast.

Spesielle omsyn:

Bygningane skal takast vare på i opphavleg tilstand.

Bruk: Tidlegare gardsdrift med fordyrking, havre og potet. Nå fungerer det praktisk sett som eit museum. Eigar ynskjer å opne for besøk av interesserte grupper – i lærdomsaugneméd eller liknande.

Hovudmål: Ta vare på representativiteten i tun og bygningar

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|--|----------------------------|--------|---|
| Autentiske bygninger frå 1700–1800-talet | Tilstandsvurderingar og dokumentasjon og finansieringsplan | Fortløpande vedlikehald | Eigar | OFK/Innlandet Fylkeskommune/ Riksantikvar |
| Ta vare på opphavleg inntun med hage og gjerdeanlegg | Enkel landskaps-/skjøtsels- og finansieringsplan | Naudsynt skjøtsel og pleie | Eigar | OFK/Innlandet Fylkeskommune/ Riksantikvaren |

Oppfølgingsansvar

Eigar, Innlandet Fylkeskommune og Riksantikvaren

16 Lomen øvre og nørre

Brukshistorikk

Ved inngangen til Lomen stavkyrkje ligg to freda bygningar. Tuna ligg på kvar sin eigedom, 33/2 og 33/5, men til saman utgjer dei eitt tun. Hovudhuset på 33/5 er opphavleg hovudhus under garden Lomen øvre nørre. Det andre huset, 33/2, er ei fullverdig toetasjes stova i klassisk Valdres-stil. Areala kring husa er i drift med mjølkekyr i samdrift. Huset på Lomen øvre ligg heilt innåt kyrkjegardsvegen. Huset er hovudbygningen på garden og er framleis i bruk som bustad.



Figur 133. Gangvegen inn til Lomen stavkyrkje «Kyrkjegoto» går langs husa på Lomen

Registreringar

I samband med fredinga i 1924 vart dei to hovudhusa på 33/2 og 33/5 omtala slik: «Bebyggelsen paa gardens to bruk danner en sammenhengende malerisk husgruppe. Begge hovedbygninger er to-etages laftede tømmerbygninger med staaende panel og pilasteragtig utformede navkasser. Den nordre bygning (b. nr. 1) bestaar av to sammenbyggede hus, hvorav det nederste har en reisverkssval med skraatak midt paa gaardsfacaden; den søndre bygning (b. nr. 2) har en lignende sval paa den ene langsiden; bygningene er antagelig opført i 2. halvd. av 18. eller 1. halvd. av 19. aarh.» Formålet med fredinga er å ta vare på hovudbygningen på Lomen øvre nørre som eit bygnings- og kulturhistorisk viktig døme på ein svalgangsbygning i Valdres frå 1800-talet med verdifullt eksteriør og interiør. Dette gjeld hovudhuset på 33/5. Til tunet høyrer ein frodig og velstelt gardshage.

Stova på 33/2 held ope for publikum sumaren 2023 i stavkyrkjas opningstider, med sal av diverse handarbeid, kaffi og lappar. Eigaren ynskjer å få til å halde ope kommande sumrar.



Figur 134. Bygningane med delar av Lomen stavkyrkje til venstre i bilete.



Figur 135. Stova på 33/2.

Objekt til kart



Figur 136. Frå valdres.no



Figur 137. Bygningane sett saman med Lomen stavkyrkje.

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Dei kulturhistoriske verdiane ved bygningane er særleg knytt til alder og utforming. Bygningen på Lomen øvre nørre vitnar òg om klyngetunet som låg her tidlegare. I eksteriøret skal både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljar, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, oppretthaldast. Av særleg verdi er fasadekomposisjonen til bygningen, ein stor panel, lafta tømmerbygning i to etasjar med skifertekt tak og lukka svalgang på fasaden mot tunet. Dei enkle fasadane med klassisistiske detaljar og vindauge frå ulike epokar er òg verdifulle.

Utfordringar

Utfordringane som knyter seg til freda bygg, er å kunne kombinere bruk og vern, og å dekke kostnader til restaurering.

Forslag til forvaltning

Bygningane er freda ved bygningsfredingslova av 1920. Dei er i bra stand, og tunet er tent med å bli brukt. Forvaltninga bør skje i samsvar med eigarane sitt behov. Eigarane kan søkje støtte hjå fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningane, og at bygg og tun blir brukt.

Bruk: 33/5 er i bruk som feriebustad; her har det budd folk heile vegen og det er blant anna bad og innlagt vann. 33/2 har stått meir eller mindre tomt sidan 1940-talet, men har vært ope frå sumaren 2023 i Lomen stavkyrkjes opningstider, med blant anna sal av kaffi, lappar og husflid.

Tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|-----------------------|--|-----------------------------------|--------|--------------------------------|
| Ta vare på bygningane | Restaurerings- og bruksplan | Tiltak der det er naudsynt | Eigar | Fylkeskommune/ Riksantikvar |
| Tilgjenge | Marknadsføring og samkøying med stavkyrkja | Halde ope for publikum om sumaren | Eigar | Fylkeskommune/ Riksantikvar |

Oppfølgingsansvar

Eigar



Figur 138. Hovudhuset på 33/5 brukast som feriebusstad

17 Nørre Jarstad 47/1

Brukshistorikk

Jarstad er i dag to gardar som vart skilt frå eitt bruk. Gardane ligg i klyngetun. Det er berre den nørdeste garden, Nørre Jarstad, som er med her. På tunet står i dag tre av dei opphavlege bygningane.



Figur 139. Begge Jarstad-tuna kring 1950–60-talet

Fjøset var teke ned i 1997. Nørre Jarstad blir drive som gardsbruk med gras- og kjøttproduksjon, skogsdrift og utleige. Nokon av husa som står att, er restaurert og vedlikehaldne av eigaren med støtte frå Innlandet fylkeskommune og Norsk kulturminnefond. Stova vart restaurert i 1995. Her står det att ein del arbeid – grunnmuren må restaurerast, og stokkar i botnen må skiftast ut. Øvrebygningen vart berga med midlar frå Norsk kulturminnefond, SMIL-midlar og med materialar og eigeninnsats i 2016. Her står det att mykje arbeid. Områda rundt tunet er brukt til beiting og slått. Stova er brukt til utleigebustad.



Figur 140. Stova er restaurert og fungerer som utleigebustad

Registreringar

Eigedomsteigane til Jarstad 47/1 har 15 registrerte kulturminne som blant anna består av gravfelt, gravminne og kullframstillingsanlegg. På tunet på Nørre Jarstad er det fire bygningar: øvrebygningen (202-12), hovudbygningen (202-13), stabburet/loftet (202-14) og ei smie (202-16) som ligg litt unna tunet. Stabburet er frå 1715 eller tidlegare og freda ved kulturminnelova frå 1978. Fredingsvedtaket vart tinglyst i 1924. Eigaren har fått diplom frå Riksantikvaren for god restaurering av denne bygningen.

Det har vore ein gardshage som no er delvis øydelagt. Mastelinja som ligg inntil øvrebygningen/kårhuset, er skjemmande og kan vere til hinder for vedlikehaldsarbeid og restaurering. Dersom tunet skal bevarast, bør leidningane gravast ned. Eigar forteljar at leidningen kan liggje nedpå taket vinterstid.




Figur 141. Kårbustad. Mast og leidning ligg heilt inntil bygget



Figur 142. Øvrebygning/kårbustad sett nedanfrå (til venstre i bilete). På kårbustaden er det gjort strakstiltak på murar, tak og innvendig stabilisering. Ein god del vegetasjon er rydda.

Til garden høyrer ein støl med eit gammalt sel på Jaslangen. Stølen er ikkje med her, men kan sjåast i samanheng verdiskaping/næringsutvikling. Innanfor området ligg to gravhaugar. Berre den eine er registrert i Askeladden. Til tunet høyrer også segner og historier.



Figur 143. Frå Valdreskart.no. Tunet ligg innanfor eigedommen 47/1 til høgre. Kulturminne (R), freda (R) og verneverdige bygg (raud trekant) innanfor og i tilgrensande område. Det er ein gravhaug til som ikkje er registrert som ligg ovanfor smia.

I samband med freding av stabburet vart det skrive: ”Paa garden staar et tømret loft med svalgang med høit rækværk paa overetagens alle fire sider; de firkantede svalgangsstolper er smykket med enkle utskjæringer paa midtpartiet; med sine vel avveiede forhold virker bygningen i al sin enkelhet kraftig og karakterfuld.”



Figur 144. Stabburet på Nørre Jarstad er freda.

Føremålet med fredinga er å ta vare på loftet på Jarstad som eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme på eit loft med svalgang i Valdres med verdifullt eksteriør og interiør. Loftet er bygd omkring 1715 eller tidlegare. Dei kulturhistoriske verdiane ved loftet er særleg knytt til alder og utforming. I eksteriøret skal både hovudstrukturen i det


arkitektoniske uttrykket og detaljar, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindaug og dører, materialbruk og overflater, oppretthaldast.

Av særleg verdi kan nemnast byggemåten med utkraga svalgang rundt heile bygningen i andre etasje, med firkanta svalgangsstolpar med enkle utskjeringar og rekkverk, og inngangane på langveggen med labankdører med smidde låsar og hengsler. Vidare er føremålet å ta vare på rominndeling, konstruksjonar, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessante. Her kan vi nemne dei lafta tømmerveggene med verktøyspor som fortel om produksjonsprosessen, godt bevarte golv og himlingar. Fast inventar skal takast vare på som ein integrert del av interiøret (frå kulturminnesok.no).



Figur 145. Taktekking, utskifting av treverk, trapp og steinmurar på stabburet er restaurert.

Objekt til kart



Figur 146. Kartet syner avgrensinga med omsynssone rundt tunet med freda stabbur (lilla) og verneverdige bygningar innanfor, leidningsmaster (raude prikkar), restar av fjøsmur, bjørkeallé og gravhaugar. R-sirkel og R (ikkje registrert.)

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Grunngjevinga for å prioritere tunet er at det består av fleire godt bevarte bygningar frå 1600-talet og fram til byrjinga av 1900-talet. Loftet er ein av to bygningar i Valdres som har utvendig svalgang. Tunet ligg rett ved E16 og er lett synleg for reisande. Det er såleis viktig for det visuelle intrykket av bygda.

Utfordringar

Utfordringar knytt til bygningane er store. Omsynet til kost/nytteverdi frå eigaren er avgjerande. Det er ein føresetnad at tiltak blir finansiert av det offentlege. Eigaren kan bidra med noko eigeninnsats og materialar. Garden skal ha fritt handlingsrom til bruk, drift og utvikling av garden, så lenge dette ikkje går ut over fredningsgrunnlaget for loftet og hovudtrekka i dei andre bygningane. Kårhus og stova skal kunne tilpassast alle behov for bustad/bruk/aktivitet med tanke på dagens og framtidens behov og standardar. Eigaren vil sjølv legge føringar for korleis tunet skal nyttast, og av kven.

Forslag til forvaltning

Det trengst årleg ettersyn og vedlikehald. Eigaren må søkje støtte frå Riksantikvaren, Innlandet fylkeskommune og Norsk kulturminnefond. Det er utarbeidd tilstandsrapport med kostnadsoverslag for øvrebygning/kårhus. Det er ein føresetnad at tiltaka får betydeleg offentlege støtte for at dette skal kunne gjennomførast.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på gardstun med bygningar. Vidare er det viktig å legge til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling med utgangspunkt i historia på staden.

Bruk: Lager, museum, omvising, bustad, utleige. Beiting og slått inntil tunet. Tunet ligg i nærleiken av Slidre skule og lett tilgjengeleg for pedagogiske føremål. Eigaren har ein intensjon om å nytte tunet til pedagogiske føremål og handverksaktivitetar.

Hovudmål: Ta vare på gardstun med bygningar

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|--|--|---|--------------------------------|--|
| Ta vare på gardstunet | Vurdere tilstand og søkje støtte | Restaurering/vedlikehald | Eigar | Norsk kulturminnefond, Innlandet fylkeskommune, kommune og eigar |
| Tunet skal stå fram som heilskapleg og harmonisk | Hindre eksterne anlegg i å skade tunet eller redusere opplevinga av det. | Grave ned leidningar som er i konflikt med bygningsmasse og det visuelle. | Valdres Energi/Telenor | Valdres Energi/Telenor |
| Formidling/kunnskap | Legge til rette for gardsmuseum/næringsverksemd | Praktisk innretning, tilrettelegging og marknadsføring | Eigar | Innovasjon Norge, kommune |
| Redusere økonomisk belastning på eigar | Samordne støttetiltak | Bidra til finansiering | VNK/Valdres-musea Riksantikvar | RA/Innlandet fylkeskommune, kulturminnefondet |

Oppfølgingsansvar

Eigar



Figur 147. Frå kårstøga.

18 Sørre Berge (Bergji) 50/18

Sørre Berge er eit gardstun forma som eit langtun tett ved øvre vegen i Røn. Tunet ligg i eit elles relativt intakt kulturmiljø oppe i lia på nordsida av Slidrefjorden.

I temaheftet *Gamal byggeskikk i Vestre Slidre* som vart utarbeidd i samband med SEFRAK-registreringar i kommunane, er tunet på Sørre Berge omtala slik: «Eit fint plassert gardstun er Sørre Bergji. Dette er ein høgtliggjande gard og ligg i så bratt lende at den eine 'veggen' i tunet er danna av terrenget. Difor vert husa her liggjande meir på rekkje. Her er stova (201-11), eldhus (fjerna), loftsbu (201-12), fjøs (201-13), låve (201-14) og stall (201-15). Ei bu er også fjerna. Dei fleste husa er flytta frå Midtre Bergji kring 1870. Om lag 300 m frå garden ligg ei løe» (Dietrichson, Ragnhild 1996).

I heftet er husa omtala under gards- og bruksnr. 50/4. Tunet er seinare skilt frå og har fått gards- og bruksnr. 50/18.

Brukshistorikk

Sørre Berge er opphavleg eit småbruk på austsida i Vestre Slidre. Sørre Berge er første gong nemnt i skriftlege dokument på slutten av 1600-talet. Tunet var til 1867 ein del av eit klyngetun på Midtre Berge om lag 200 meter lenger nord, før det vart flytta dit det står i dag i. Garden vart driven fram til 1965 og fråflytta i 1988.

I dag er tunet skilt frå garden med om lag 5 daa til eigedomen rundt husa. Frå 2005 er bygningane sett i stand av nye eigarar med eigne midlar og støtte frå Norsk Kulturminnefond. Tunet blir nytta som fritidsbustad.



Figur 148. Tunet er forma som eit langtun

Registreringar

Tunet er eit vakkert langtun som i dag består av fem SEFRAK-registrerte bygningar: våningshus, stabbur, fjøs, låve og stall med stalltrev, grisehus og sauefjøs. I tillegg er det to tufter på tunet, ei tuft etter eldhus og ei etter bu for småfe.

Her er òg ein gamal bærhage. Det er registrert fleire sjeldne kulturplantar, mellom anna klinte, valmue og stor apotekarkatteost, gullkrage og pimpernell. Vegetasjonen er truleg endra dei seinare åra, og det bør takast ei ny oppdatert registrering og eventuelt utarbeidast ein skjøtselsplan for desse.

Til saman utgjer tunet eit av dei få intakte gardstuna frå slutten av 1800-talet (med unntak av to fjerna bygg) der også gardshage og noko av den opphavlege vegetasjonen kring husa framleis veks. Her er framleis spor etter gamal levemåte. I området rundt garden er det gjort fleire oldtidsfunn.

Bygningar med inventar og innreiingar

Eigarane har lagt særleg vekt på å ta vare på det opphavlege tunet. Restaurering av husa er gjort med varsemnd og respekt. Det er nytta gamal byggjetechnik og opphavlege materialar så langt råd er. Våningshuset har i dag funksjonell innreiing med innlagt vatn og toalett, men elles er mest mogleg bevart og innreidd slik det var før moderniseringa.

Grue og pipe er istandsett med leire og stein. Særs høge steinlaft og grunnmurar er intakte, og innreiing i fjøs og uthus er bevart. Våningshus og stall med stalltrev, grisehus og sauefjøs er sett i stand på eigarar sin kostnad. Det same gjeld forankringa av låven, som var i ferd med å gli ut i det bratte lendet. Dei siste fire åra er fjøs og låve sett i stand med bidrag frå Kulturminnefondet. Stabburet er førebels ikkje restaurert. I restaureringa er det lagt vekt på å bruke erfarne handverkarar med kunnskap om gamal byggeskikk i Valdres.

Eigarane har plan om å sette opp att eldhuset på den gamle tufta av gamle materialar. Foto av det opphavlege eldhuset finst. Dør, vindaug og inventar finst enno på garden.



Figur 149. Til venstre: fjøs med steinmur frå nedsida. Midten: fjøs frå oversida. Til høgre: fjøsinneiing.




Figur 150. Til venstre: våningshuset sett frå øst Til høgre: stova med langbord, hjørneskap og kristenteppe.

Objekt til kart



Figur 151. Det er fem bygningar og to hustuffer på tunet (alle med raud trekant). Grøne område er bær- og gardshage. Arealet utgjør om lag 5 daa. Avgrensinga følgjer eigedomsgrensa (raud linje)



Figur 152: Tunet sett ovenfrå i 2019 (Henta frå: vestreslidre.kommunegis.no, 2024)

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Tunet er eit framifrå døme på eit fullstendig langtun frå gamal tid. Særleg uthus av denne typen står i fare for å forsvinne. Dette er også eigaren svært merksam på, og han har til no gjort ein stor innsats for å ta vare på husa, heilskapen og spora av levemåte på Sørre Berge. Eigar har ønske og planar om vidare restaurering og tilbakeføring av tunet.

Utfordringar

Utfordringane knytt til dette tunet er mellom anna at det er kostnadskrevjande å halde fem verneverdige bygningar i si opphavlege form og stand for ein privat eigar. Andre utfordringar kan vere at framtidige eigarar ønskjer å bruke bygningane til andre formål, eller manglar tilstrekkeleg kunnskap, midlar eller engasjement til å ta vare på den autentiske konstruksjonen til bygningane.

Forslag til forvaltning

Det trengst årleg ettersyn og vedlikehald. Ved restaurering av bygningar vil eigar søkje støtte frå Norsk kulturminnefond. Vegetasjonen bør kartleggast på nytt, slik at eigaren har moglegheit til få utarbeidd skjøtselsplan for areala. Det har opphavleg vore to andre bygningar på tunet. Eigaren ynskjer å rekonstruere eldhus på den gamle tufta.

Spesielle omsyn:

- Unngå inngrep i bygningane som endrar autentisiteten deira
- Unngå nedbygging på og kring tunet
- Unngå sprøyting, kunstgjødsel og sår i vegetasjonsdekket

Bruk:

Som bustad/fritidsbustad med ordinært vedlikehald.

Hovudmål

Ta vare på den opphavlege heilskapen i eit unikt lang-tun.

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Aktuelle tiltak | Ansvar | Finansiering |
|----------------------------------|--|--|--|--|
| Ta vare på bygningane | Ettersyn og bruk | Vedlikehald | Eigar | Eigar |
| Ta vare på bygningane | Ettersyn og bruk | Restaurering | Eigar | Eigar/eventuelt støtte hos Norsk kulturminnefond |
| Ta vare på bærhage og vegetasjon | Dokumentere | Kartlegge status for vegetasjon og bærhage | Eigar/under føresetnad av ekstern rådgjeving | Under føresetnad av ekstern støtte |
| Ta vare på det opphavlege tunet | Rekonstruere mest mogleg av opphavleg heilskap og funksjon | Setje opp eldhus på opphavleg tuft | Eigar | Eigar |

Oppfølgingsansvar

Eigar

19 Sørre Magistad 89/2

Brukshistorikk

Magistad er fire gardar som ligg langs ein nord-sør-akse oppe i sørhellinga av Slidrefjorden. Området gardane ligg i, heiter Magistadåsen. Ifølgje eigaren er det feil både i matrikkelen og offentlege dokument når det gjeld namn og gards- og bruksnummer. Tunet som er valt ut her er tunet på Sørre Magistad 89/2. (I kommunalt kartverktøy er 89/1 Øvre Magistad og 89/2 Sørre Magistad blanda saman under éin matrikkel. Dette ynskjer eigaren naturleg nok at det blir rydda opp i.) Det prioriterte gardstunet ligg altså på Sørre Magistad 89/2. Tunet har vore eit sjølvstendig gardsbruk frå ca. 1850 til 1950. Frå 1950 til 2010 har husa stått tomt og husa var i svært dårleg stand. Husa ble restaurert av eigar i 2010.

Stabburet er frå 1700-talet og er den eldste bygningen. Det er flytta hit frå Øvre Magistad. Delar av låven er fallen saman og fjerna, medan hovudhuset/stova er fullrestaurert og fungerer som bustad.



Figur 153. Innkørsel til Sørre Magistad.

Registreringar

På tunet på 89/2 er det i alt fire bygningar frå 1700–1800-talet: bu (102-9), stova (102-10), driftsbygning (102-12) og innhus (102-13). (Tunet ligg feilaktig under 89/1 i heftet *Gamal byggeskikk i Vestre Slidre*.)



Figur 154. Tunet på Sørre Magistad sett ovanfrå i 2019 (Henta frå vestreslidre.kommunegis.no, 2024)

Halve låven er fallen saman og fjerna. Eigaren ynskjer å sette opp eit nytt bygg på murane, tilpassa den gamle byggeskikken.



Figur 155. Halve låven er rasa saman og fjerna av eigaren

Stabburet på Sørre Magistad er frå 1700-talet. Det stod opphavleg på Øvre Magistad. Huset er godt bevart.



Figur 156. Stabburet er frå 1700-talet

Kårhuset står i den opphavlege tilstanden. Huset har mykje røteskadar, men eigaren har lagt bølgeblekk på taket for å stoppe røteskadane.



Figur 157. Kårhuset på garden står i opphavleg tilstand, men har mykje røteskadar.

Eigaren sjølv har fullrestaurert stova/hovudhuset som brukast til privat bustad.



Figur 158. Stova er fullrestaurert og fungerer som bustad.

Objekt til kart



Figur 159. SEFRAK-registreringar markert med trekantar frå valdreskart.no (2024). Feilaktig gards- og bruksnummer, da tunet eigentleg tilhøyrar 89/2.

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Tunet er eit intakt tun med bygningar frå 1700–1800-talet. Hovudhuset er restaurert. Tun som berre har hus frå denne perioden har vorte sjeldne i Vestre Slidre. Endå meir sjeldsynt er det at gamle tun er fullverdig bustader tilpassa moderne behov. Den kontinuerlege bruken av tunet og bygningane har ein verdi i seg sjølv. Tunet ligg i eit elles relativt intakt kulturlandskap med fleire gardstun med eitt eller fleire gamle hus. Det freda gardstunet Rå ligg like nedanfor. Tunet si plassering i kulturlandskapet er også viktig for verdivurderinga. Gardstuna på Magistad ligg langs ein nord-sør-akse på tvers av kommunevegen. Tidlegare var det ein veg frå Slidre til Snorheim som gjekk igjennom tuna til Nørre-, Nedre-, Øvre- og Sørre Magistad – truleg kalla Magistadvegen. Både kulturelt og visuelt heng dei to tuna saman i landskapet. Det er også ein verdi at tunet blir nytta og kan gje eit godt døme på korleis tun med berre gamle bygg kan tilpassast dagens bruk.



Figur 160. Tuna på Sørre og Øvre Magistad sett saman; foto frå 2019 (Henta frå vestreslidre.kommunegis.no, 2024)

Utfordringar

Tunet er i bruk, og det er ein føresetnad at tunet blir nytta som bustad for at eigaren skal kunne ta vare på husa. Tilpassingar bør ikkje endre originale konstruksjonar. Om dette likevel må gjerast, er det viktig å tilpasse det til eksisterande byggeskikk. Samstundes bør endringar vere synlege slik at tilpassingane er med på å fortelje historia til bygga. Den viktigaste utfordringa er likevel at bruk som dette må forsvare dei økonomiske kostnadene med restaurering.

Forslag til forvaltning

Dagleg ettersyn og vedlikehald er viktig. Restaurering av kårstova trengst, og det er ynskjeleg å setje opp eit nytt bygg i tilpassa stil på murane til fjøset som er rasa saman.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningane. Bygningane skal nyttast som bustad med alle aktivitetar og behov som er knytt til ein moderne bustad. Endringar skal tilpassast best mogleg, men bør ikkje kamuflerast.

Bruk:

Bustad, leve- og aktivitetsområde. Eigaren ynskjer å oppgradera stover og kårhus til bustader for utleige. I den samanhengen bør det ryddast opp i matrikkelen, og tuna/bustadene bør få adresser som er tilpassa moderne brukarbehov. Videre er det ynskjeleg å endre vegnamnet til *Magistadvegen* eller liknande, slik at det ikkje skapar misforståing med Plassane jf. Plassavegen. Vegen som går frå Øvre Magistad til Sørre Magistad er ein del av den gamle vegen som gjekk gjennom alle dei fire Magistadgardene, truleg kalla Magistadvegen.

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|---|--|---|---------------------------------------|---|
| Ta vare på gardstunet | Vurdere tilstand og søkje støtte | Restaurering/ vedlikehald | Eigar | Norsk kulturminnefond/ eigar |
| Tunet skal framstå som heilskapleg og harmonisk | God planlegging | Tilpassa inngrep | Eigar | Eigar, kommune (SMIL), Norsk kulturminnefond |
| Redusere økonomisk belastning på eigar | Samordne støttetiltak | Bidra med rettleiing og søknadshjelp | VNK/ Valdresmusea /Riksantikvar | Riksantikvar/ Innlandet fylkeskommune/ Norsk kulturminnefond |
| Korrigere opplysningar | Korrekt gards- og bruksnummer til Sørre Magistad | Endre gards- og bruksnummer i matrikkelen | Eigar/ kommune | Eigar/ kommune |
| Spesifikke adresser for post og GPS | Finne historie knytt <i>Magistadvegen</i> | Sjå på moglegheit for vegnamnsendring | Eigar/ kommune | Eigar/ kommune |

Oppfølgingsansvar

Eigar

20 Fystro stavkyrkjeruin

Ei stavkyrkjetuft er registrert ved Fystro ovanfor Røn og på nordsida av Ferisfjorden. Tufta vart funnen og påvist av grunneigaren.

Brukshistorikk

Eldste omtale av ei kyrkje på Fystro (gnr. 82) er frå rundt 1620 (Fyrrestraa kiercke, St.S. 159). Prest er nemnd fyrste gong i 1308 (sira Þorsteins prest j Firstra, DN IV:77). Kyrkjestadgarden (82, 83) Fystro, prestebollet (84) Tuv og kyrkjestadgarden (85, 86) Røn er nabogardar på austsida av Ferisfjorden sør for Slidrefjorden. Når presten Halvard i 1344 (DN VIII:152) skriv seg til Tuv (Haluarder prester j Þuf), og ikkje til Røn eller "Fyrstrå", og når brevet er skriva på Tuv (j preststofuonne j Þuf), er det grunnlag for å vurdere om det ikkje også var kyrkje på Tuv på denne tida. Kyrkje på tre nabogardar var ikkje vanleg i mellomalderen, men er mogleg. I og med at vi ikkje kjenner til at det skal ha stått ei kyrkje på Tuv, er ei meir sannsynleg forklaring at Tuv kan vere utskilt frå Røn og har vorte sete for presten ved Røn kyrkje (kulturminnesok.no).

Kyrkjetufta er bevart, men området er i dei siste par hundre år nytta som deponeringsstad for åkerstein. Kyrkja stod til forfalls og vart riven i 1747 eller 1748, og materialar frå denne kyrkja skal ha vore nytta då dei bygde ny kyrkje på Røn same år (kulturminnesok.no).

I 2018 var det 270 år sidan kyrkja vart teken ned, som ble markert med jubileum på staden, og sannsynlegvis den fyrste gudstenesta på 270 år (kirken.no). Området rundt tomte blir nytta til landbruksareal. Det er rydda rundt tufta i seinare tid.



Figur 161. Tomte sett frå nord-aust. Foto: Katharina Sparstad

Registreringar

Tufta vart påvist av grunneigaren på gnr. 82/6. Ho markerte seg i første rekke i form av to større og fleire mindre steinrøyser. Den sørlegaste av størrøysene ligg ifølgje grunneigaren ved det gamle inngangspartiet til kyrkja. Den nordlegaste røysa ligg på ei kvadratisk opphøgd flate som er ca. 9 m lang og 5 m brei. Det sørlege hjørnet av tufta er markert av to mindre røyser.




Figur 162. Tomta før krattryddinga. Nærmaste hjørne er koret, hjørnet til venstre er skipet i kyrkja.



Figur 163. Tufta etter rydding av tre i 2016. Nærmast er hjørnet i koret. Hogstmaskinen har velta to store steinar ut av muren. Til venstre litt bak skimtar vi hjørnet av skipet i kyrkja.

Objekt til kart



Figur 164. Tufta ligg i det lilla området. Det lilla området syner omsynssona kring tufta, medan raudt område er sjølve tufta.

Prioritet

2

Grunngjeving for prioritering

Tomta er automatisk freda og viktig for å forstå kyrkje- og mellomalderhistoria i Valdres.

Utfordringar

Det freda området ligg på privat grunn. Alle tiltak som inkluderer tufta med omsynssone, krev avklaring med forvaltningsmyndigheitene (Riksantikvaren). Fredingsstatusen til tufta krev at eigaren må ta spesielle omsyn og avklare eventuell bruk med Riksantikvaren, og det kan føre til utfordringar.

Forslag til forvaltning

Årleg ettersyn og vedlikehald trengst. Eigaren kan søkje støtte frå Riksantikvaren og Innlandet fylkeskommune.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på tufta. Andre omsyn som bør takast, er:

- Tufta bør ligge tilgjengeleg for publikum.
- Området rundt tufta skal nyttast til landbruksformål.
- Tufta bør ligge fritt for å gje rett oppleving av kyrkjetufta i landskapet.

Bruk: Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd arrangerer ei årleg utandørs gudsteneste på Fystro-tufta. Tufta bør også kunne nyttast som besøksmål og til pedagogisk verksemd/undervisning.

Hovudmål: Ta vare på tufta

Aktuelle tiltak

| Mål | Strategi | Tiltak | Ansvar | Finansiering |
|------------------------|--|---|---------------|--------------------------|
| Ta vare på tufta | Funksjonelle avtaler mellom myndigheter og eigar | Oppfølging av status (legge på plass utrasa stein) | Riksantikvar | Riksantikvar |
| Tilgjenge for publikum | Skilt og informasjon | Søke løyve til sti og skilting Søke støtte til tavler og skilt | Kommune | Kommune/ Riksantikvar |
| Tilgjenge | Vedlikehald | Skjøtsel av vegetasjon | Kommune | Kommune |

Oppfølgingsansvar

Riksantikvaren

DEL 5 OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID

Oppfølgingsområde

Ut over dei kulturminna som er definert i denne planen, er det fleire tema og minne som det bør arbeidast vidare med når det er kapasitet eller planen skal reviderast på ny.

Handelsstader

Det var eit ynske å lokalisere dei historiske og nye handelsstadene.

Industristader

I denne planen er berre Fossheim og Holdalsfoss take med som industristad. På Hovsfjorden mot Øystre Slidre har det også vore industriverksemd i byrjinga av 1900-talet. Her var mellom anna båtmotorfabrikk, mølle, tørke, produksjon av innleggssolar og brynjer, felemakeri, sag-anlegg, snikkarverkstad og kraftverk.

Bygningsmiljø

- Hausåkerhaugen, gravminne
- Ringestadtunet
- Hjelle – brukt som utgangspunkt for motiv av fleire kjende målarar på 1800–1900-talet, m.a. J.C. Dahl.
- Paviljongen ved Fossheim hotell med spesiell dekorasjon

Stavkyrkjetufter

Det er eit mål å gje informasjon og gjere tuftane etter alle fjerna stavkyrkjer tilgjengelege.

DEL 6 LOVVERK OG VERKEMIDLAR

Lovverk

Innanfor kulturminneforvaltinga gjeld fleire ulike lovverk.

Kulturminnelova

Kulturminnelova har ein klår definisjon av kulturminne:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» (Kulturminnelova av 9. juni 1978, § 2).

Kulturminnelova omhandlar dei konkrete, fysiske kulturminna som kan sjåast og takast på, og ikkje kulturminne som song, dans og tradisjon.

Automatisk freding

Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Ein har meldeplikt dersom ein skal endre bygningar frå før 1850. Før-reformatoriske minne blir også kalla fornminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet, så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringszone på 5 m.

Vedtaksfreding

Av og til er det naudsynt å frede kulturminne som ikkje er automatisk freda, det vil seie frå nyare tid. Det kan vere bygningar eller andre kulturminne som har spesiell verdi. Desse blir freda med enkeltvedtak, jf. § 15 i kulturminnelova.

Innleveringsplikt

Dersom du gjer eit laust funn som er frå før 1537, er det innleveringsplikt. Det er fordi det dessverre syner seg at slike minne forsvinn frå oppbevaringsstaden etter ei tid. Og med gjenstanden forsvinn eit stykke av vår felles historie. Difor blir alle slike gjenstandar oppbevart i museum eller oldsaksamlingar. Der blir funna arkivert etter gardsnamn, og alle funn får eit arkivnummer. Arkivet er tilgjengeleg på Internett <http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html>.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova regulerer kva inngrep som kan gjerast i samanheng med utbygging, og korleis plantiltak skal utførast. Lova er basert på spegelvendingsprinsippet. Det betyr at inngrep som ikkje står omtala i lova, ikkje er tillatne. Hovudmålsetjinga er å gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar eller om utbygging. Lova skal vere grunnlag for den totale planlegginga og omhandlar tre plantypar:

1. Fylkesplan

Fylkesplanen skal utarbeidast i kvart fylke og gje oversikt over natur- og kulturressursane. Fylkesplanen er retningsgjevande, men ikkje rettsleg bindande.

2. Kommuneplan

I gjeldande plan- og bygningslov vil det seie at kulturminnet eller miljøet blir regulert til omsynssone C (erstattar regulering til spesialområde bevaring i tidlegare plan- og bygningslov). Vern gjennom reguleringsplanen er kommunens fremste moglegheit til å beskytte verneverdige kulturminne og miljø. Kva for omsyn som skal takast, skal definerast i kvart høve.

3. Reguleringsplan

Kommuneplanen er ein oversiktsplan over planlagde tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen er rettsleg bindande og viktig i forvaltningssamanheng. Bandlegging gjennom kommuneplanen har rettsleg verknad i fire år.

Reguleringsplan skal utarbeidast der det er påkravd i arealdelen. Område kan også regulerast til omsynssone i reguleringsplanar. Det inneber ei mildare form for vern enn alternativa i kulturminnelova, men i reguleringsplanar kan det vere krav om utgravingar. Avgjerslene til planutvalet har på den måten stor innverknad på kulturminneforvaltninga i kommunen (plan- og bygningslova 1985).

Skogbrukslova

Eit siktemål i skogbrukslova er at det blir teke vare på miljøverdiar, slik som kulturminna. På dette viset kan også kulturminne frå nyare tid få større merksemd.

Listeføring

Listeført kyrkje

Kyrkjer som er bygd før 1537 og erklært ståande kyrkjer frå 1537–1650, er automatisk freda. I tillegg er eit fåtal kyrkjer vedtaksfreda. Alle dei rundt 300 kyrkjene som er oppført mellom 1650 og 1850, blir betrakta som verneverdige og er derfor listeført. Listeført er også ei rekke verneverdige kyrkjer som er bygd etter 1850. Det er utarbeidd eit eige rundskriv (T-3/2000) som fastset forvaltnings- og sakshandsamingsrutinar for tilhøvet mellom kyrkjeleg myndigheit og Riksantikvaren når det gjeld dei listeførte kyrkjene. Riksantikvaren skal uttale seg før det blir fatta vedtak som inneber inngrep i / endringar av listeførte kyrkjer.

Statleg listeført

I denne kategorien er det bygningar og anlegg som er gjevne verneklasse 2 i det landsomfattande prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Desse kulturminna er vurdert til ikkje å ha nasjonal verdi, og ved sal blir det anbefalt at dei blir regulert til omsynssone.

Lokalt listeført

Denne nemninga blir brukt om bygningar, miljø og andre kulturminne som lokal vernemyndigheit (byantikvarane/kommunane) vurderer som verneverdige, sjølv om det ikkje er fatta eit formelt vernevedtak.

Omgrep

I kulturminneforvaltninga blir det nytta ulike omgrep:

Freda kulturminne. Freding er den strengaste forma for vern. Freding inneber at inngrep/endingar på kulturminnet som går utover vanleg vedlikehald, må godkjennast av myndigheitene. Dette kan vere både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Automatisk freda kulturminne. Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Desse blir også kalla *fornminne*, men blir her berre omtala som automatisk freda kulturminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringsone på 5 meter.

Vedtaksfreda kulturminne. Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for kvart enkelt kulturminne.

Verna kulturminne. Eit verna kulturminne kan vere verna med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel (kjelde: www.riksantikvaren.no).

Verneverdig/bevaringsverdig kulturminne. Verneverdig og bevaringsverdig tyder det same. Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova (kjelde: www.riksantikvaren.no).

Omsynssone bevaring. Dette er ei moglegheit i plan- og bygningslova til å verne objekt og område som har lokal og regional kulturminneverdi. Overordna avgjersler om bevaring i kommunane si arealplanlegging kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c) og § 11-9 nummer 7. Føresegner om omsynssone bevaring i reguleringsplanar kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Ei omsynssone kan også regulere interiør og materialbruk.

Arkeologisk kulturminne. Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølve, vår samtid og andre menneske og kulturar.

Nyare tids kulturminne. «Kulturminne frå nyare tid» inkluderer i utgangspunktet alt som ikkje er automatisk freda i medhald av *lov om kulturminner* fram til i dag. I Valdres er dette i praksis ståande bygningar, leivningar og stader knytt til tru/tradisjon som er yngre enn reformasjonen (yngre enn 1537). Dei fleste minna som er registrert i samband med stølsregistreringane, er frå nyare tid.

Kulturmiljø. Dette er område der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturlandskapselement frå nyare tid. Dette er leivningar som ikkje er automatisk freda, i hovudsak leivningar knytt til jordbruk og seterdrift, slik som rydningsrøyser, steingjerde, fossile åkrar, hustufter, vegfar osb.

Leivningar. Med *leivning* meiner vi fysiske spor som rest av noko som har eksistert. Eit ståande hus er ein bygning, men tufta etter bygningen er ein leivning.



Figur 165. Foto: Else Rønnevig

Tilskotordningar

Nedanfor er det sett opp nokre døme på kva det kan søkjast tilskot til, og kvar ein kan søkje. Mange av ordningane kan ha årvisse endringar. Merk at ordningane kan endrast, og at vi her berre har presentert nokre av dei viktigaste i 2017. Fleire av Valdres-kommunane abonnerer på <http://www.tilskuddsportalen.no> der du kan søkje deg fram til aktuelle ordningar.

Statlege tilskotordningar

Nedanfor er det vist til dei viktigaste støtteordningane på statleg nivå. For meir info sjå regjeringas Rundskriv Nr: T-1/16 (for 2017).

Norsk kulturminnefond

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota er delt inn i:

- istandsetjing, med søknadsfrist 1. november
- strakstiltak (tiltak mellom kr 10 000 og 50 000); støtta går til å hindre vidare forfall før seinare istandsetjing.

Riksantikvaren

Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkje om tilskot til tiltak som for eksempel istandsetjing, sikring og skjøtsel. Her finn du informasjon om kva du kan søkje om tilskot til, målgrupper og korleis du kan gå fram for å søkje.

Det kan gjevast tilskot til tiltak innanfor:

- [arkeologiske kulturminne](#)
- [brannsikring av tette trehusmiljø](#)
- [bygningar, ruinar og anlegg frå mellomalderen \(før 1537\)](#)
- [bygningar og anlegg etter 1537](#)
- [fartøy](#)
- [fartøyvernsentera](#)
- [konservering av fast inventar](#)
- [konservering av kyrkjekunst](#)
- [kulturmiljø og kulturlandskap](#)
- [samiske kulturminne og kulturmiljø](#)
- [tekniske og industrielle kulturminne](#)
- [verdiskaping](#)
- [verdsarv](#)

Klima- og miljødirektoratet

Det har vore mogleg å søkje tilskot til truga naturtypar og utvalde naturtypar. Dette gjeld både undersøkingar, utarbeiding av skjøtelsplanar og tiltak i naturtypar. Slåttemark (natureng) og slåttemyr fell innanfor denne ordninga.

Regionale tilskotsordningar

Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har tilskot som kan nyttast til kulturminne. Ordningane hos Fylkesmannen gjeld spesielt kulturlandskap og biologisk mangfald, medan fylkeskommunen gjev støtte til freda bygg.

Innlandet fylkeskommune

Kulturarv-avdelinga i Innlandet fylkeskommune gjev tilskot til freda bygningar i privat eige. Tilskota er delt inn i:

- forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand (ingen søknadsfrist)
- istandsetjing (søknadsfrist 1. november)
- strakstiltak/sikring (ingen søknadsfrist)

Fylkesmannen

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen administrerer tilskot gjennom RMP (Regional miljøprogram). I Innlandet inkluderer det tilskot til seterdrift, beiting og slått på areal med miljøverdi.

Kommunale tilskotsordningar

Alle kommunar har ei eller fleire tilskotsordningar som inkluderer kulturminne.

SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)

Kommunane har gjennom si eiga SMIL-ordning moglegheit til å gje støtte til verneverdige bygningar. Føremålet med SMIL-midlane er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere forureininga frå jordbruket utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift.

Frå Landbruksdirektoratet: «Tilskudd kan gis til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.»

Private tilskotsordningar

Det finst ei rekke private tilskotsordningar og legat. Nokre er lista opp her. På neste side finn du link til fleire. Meir finn du også på <http://www.tilskuddsportalen.no>

Sparebankstiftelsen DnB

Stiftinga gjev støtte innanfor det geografiske virkeområdet sitt. I 2017 gjev ho tilskot til tiltak som aukar forståinga for å ta vare på kulturminne, aukar interessa for historie og bidreg til å ta vare på handverkstradisjonar. Prioriteringane endrar seg over periodar.

UNI-stiftinga

Stiftinga UNI er ei allmenntilleg stifting som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Stiftinga sine vedtekter seier det slik: «Stiftelsen UNI er en stiftelse med ideelt formål å fremme allmenntilleg virksomhet innen skade- og miljøvern, for dermed å bidra til en trygg utvikling i det norske samfunnet. Stiftelsens bidrag skal i første rekke være økonomisk støtte til prosjekter og påskjønnelse til institusjoner og enkeltpersoner.» Søknadane blir behandla på styremøte seks gonger i året.

Norsk kulturarv

Norsk kulturarv administrerer ordningane «Ta eit tak» og «Rydd eit kulturminne». «Ta eit tak»-ordninga er finansiert av UNI-stiftinga.

Legat og andre private tilskot

Sjå <http://kulturminnefondet.no/wp-content/uploads/2016/06/4.4-Private-stiftelser-og-fond-ny.pdf>

Referansar

Bosheim, O. (2010). Ljøsnadalen – stølsveg og saltveg. Upublisert.

Den Norske Kyrkja. (2019, mai 14). Hentet fra Fystro stavkyrkjeruin er kome fram i dagen: <https://www.kirken.no/nn-NO/fellesrad/vestre-slidre/om-oss/kyrkjene-i-vestre-slidre/fystro-stavkyrkjeruin/>

Dietrichson, R. (1996). *Gamal byggjeskikk Vestre Slidre*. Valdres: Valdres folkemuseum og Vestre Slidre kommune.

Dybdahl, A. (2024, April 13). *Seter*. Hentet fra Store norske leksikon: <https://snl.no/seter>

Enzenberger, T. (2018). *Gardbergfeltet i Vestre Slidre. Vegetasjonsanalyse og skjøtselsanbefaling*. Vang: Oppland fylkeskommune.

Gjerde, H. S. (2011). *Rapport Arkeologisk utgraving – Gammetufter, smie, kokegroper*. Oslo: Kulturhistorisk museum, UiO, Fornminneseksjonen.

Hvattum, H. (1993). *På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet*. Fagernes: Valdres forlag.

Hvattum, H. (2001). *Valdres Folkemuseum 1901–2001*. Fagernes: Valdres Folkemuseum.

Høitomt, G. (2019). *Stølsvidda. Ornitologisk rapport 2019*. Kistefos Skogtjenester AS.

Ilkjær, J. (2001). *Den første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid*. Tønsberg: Kulturhistorisk forlag.

Innlandet fylkesarkiv. (2022). *Skysstrafikk i Valdres*. Hentet fra Innlandet fylkesarkiv IKA Opplandene: <https://www.visarkiv.no/nettutstillinger/samferdsel-i-oppland/hester/skysstrafikk-i-valdres/>

Jahnsen, J. B. (1977). *Mo kyrkjeruin*. Fagernes: Fagernes trykk og reklame as.

Jahnsen, J. B. (2008). *Middelalderkirker i Valdres*. Oslo: Andresen & Butenschøn.

Jahnsen, J. B. (2010, november). Mo kyrkjeruin (Riksantikvarens ruinprosjekt) (faktaark). *Mo kyrkjeruin*. Riksantikvaren.

Kaliski, S. (2023, juni 20). *Oppland har 18 av Norges viktigste kulturhistoriske landskap*. Hentet fra Innlandet fylkeskommune: <https://innlandetfylke.no/tjenester/kulturarv/nyheter-kulturarv/oppland-har-18-av-norges-viktigste-kulturhistoriske-landskap.45669.aspx>

Kyvik, G. (2006). *Minne om fortida: fortidsminne i Vestre Slidre*. Vestre Slidre: Vestre Slidre kommune.

Landbruksdirektoratet. (2023). *Forslag til satsing for fortsatt seterdrift*. Oslo/Alta/Steinkjer: Landbruksdirektoratet.

Oppland, F. i. (2017). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Utkast til forvaltningsplan for Stølsvidda*. Fylkesmannen i Oppland.

Ramstad, M. (2010). Vikingtidsplassen Bjørkum - Utgraving og formidling. *Årbok for Bergen museum*, ss. 56–67.

Rolandsgard, F. (2023). *Valdres i vikingtid og mellomalder*. Valdres: Da måta.

Skavhaug, I. (2015). *Mo Kyrkjeruin. Landskapsplan, 2013*. Vang: Landskapsarkitekt MNLA Ingrid Skavhaug.

Stølsruta. (2023, oktober 10). Hentet fra lokalhistoriewiki.no:
<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/St%C3%B8lsruta>

Thorstensen, C. (2010). Milesteiner fra 1687. *Årbok for norsk vegmuseum*, ss. 101–110.



VALDRES
skjerper sansane